

Kristine Berg

## Barnet sin medverknad i barnets beste-vurderingar.

Ein kvalitativ dokumentasjonsanalyse av korleis barnet si stemme vert vekta i fylkesnemnda sine barnets beste-vurderingar i saker om omsorgsovertaking.

Masteroppgåve i Barnevern  
Rettleiar: Elizabeth Langsrud  
Mai 2023



Kristine Berg

## **Barnet sin medverknad i barnets beste-vurderingar.**

Ein kvalitativ dokumentasjonsanalyse av korleis barnet si stemme vert vekta i fylkesnemnda sine barnets beste-vurderingar i sakar om omsorgsovertaking.

Masteroppgåve i Barnevern  
Rettleiar: Elizabeth Langsrud  
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Institutt for sosialt arbeid



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd



*De har ikke sagt noe om hva jeg kan være med å bestemme eller mene noe om. Så jeg har ikke sagt noen ting egentlig. Har ikke visst at jeg kunne det.*

Forandringsfabrikken, 2021, s.42.

## Samandrag

I denne masteroppgåva har eg undersøkt korleis barnet si stemme vert inkludert i fylkesnemnda si vurdering av barnets beste, med problemstillinga; *Korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er barnets beste i saker om omsorgsovertakingar?* Studien er gjennomført ved å nytte fylkesnemnda sine vedtak i saker om omsorgsovertaking frå perioden januar 2021 til oktober 2022, i aldersgruppa 12-14 år. Utvalet inkluderer 14 vedtak, og er henta frå Lovdata-PRO. Metoden for oppgåva er ei kvalitativ dokumentasjonsanalyse.

Det har dei siste 15 åra vore eit auka fokus på barns rettigheter, med eit søkjelys retta mot barnet sin rett til å delta og fortelje sine synspunkt i saker som omhandlar dei. Ein tanke med studien var difor å forsøke å løfte fram dette fokuset, og sjå om barnet sine meiningar faktisk vert inkludert i vurderinga i tilstrekkeleg grad. Min vitskapelege ståstad har vert prega av eit kritisk blikk, med fokus på om samfunnsmessige institusjonar er gode nok. Forskingsspørsmåla, analysen og diskusjonen er delt inn i tre delar; *barnets beste*, *barnet si stemme* og *om barnet*. Vurderinga av barnets beste og barnet sine meiningar er i hovudfokus, og områda er analysert separert for å tydeleggjere om det er ein samanheng. Delen om barnet visar til nemnda sine skildringar av barnet, og om dette har ein påverknad på barnets medverknad. Diskusjonen vert underbyggja av kunnskap og forskning på feltet, samstundes som eg har nytta sosialkonstruksjonisme og Foucault sin maktteori for å forklare nokre fenomen.

Mitt viktigaste funn var at barnets beste-vurderinga ikkje er noko som skjer direkte, men heller fungerer som ein diskusjon der nemnda løftar fram ulike moment for å slutte eit vedtak. Barnets stemme tar lite del i denne diskusjonen. I sakene vert barnet si stemme i ulik grad dokumentert, og nemnda fortel i dei fleste høver om stemma er tillagt vekt eller ikkje. Det som likevel er manglande er barnet si stemme som posisjon i diskusjonen. Nemnda vektar i større grad andre element som foreldre sin omsorgskompetanse og barnets omsorgsbehov, og dette resultatet kan bli underbyggja i mine resultat, lovverket og andre forskingsprosjekt. Det opplevast av vedtaka som at det ikkje er god nok kvalitet i korleis barnet si stemme blir brukt i nemnda sine diskusjonar. For som nemnt er det denne diskusjonen som fører til ei vurdering av barnets beste.

## Abstract

In this master thesis I have researched how a child's voice has been accounted for in the county boards evaluation of what is the child's best interest, with the issue; *Does a child's voice carry weight in the County Board's assessments of what is in the best interests of the child in cases of custody takeover?* This study is made by using the County Board's decisions in cases of custody takeovers from the period of 2021-2022, with the age group being 12-14 years old. This includes 14 articles of associations and are retrieved from Lovdata-PRO.

Over the past 15 years, there has been an increased focus on children's rights, including the child's right to participate and express their views in matters that concern them. The purpose of this study was to shed light on this focus and to examine whether the child's opinions are included to a sufficient extent in the assessment. My scientific standpoint has been influenced by a critical perspective, focusing on whether societal institutions are good enough. The research question, analysis, and discussion are divided into three parts: *the child's best interest*, *children's voice*, and *about the child*. The assessment of the best interest of the child and the child's opinions are the focus, and the areas are analysed separately to clarify if there is a connection. The section about the child refers to the Board's descriptions of the child, and whether this has an impact on the child's participation. This discussion is supported by knowledge and research in the field, while I have also used social constructionism and Foucault's theory of power to explain some phenomena.

My most important finding was that the evaluation of the best interest of the child do not occur directly, but rather function as a discussion where the Boards raise various elements to reach a decision. The child's voice plays a small part in this process. In the cases, the child's voice was documented to a varying degree, and the Board usually informs whether it has been given weight or not. However, what is missing is the child's voice as a position in the discussion, where the board weighs other elements such as parental competence and the child's care needs, and this result is supported by my findings, legislation, and other research projects. The analysis shows that the child's voice is included in the resolutions but is less often highlighted as a point of discussion when assessing the child's best interests. Because as mentioned, it is the discussion that leads to an assessment of the best interest for the child.

## Forord

Masterstudiet i barnevern og skriving av masteroppgåva har vore både ein lærerik og krevjande prosess. Eg har vore heldig som har kunne tatt eit djupdykk i eit område som interesserer meg veldig. Det er og eit område som eg trur vil utvikle seg til å bli endå viktigare i både statlege og kommunale prosessar i framtida, nemleg vurdering av barnet beste og retten til å bli høyrte. I utarbeiding av masteroppgåva har eg fått god støtte og rettleiing av fleire rundt meg. Støtta har og vore viktig hjelp i periodar som har vore utfordrande i arbeidet med oppgåva, og til å gje meg motivasjon og tru på egne vurderingar i prosessen. Eg ønskjer derfor å rette ei stor takk til alle som har bidratt og hjelpt meg med masteroppgåva.

Tusen takk til min rettleiar Elizabeth Langsrud for rettleiing gjennom heile prosessen, for gode samtalar og refleksjonar. Du sit med utruleg mykje kunnskap på feltet, og har gitt meg mange nyttige refleksjonar og tankar som har vore til stor hjelp.

Tusen takk til alle mine medstudentar. Sjølv om vi skriv oppgåvene våre aleine, har vi likevel stått saman i prosessen. Vi har delt oppturar og nedturar med kvarandre, og det har vore trygt og godt å delta i eit motiverande, inkluderande og sosialt læringsfellesskap.

Tusen takk til min kjærast Steffen. Di støtte og nærvær er heilt ubetydeleg. Du har bygd meg opp, fått meg til å stole på meg sjølv og slappe av i ei svært hektisk periode.

Tusen takk til min tante Monica. For hjelp med rettleiing og revidering av oppgåva, samt lange telefonsamtalar som både har vore støttande, reflekterande og motiverande. Det er alltid godt å få ditt perspektiv.

Og tusen takk til min Mamma, Linda. Du har alltid vore med mi side gjennom heile studieprosessen, sett mi utvikling og sett det arbeidet eg legg ned. Eg veit du er stolt, men eg hadde ikkje klart det utan din støtte og motivasjon. «*Du får til alt om du vil*», som du pleier å seie.

Trondheim, 2023

Kristine Berg



## Innholdsliste

<b>KAPITTEL 1: INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
1.1.0 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA.....	1
1.2.0 PROBLEMSTILLING .....	2
1.2.1 Delspørsmål.....	2
1.3.0 AVGRENSING.....	3
1.4.0 OMGREPSAVKLARING .....	4
1.5.0 OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	5
<b>KAPITTEL 2: LOVVERK OG INSTANSAR.....</b>	<b>7</b>
2.1.0 BARNETS BESTE .....	7
2.2.0 BARNETS RETT TIL Å BLI HØYRD OG MEDVERKE.....	10
2.3.0 OMSORGSOVERTAKING:.....	12
2.2.1 Barnevernlova § 4-12:.....	12
2.3.0 FYLKESNEMNDA SOM ORGAN.....	15
2.3.1 Fylkesnemndas krav til grunngjeving i vedtak: .....	15
2.3.2 Barnets talsperson.....	16
<b>KAPITTEL 3: KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>17</b>
3.1.0 BARNETS BESTE OG SYNET PÅ BARN .....	17
3.1.1 Korleis kan ein forstå barnets beste? .....	17
3.1.2 Perspektiv på barn.....	19
3.1.3 Forsking på omgrepet barnets beste.....	21
3.1.4 Diskursen om eit «riktig» familiebilete.....	22
3.2.0 BARNETS STEMME OG MEDVERKNAD .....	23
3.2.1 Barnets medverknad i barnevernet.....	23
3.2.3 Barnets medverknad i barnevern- og helsenemnda.....	24

3.2.5 Barnets stemme det beste for barnet – alltid? .....	25
3.3.0 HØYRING AV BARN I FYLKESNEMNDA .....	26
<b>KAPITTEL 4: TEORI .....</b>	<b>28</b>
4.1.0 SOSIALKONSTRUKSJONISME .....	28
4.2.0 MAKTTEORI .....	29
<b>KAPITTEL 5: METODE.....</b>	<b>31</b>
5.1.0 VITSKAPLEG STÅSTAD.....	31
5.2.0 DOKUMENTASJONSANALYSE.....	32
5.3.0 INNHENTINGA AV DATAMATERIALE: .....	34
5.3.0 ETISKE REFLEKSJONAR.....	38
5.4.0 RELIABILITET OG VALIDITET .....	39
<b>KAPITTEL 6: PRESENTASJON AV FUNN.....</b>	<b>41</b>
6.1.0 OPPBYGGING AV VEDTAKA: .....	42
6.2.0 RESULTAT AV BARNETS BESTE.....	43
6.2.1 Korleis vert barnets beste vurdert? .....	44
6.2.2. Kva vert vekta i vurderinga? .....	46
6.3.0 RESULTAT AV BARNETS STEMME .....	51
6.3.1 Kva har barnet sagt i si sak? .....	51
6.3.2 Ein analyse av kva barnet har sagt i alle vedtaka: .....	57
6.3.3 Følger nemnda barnets uttalte ynskjer i si slutning?.....	59
6.3.3 I kva grad blir barnets stemme tillagt vekt? .....	60
6.4.0 RESULTAT AV «OM BARNA» .....	63
6.4.1 Dei modne og umodne barna.....	63
6.4.2 Dei sårbare barna .....	64
<b>KAPITTEL 7: DISKUSJON.....</b>	<b>67</b>

7.1.0 BARNETS BESTE .....	68
7.1.1 Fylkesnemnda si bruk av prinsippet barnets beste .....	68
7.1.2 Barnets beste – eit overordna omgrep utan definisjon .....	71
7.1.3 Barnets beste – eit juridisk omgrep .....	72
7.2.0 BARNETS STEMME .....	74
7.2.1 Kva er det som dokumenterast av barnets stemme? .....	74
7.2.2 Påverkar kven barnet har snakka med grad av dokumentasjon? .....	76
7.2.2 Nemndas bruk av barnets stemme i vurderinga.....	78
7.3.0 OM BARNET.....	81
7.3.1 Påverkar skildringa av barnet, barnet si stemme? .....	81
7.4.0 FYLKESNEMNDA SOM EIN MAKTUTØVANDE INSTANS.....	85
7.4.0 ER BARNET SI STEMME DET BESTE FOR BARNET?.....	88
<b>KAPITTEL 8: AVSLUTNING .....</b>	<b>92</b>
<b>LITTERATURLISTE: .....</b>	<b>97</b>

## Kapittel 1: Innleiing

### 1.1.0 Bakgrunn for val av tema

Gjennom arbeidserfaring og studie har interessa for brukarmedverknad og mynde over eige liv skapt stor interesse. Særleg for dei brukargruppene som kan bli nedtrykt av andre maktutøvande instansar, der kompetente vaksne står med stor makt til å bestemme over andre sitt liv. Barn kan vere ei slik gruppe. Gjennom utdanningssystemet, hjelpeorgan og foreldreskap er det vaksne som bestemmer og definerer kva som er det beste for barnet. Men, er det dei vaksne som kan definere best kva som er det beste for barnet?

Dei siste 15 åra har det vore ei auka medvite om born sine rettigheter i barnevernet, inkludert barnets rett til å tale i si eiga sak. Det kan kome av mykje kritikk retta mot barnevernet, både i Noreg samt fleire dommar i internasjonal menneskerettigheits domstol. Som resultat har det vore endringar i lovverk og ordningar som skal sikre rettighetene til barn (NOU 2023:7). Då barne- og familiedirektoratet si Prop. L 133. 2020-2021 kom våren 2022, tok eg ein gjennomgang av dokumentet. Der kjem det fram at fylkesnemnda ynskjer ei grundig utreiing av om ordninga for å representere barna i sakene er gode nok. Ved mi masteroppgåve har eg nok ikkje høve til å utreie eit slikt omfattande tema grundig nok etter kva fylkesnemnda ynskjer, men temaet vekka ei interesse i meg der eg ønska å sjå litt nærmare på det. Eg håpar at mitt bidrag kan setje fokus på nokre av områda, slik at fylkesnemnda, kommunar og andre som tar stilling i saker som gjeld barn kan få ein breiare og djupare kjennskap til kvifor dette er viktig, og kva faktorar som er viktige for å lukkast i desse prosessane.

Omsorgsovertaking er kanskje eit av dei mest omfattande tiltaka eit barn kan gjennomgå, der barnet opplever å bli trekt ut av sitt kjende miljø for å bu saman med ein anna familie eller på ein institusjon. Barnevernet og fylkesnemnda skal gjere det som er rett for barna. Men kven definerer kva som er rett, og korleis kan vi vite det utan å snakke med barna om det? Eg er interessert i å finne ut i kva grad barn eigentleg vert inkludert i eiga sak, og korleis dei vaksne yrkesutøvarane vektlegg barnet sitt perspektiv. For å avklare problemstillinga vil eg difor sjå på fylkesnemnda sine vedtak ved omsorgsovertakingar. Vedtaka er skreve av nemnda, og skal representere eit forsvarleg bilete av saka. Det vil seie at ikkje alt som skjer ved forhandlingsmøta vert dokumentert, men vedtaka vil gjenspegle kva fylkesnemnda ser på som viktig informasjon for å representere saka. Om dei opplever barnet si stemme og synspunkt som viktige element, burde det difor bli kartlagt i vedtaka. Etter barnevernloven § 7-19 er også nemnda pålagt å dokumentere barnet sine synspunkt og korleis dei har vektlagt denne.

Vil eit auka fokus på det å vekte barna si stemme i vurdering av barnets beste gje betre utfall for barna i slike saker? Å lytte til barna betyr ikkje at ein overfører ansvaret for eigen lagnad til barna, men målet må vere at sakshandsamar får betre føresetnadar til å ta avgjersler som er til det beste for barna. Eg ønskjer å sjå på korleis barnet si ytring blir nytta i slik slutningspraksis ved ein omsorgsovertaking, og om barnet si meining vert inkludert i definisjonen om kva som er det beste for barnet. Barnets synspunkt skal vere eit sentralt moment i ei barnets beste vurdering (Prop. 133. L). Det er sparsamt med informasjon om korleis slutningstakarar vurderer barnets beste i Norge, noko som kan skuldast lite forskning på feltet. Det er fleire som har føreslått ei momentliste for å operasjonisere barnets beste-vurderingar, som til dømes barnevernsutvalet i 2023 NOU:7, men det er til dags dato ikkje vedtatt. Korleis ein gjennomfører ei barnets beste vurdering står difor på aktørane sitt skjønn, og eg vil med dette prøve å sjå på delar av korleis ei barnets beste vurdering blir gjennomført. Korleis vert dette praktisert i dag, og kvalitetssikrar vi i tilstrekkeleg grad denne praksisen? Eg har kome fram til problemstillinga i denne masteroppgåva ved å setje lys på vurdering av barnets beste i omsorgsovertakingar og korleis barnet si stemme blir vekta i desse prosessane.

### 1.2.0 Problemstilling

Med fokus på både barnet si stemme og fylkesnemnda si vurdering av barnet sitt beste blir problemstillinga mi slik: *Korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er barnets beste i saker om omsorgsovertakingar?*

#### 1.2.1 Delspørsmål

For å gje svar på problemstillinga vil eg nytte nokre delspørsmål til å samanfatte ein konklusjon. I fyrste omgang vil eg sjå på barnets beste vurderingar, og korleis dei vert gjennomført i vedtaka. Eg er interessert i å finne ut kor hyppig omgrepet barnets beste vert nytta, og om nemnda tydeleg fastslår ulike moment i vurderinga. Spørsmål knytt til barnets beste blir difor:

- *På kva måte vurderer nemnda barnets beste?*
- *Kva moment vektar nemnda i vurderinga av barnets beste?*

Vidare ser eg på barnet si stemme i vedtaka. Her er eg interessert i å finne ut korleis barnet si stemme kjem til syne, kven barnet har snakka med og om nemnda viser til ei vektig av barnet si stemme. Eg ynskjer også å sjå på korleis barnet si stemme er dokumentert. Spørsmål knytt til barnets stemme blir difor:

- *Kva er dokumentert av barnets stemme i deira sak?*
- *Kven har barnet uttalt seg til?*
- *I kva grad og korleis blir barnet si stemme tillagt vekt av fylkesnemnda?*
- *Følger nemnda barnets ynskjer i si slutning?*

Føremålet med spørsmåla er å løfte fram ei heilskapleg framstilling av samanhengen mellom barnets stemme og barnets beste, og eg ser det difor som nødvendig å stille spørsmål knytt til både vurderinga av barnets beste og barnets stemme. Informasjonen som kjem fram vil bli vidare drøfta i del om diskusjon.

Som eit supplement til oppgåva vil eg også setje fokus på skildringar av barnet. Barnet si meining skal bli tillagt vekt etter mognad og alder, jf. barnevernloven § 6-3. Korleis ein skildrar og opplever barnet kan difor påverke barnets deltaking. Eg vil difor stille spørsmålet:

- *Blir barnet skildra som moden, umoden eller sårbar?*

Spørsmålet skal fungere som ei sideinnvending, for å sjå om det er andre element som kan påverke barnets deltaking. Føremålet er å sjå om det er samanheng mellom korleis barnet blir skildra og vektlegginga av barnets stemme.

### 1.3.0 Avgrensing

I gjeldande problemstilling er det to hovudelement som er i sentrum; *barnets stemme og barnets beste*. Dei to omgrepa kan vere vide ut i frå kva kontekst ein ser dei i, og det er derfor naudsynt å avgrense i kva område dei to elementa skal gjelde. Når eg skal sjå på barnets stemme ser eg på i kva grad barnets stemme kjem til syne gjennom heile vedtaket. Det er det som er dokumentert av barnets stemme som er relevant, og kva barnet har sagt kan kome til syne gjennom fleire partar i saka. Både fordi dei ulike partane kan ha ulike utdrag av barnets stemme, og fordi barnet ikkje er part i eiga sak i gjeldande vedtak som eg nyttar. Ved forhandlingsmøta kan det vere at barnets stemme kjem tydelegare til syne i praksis, men eg er kun interessert i å sjå på det som er dokumentert og korleis det er dokumentert.

Når eg vidare skal sjå på barnets beste er det fleire moment som kan underbygge ei slik vurdering, og dei ulike partane kan ha ulike vurderingar av kva som er til det beste for barnet. Eg er interessert i å avdekke kva nemnda legg i si barnets-beste vurdering, og fokuserer difor i mindre grad på kva andre sakskyndige eller partar vektlegg i si vurdering. Det kan i andre høve vere interessant å sjå på korleis dei ulike aktørane kan påverke kvarandre med sine utsegn, men

grunna oppgåvas sideavgrensing og tidsavgrensing held eg meg til nemnda si vurdering åleine. Når ein skal vurdere barnets beste er det eit mangfald av faktorar som spelar inn, ikkje minst vil den enkelte situasjon påverke vurderinga i stor grad. Eg kjem til å setje fokus på nokre nøkkelomgrep som nemnda nyttar når dei vurderer barnets beste, for å få fram kva som vert vektlagt. Likevel er det barnets stemme som er hovudtema, og korleis barnet si stemme har del i vurderinga av barnets beste.

Det er også verdt å nemne at vedtaka ikkje alltid inkluderer eller har med alt som skjer i forhandlingsmøta. Vedtaka skal vere korte og presise på same måte som dei skal skildre eit forsvarleg bilete av saka. Eit enkeltvedtak skildrar ikkje detaljert heile prosessen fram til konklusjon i ei sak, men skal innehalde tilstrekkeleg informasjon til å vareta barnet og familien sine rettar. Det kan difor førekome prosessar i og utanfor forhandlingsmøta som ikkje vert dokumentert. Eg vel å nytte vedtaka for å rette merksemda mot korleis nemnda dokumenterer barnets stemme og barnets beste-vurderingar, kva som ligg i vurderingane og korleis dei vektar barnet sine synspunkt og ønskjer.

Eg ynskjer til slutt å presisere at eg har nokre avgrensingar ved bruk av kunnskap og forskning. Ein må ha i minnet at den norske praksisen kan vere påverka av internasjonal kunnskap, internasjonal menneskerettigheits domstol og andre land sine praksisar. Fylkesnemnda har uttalt eit ynskje om å undersøkje om ordninga for å høyre barn er gode nok, og då også vurdere denne ordninga mot internasjonale praksisar (Prop. 133 L). I denne oppgåva avgrensar eg til å rette hovudfokuset mot nasjonal forskning, men kjem til å trekkje inn kommentarar av internasjonal kritikk og nytte lovverk frå barnekonvensjonen og FNs menneskerettigheiter.

#### 1.4.0 Omgrepsavklaring

**Barnets stemme:** Mi erfaring er at det framleis er behov for å spesifisere at barnet si stemme både kan vere direkte samtale eller indirekte informasjon frå barnet, eller frå barnet sine relasjonar, observasjonar av åtferd, reaksjonar og kroppsspråk. Når ein skal undersøkje barnet si stemme handlar det difor om kva barnet seier men også om korleis vi opplev barnet. I oppgåva si kontekst kjem barnet si stemme i hovudsak til å dreie seg om verbale ytringar barnet har vedrørande si sak. Dette ligg også til grunn i heimel, der barnet har rett på å bli høyrd etter barnevernloven § 6-3. Barna i mitt utval er 12-14 år, som vil sei at dei skal bli høyrd i si eiga sak med mindre dei ikkje ynskjer å uttale seg. Ein må samstundes ha i minnet at sidan barnets stemme kjem til uttrykk gjennom ulike mekanismar, kan barnet si stemme bli gjenstand for subjektiv vurdering av sakshandsamar.

**Barneverns- og helsenemnda:** Det opphavelige namnet til barneverns- og helsenemnda var frå 1993 *fylkesnemnda for sosiale saker*. I 2008 endra dei namn til *fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker*, som nok er det namnet vi kjenner til best. Frå januar 2020 endra dei namn igjen til barneverns- og helsenemnda. Departementet meinte at det nye namnet gav ei betre skildring av kva ansvarsområde nemnda hadde, då deira saksområde i hovudsak dreier seg om barnevernlova og enkelte sakstypar etter helselovgjevnaden (Andersland, 2022). I mi oppgåve kjem eg i hovudsak til å nytte fylkesnemnda eller nemnda. Noko av grunnen er at dei vedtaka eg har henta ut som materiell, var utarbeida før den nye lova var satt til verk og vedtaka refererer difor til fylkesnemnda. Eg er kjend med den nye lovbestemminga, men vel å nytte fylkesnemnd eller nemnd for å gjere det mest mogleg oversikteleg.

**Vedtak:** Når ein skal avklare bruken av omgrepet vedtak må ein sjå på definisjonane av forvaltningsloven § 2. Paragrafen legg fram definisjonen av eit vedtak der ein på eine sida kan sjå det som forskrifter som generelle plikter og rettigheter retta mot eit uavgrensa antal personar, og på andre sida ser på enkeltvedtak som har konkrete avgjersler for eit bestemt antal personar (Stub, 2021, lovkommentar 1-14, i forvaltningsloven § 2). Når en skal fatte vedtak etter barnevernloven, skal avgjerdene reknast som enkeltvedtak (Barne- og familiedepartementet, 2016). Når eg nyttar omgrepet vedtak vil det i oppgåvas kontekst handle om enkeltvedtak, og nærmare dei vedtak som er henta ut som mitt datamateriale.

**Barnevernloven:** I 2023 trådde ei ny barnevernlov til kraft i Noreg, med ei omfattande revidering med nye paragrafar (PROP 133 L.) I denne oppgåva kjem eg primært til å nytte barnevernloven frå 1992, med bakgrunn i at denne lova var gjeldande på vedtakstidspunktet til dei vedtaka som utgjer mitt materiell. Når eg då tilvisar til paragrafar i barnevernloven er det lova frå 1992 som gjelder, og ved tilvising til barnevernloven 2021 vil eg presisere det enten i tekst eller med årstal.

### 1.5.0 Oppbygging av oppgåva

I starten av oppgåva vil eg ha fokus på mitt teoretiske grunnlag, inkludert kapittel om lovverk og ein kunnskapsrapport. Kapittel 2 om lovverk og instansar skal eg rette merksemda mot dei relevante lovverka som er gjeldande, samt generell informasjon om dei involverte instansane. Det har i 2023 blitt fastsett endringar i lovverket, og eg vil løfte fram nokre av dei. Likevel vil det vere det gamle lovverket som i større grad vert nytta, fordi dei vedtaka som er henta ut har blitt fatta under det gamle lovverket. I kapittel 3 kjem kunnskapsrapporten. Eg ynskjer å



inkludere både forskning og andre tankar omkring tematikkar rundt problemstillinga, og sidan oppgåva allereie inneheld ein teoridel om lovverk og instansar vil resterande bli presentert som ein kunnskapsrapport; *Kva veit vi om området?*; *Kva er forska på tidlegare?*; *Korleis kan ein forstå området?* I kapittel 4 vil det bli presentert to teoretiske tilnærmingar som skal bli nytta i diskusjon; *Sosialkonstruksjonisme* og *maktteori*. Både kapittel 2, 3 og 4 vil bli nytta som byggesteinar når eg seinare skal diskutere problemstillinga.

Vidare vil del om metode bli presenter i kapittel 5. Her skal eg legge fram min vitskaplege ståstad, korleis eg har henta ut materiale, korleis eg skal analysere materialet og etiske refleksjonar. I kapittel 6 legg eg fram resultata frå mi analyse, og her vil alle delspørsmåla bli svart på. Kapittelet er delt inn slik som mine delspørsmål, med ein del om barnets beste, barnets stemme og om barnet. Sluttvis i oppgåva vil eg diskutere funna mine i kapittel 7, i lys av teori og tidlegare forskning. Her vil eg i større grad fokusere på den gjeldande problemstilling, og nytte alle resultata for å få eit heilskapleg perspektiv på området. Delen vil til slutt gå over i ein avsluttande kommentar i kapittel 8.

## Kapittel 2: Lovverk og instansar

I dette kapittelet vil eg presentere eit utval lovverk som gjeld for barnets beste, omsorgsovertakingar, barns rettigheter og barnevern- og helsenemnda (fylkesnemnda) som organ. Det som vert presentert i gjeldande avsnitt kjem berre til å dreie seg om rettigheter og føringar, plikter og fastsettingar knytt til problemstillinga. Å føye til eit kort kapittel om lovverk og instansar, ser eg som naudsynt i denne oppgåva, då problemstillinga har direkte tilknytning til jussen. Dette kapittelet fungerer då som ein del av det teoretiske rammeverket mitt, då eg seinare skal diskutere problemstillinga. I denne delen er det den gamle barnevernlova som er i hovudfokus, fordi vedtaka som er inkludert i analysedelen har nytta det tidlegare lovverket. Meir om teoriar, tilnærmingar, kunnskap og forskning på området vil bli presentert i kapittel 3, under kunnskapsstatus.

### 2.1.0 Barnets beste

Å analysere kva barnets beste er kan ha betydning utover ulike rettsområder, mellom anna i oppgåvas problemstilling; *Korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er barnets beste i saker om omsorgsovertakingar?*. Barnets beste er ein internasjonal menneskerett, samstundes som det er del i norsk lov. I gjeldande kapittel blir difor prinsippet om barnets beste heva fram, der omgrepet vert definert og forklart gjennom lovgjevnadar og anna litteratur som drøftar ordlyden.

Prinsippet om barnets beste kan ein finne i Grunnlova § 104 og i Barnekonvensjonen artikkel 3. nr. 1. Grunnlova § 104 legg fram at: *Barn har krav på respekt for sitt menneskeverd*. Lova fremjar generell respekt gjennom krav om å bli høyrd i saker dei sjølve er part i, samt å gje deira meining vekt i høve barnet sin alder og modning. Lova seier vidare i andre ledd at; *Ved handlingar og i avgjerder som vedkjem born, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn*. Det vil seie at alle organ som utfører handlingar som vedkjem barnet, skal nytte prinsippet om barnets beste i alle vurderingane dei tek (Haugli, 2021).

Denne bestemminga vert også lagt fram i BK. art. 3 nr.1. Sjølv om dei nemnte lovverka hevdar at ein skal ta omsyn til barnets beste, gjev dei ikkje ein klar definisjon av kva som er barnets beste. Det skapar difor ein mangel på kva prinsippet om barnets beste omhandlar, og kva funksjon det eigentleg har i rettssystemet (Martnes, 2021).

Innanfor saker som omhandlar barnevern, kan ein nytte Barnevernlova § 4-1 som handlar om omsyn til barnets beste. I den nye barnevernsloven er denne lova heimla i § 1-3. Lova viser at barnevernet skal leggje avgjerande vekt på å finne tiltak som er til det beste for barnet, som gir ein lik ordlyd av omgrepet som Grl. §104 og BK art. 3 nr. 1. Bvl. § 4-1 seier vidare i fyrste ledd andre punktum at tiltaka skal leggje vekt på «stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen». Ein kan difor anta at god vaksenkontakt og kontinuerleg omsorg er ein av barnevernets definisjonar som dei legg i prinsippet om barnets beste. I den nye barnevernsloven § 1-3, er det lagt til i lova at tiltak skal vere til barnets beste og at barnets meining er eit sentralt moment i barnets beste-vurderinga.

Barnekomiteen ser derimot på omgrepet om barnets beste i lys av BK. Art. 2, 6 og 12, der ein omtalar barnets beste som generelle prinsipp. Det vil sei at prinsippet er eit allment prinsipp, og skal difor nyttast i alle saker og må gjevast grunngeving for i alle slutningar. Med bakgrunn i Barnekomiteen si utsegn kan ein difor definere barnets beste som generelle grunnleggjande verdiar som fremjar generelle rettigheter (Martnes, 2021). Spørsmålet vert då kva funksjon har ein slik generell heimel? Prinsippet om barnets beste skapar ein underliggende normativ verdi, som er med på å påverke korleis ein ser og oppfattar sakene som omhandlar barn. På den måten nyttar vi slik heimel i rettslege avgjersler, ved å implementere prinsippet om barnets beste som ein generell verdi. Å definere kva som er barnets beste er difor ikkje mogleg, fordi ein må justere og definere omgrepet på ein individuell basis ut frå barnet sin kontekst, situasjon og behov.

Barnets beste er ei rettighet, og etter Barnekonvensjonen er staten pliktig til å fremje slik rettighet. Gjennom BK art. 19. er staten pliktig til å førebyggje og gripe inn i familiar, der det føreligg mistanke om omsorgssvikt. Med dette blir staten pålagt gjennom same lov å skape ei form for barnevern, som skal utføre slik forvaltning.

Ved hjelp av både internasjonal og nasjonal lovgjeving ser ein at det er ei nokså lik forståing av omgrepet, der barnets beste vert trekt fram i alle lovgjevnadar som omhandlar barn. Likskapen i dei ulike bestemmingane er at barnets beste skal vere eit overordna prinsipp, som ein kan definere som generelle verdiar om kva som er barns rettigheter. Kva som er barns rettigheter er veldig klart, med bakgrunn i blant anna BK art. 2, 6 og 12. Her blir barna tildelt klare og tydelege rettigheter, med føremål om å løfte fram barna sine interesser slik at dei ikkje vert oversett eller nedtrykt (Martnes, 2021). Slik rettighet er særleg viktig for å fremje barnets stemme.

Som ein del av barnets beste er eit utgangspunkt å vokse opp hos sine biologiske foreldre, og er ikkje dette mogleg må det føreligge grundig argumentasjon. Det biologiske prinsipp kviler altså på at foreldre har det primære omsorgsansvaret for barnet, og barnevernet har det subsidiære ansvaret (NOU 2012:5). Men når foreldre ikkje har ressursane til å skape ein tilfredsstillande omsorgssituasjon for barnet og det sine behov, må det biologiske prinsipp vike for barnets beste. Etter både menneskerettighetskonvensjonen (EMK) og barnekonvensjonen (BK) er det klare utgangspunktet at barn skal vokse opp hos sin familie, og at det offentlege berre kan gripe inn i familielivet om det er naudsynt og til barnets beste (Prop. 133 L).

I Grunnloven § 104 tredje ledd kjem det fram at staten er pliktig til å legge til rette for barnets utvikling, fortrinnsvis i eigen familie. Det vil seie at barnet i utgangspunktet har rett til å vokse opp hos sin biologiske familie, men det betyr ikkje at foreldre si rettighet skal gå føre barnets beste (Prop. 133 L, s.89). Domstolen framhevar i NOU 2012:5 at det biologiske prinsipp ikkje nødvendigvis berre handlar om biologiske foreldre, men at i vurderinga av kva som er familie legg dei vekt på både det biologiske, det rettslege og det sosiale/følelsesmessige.

Mildaste inngreps prinsipp er også eit relevant omgrep i barnevernsarbeidet, og skal vere med på å reflektere rundt kva tiltak som er nødvendig for å sikre barnets beste. Prinsippet har i den gamle Barnevernloven ikkje ein direkte heimel, men kjem til uttrykk i enkelte bestemmingar. Nedfelt i barnevernloven § 4-12 andre ledd, blir det blir fastslått at ei omsorgsovertaking ikkje kan treffast med mindre det er naudsynt. I andre punktum i same heimel kjem det også fram at ei omsorgsovertaking ikkje kan treffast dersom «det kan skapes tilfredsstillende forhold for barnet ved hjelpetiltak». Mildaste inngreps prinsipp synast ikkje eksplisitt i lova men kjem til uttrykk. Dette leddet i heimelen understrekar mildaste inngreps prinsippet, ved å vektleggje at andre tiltak må vurderast eller prøvast ut for å treffe vedtak om omsorgsovertaking. Det skal altså ikkje brukast meir inngripande tiltak enn naudsynt, og prinsippet skal bidra til å vurdere om det kan fattast mindre omfattande tiltak for å tilfredsstill barnets beste (Prop. 133 L, s.90). EMK artikkel 8 nr.2 om rett til privatliv hev også fram mildast inngreps prinsipp. Lova seier at:

*There shall be no interference by public authority with the exercise of this right except such as in accordance with the law and is necessary in a democratic society.*

Med eit utgangspunkt i det biologiske prinsipp kan ein seie at det handlar om det er manglar ved biologiske foreldre si omsorgskompetanse, som gjer at ein må fatte tiltak der barnets beste overgår utgangspunktet ved å vokse opp hos sin biologiske familie. Mildaste inngreps prinsipp handlar på andre sida om kva tiltak er gode nok for å sikre barnets beste.

### 2.2.0 Barnets rett til å bli høyrd og medverke

Barnets rett til å tale sitt synspunkt om eiga sak og om å bli høyrd framkjem i fleire lovverk, men dei lovverka eg vel å trekkje fram er barnelova § 31, barnevernloven § 6-3 og barnekonvensjonen artikkel 12. Barnelova § 31 fyrste ledd og BK art. 12 legg fram at når barnet er i stand til å skape egne meiningar, skal føresette og andre høyre barnet før ein tek ei avgjersle om personlege førehald. Her må ein gjere ei vurdering på barnets alder og modnad. BK artikkel 12 vert ikkje regulert av barnets sjølvbestemningsrett, men framhevar at medlemsstatane skal legge vekt på barnets ytringar i samspel med barnets modnad og alder. Barnelova § 31 andre ledd definerer likevel nokre rettigheter ein har ved konkrete fylte år. Fyrste punktum legg fram at barn som er fylt 7 år skal få informasjon samt høve til å ytre si meining før det vert teke avgjersle om personlege førehald. Det er viktig å merke at denne delen av paragrafen er skjønnsbelagt, der ein må ta ei vurdering på om barn som er under 7 år er modne nok til å skape egne synspunkt knytt til personlege førehald. Vidare i bl. § 31 andre ledd andre punktum omhandlar lova barn som er fylte 12 år. Deira meining skal leggest stor vekt på, og det skal føreligge sterke grunngevingar for å ikkje vektlegge deira meining.

Barnevernloven § 6-3 (1992) fyrste ledd har same ordlyd som Bl. § 31, og handlar om barnets rett til informasjon og til å fritt uttrykke seg om førehalda i eiga sak. I lovas andre ledd omhandlar lova barn som er fylte 15 år sine rettigheter, som framhevar at eit barn som er fylt 15 år kan opptre som part i eiga sak, med førehald at dei har forståing for situasjonen. I særlege tilfelle kan fylkesnemnda innvilge barn under 15 år partslege rettigheter. Det på grunnlag av særskilte grunnlag og ei vurdering at barnet er moden nok til å opptre som part. Første ledd i bvl. § 6-3 handlar difor om barnets medbestemningsrett, og andre ledd handlar om barnets sjølvbestemningsrett (Stang, 2021, lovkommentar 1, i bvl. 1992 § 6-3).

BK art. 12 har ingen aldersgrense på når barnet har rett til å bli høyrd og når ein skal vektlegge slik meining, men i nr. 2 andre komma seier lova at «barnet skal bli høyrd på ein måte som samsvarar med saksbehandlingsreglane i nasjonal lov». Å sjå på barnets modnad og alder skal ikkje vere vilkår for at barnet skal bli høyrd, men handlar om i kva grad ein skal vektlegge barnets stemme. Likevel skal barnets stemme alltid bli vurdert uavhengig av kva vekt den tilleggjast, og det skal inngå av dokumentasjon i det enkelte vedtak (Stang, 2021, lovkommentar 2, i bvl. 1992 § 6-3).

Barnet si rett til medverknad vert heva fram i eit mangfald av forskrifter, blant anna i forskrift om medverknad og tillitsperson av 1.juni 2014 nr. 697 § 3. Lova seier at medverknad vert definert som at barnet skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon om saka, og gjevast anledning til å fritt gje uttrykk for sine synspunkt. For at barnet skal ha moglegheit til å uttale seg om saka, er det avgjerande at barnet forstår kva det handlar om. Dette i tråd med å vurdere barnets alder og modning, samt føresetnader for å forstå saka. Vidare har barnet rett til å bli lytta til, og kan medverke i saka ved å uttrykke deira forståing og ynskjer. Dette uavhengig av kva kommunikasjonsmetode ein nyttar. Korleis barnets meining blir vektlagt i saka, må bli vurdert med bakgrunn i barnets modning og alder.

I same forskrift § 4 løftar dei fram kravet om tilstrekkeleg informasjon til barnet. Barnevernet skal vere ansvarleg for at barnet så tidleg som mogleg får tilstrekkeleg informasjon på ein forsvarleg måte. Barnevernet står også ansvarleg for at medverkinga skal skje i trygge rammer, samstundes som dei er ansvarleg for å snakke med barnet og høyre det, jf. § 6. Barnets medverknad skal vere ein kontinuerleg prosess, som skal utøvast gjennom heile saksgangen. Samstundes er det viktig å ha i minnet at barnet ikkje har ei plikt til å uttale seg, og barnet skal difor ikkje utsettast for press for å medverke, jf. forskrift om medverknad og tillitsperson av 1. juni 2014 nr. 698 § 5.

Sjølv om barnet har ein rett til å bli høyrd etter namngitte lovverk, inneber dette ikkje utan vidare at barnets meining skal vere avgjerande for den rettslege avgjersla. Barnet skal få lov til å uttale seg fritt, og ein må minnast dei om å gi uttrykk for eigne meiningar og ynskjer, etter BK art. 12. Likevel kan barnets meining vere påverka av andre partars synspunkt, som til dømes foreldre, søsken eller fosterforeldre. Utsegn frå barnet kan difor bli påverka av ei oppfatning av kva andre ynskjer. Dei namngjevne lovene innehar difor ein skjønnsbruk, der ein må vurdere den individuelle saka. Her trumfar bvl. § 4-1 om omsyn til barnets beste, og den endelege vurderinga må ha grunngjeving i gjeldande paragraf.

Del i barnevernloven som seier noko om alder og rettigheiter er ikkje ønskjeleg å vidareføre, etter endringane i den nye barnevernlova (Prop. 133. L.). Det vil altså seie at 7-års grensa vert fjerna. Å sette alder ved ulike rettigheiter skulle i utgangspunktet vere nedskriven i lov slik at ein passa på at barn blir høyrde. Det ein har vore skeptiske til, er om lovene heller har minska yngre barns rettigheiter til å bli høyrd. Å fjerne rettigheitene ved alder skal difor medføre at fleire barn vert høyrde, og ikkje berre dei som er over 7 år. Dei som er over 15 år er framleis dei som kan vere part i eiga sak, men det har er heva spørsmål om ein skal senke partsrettigheiter til barn frå 12 år og eldre (Prop. 133 L.). Sjølv om det no vert endringar i lovverket, kjem eg likevel til å nytte lovene der alder blir nemnt. Årsaka til det er at alder er eit kriterie for kva saker eg vel som kunnskapsgrunnlag i denne masteroppgåva. I vedtakstidspunkta til dei aktuelle vedtaka var det desse lovene som vart nytta. Samstundes kjem eg til å nytte eit avgrensa aldersspenn til å kategorisere og avgrense vedtaka eg skal analysere.

### 2.3.0 Omsorgsovertaking:

Vedtaka eg nyttar for analyse omhandlar omsorgsovertakingar, og eg vil under denne overskrifta leggje fram lovverket om omsorgsovertaking som er gjeldande for vedtaka. BK artikkel 9 hevdar at om det er naudsynt for barnet sitt beste, kan det ved visse vilkår gi åtgang til å skilje barnet frå foreldre. I norsk lov er slike vilkår oppnemnt i Barnevernlova § 4-12.

*En omsorgsovertakelse innebærer ikke et absolutt brudd mellom barn og foreldre, men det medfører en betydelig svekkelse av familiemessige band. Omsorgsovertakelse griper derfor inn i både barnets og foreldres rett til familieliv etter EMK artikkel. 8. En rekke hensyn må derfor balanseres mot hverandre, men også med bruk av EMK artikkel 8. er hensynet til barnets beste av overordnet betydning (Sak nr. FNV-2021-210-FOH).*

### 2.2.1 Barnevernlova § 4-12:

Barnevernloven (1992) § 4-12 omhandlar omsorgsovertakingar, og gir fylkesnemnda tilgang til å utføre slikt tiltak. Fyrste ledd bokstav a. – d. heimlar ulike situasjonar som definerast som alvorleg omsorgssvikt. I denne delen skal eg gjennomgå paragrafen grundig, og avklare kva lovverket seier. Fyrste ledd, bokstav a. er slik:

*Dersom det er alvorlige mangler ved den daglige omsorg som barnet får, eller alvorlige mangler i forhold til den personlige kontakt og trygghet som det trenger etter sin alder og utvikling,*

Føremålet med denne delen av lova er å avdekke alvorlege manglar i den fysiske og emosjonelle omsorga. Det kan til dømes vere situasjonar der foreldre ikkje klarar å dekke barnets kontaktbehov eller følelsemessig avvising av barnet. Vilkåra viser vidare til situasjonar med tvang og val i heimen, eller psykiske utfordringar hos foreldre som kan skape uføreseielege og utrygge sfærar. Den emosjonelle omsorga ligg i omgrepet om *personleg kontakt og tryggleik*. Det handlar om føresette er i stand til å dekke barnets kontaktbehov. Kva som blir definert som manglar må vurderast ut i frå den enkelte situasjon og ut i frå barnets behov og alder (Larsen, 2023, lovkommentar 3 i bvl. 1992 § 4-12). Vidare står det i første ledd bokstav b.:

*dersom foreldre ikke sørger for at et sykt, funksjonshemmet eller spesielt hjelpetrengende barn får dekket sitt særlige behov for behandling og opplæring,*

Bestemminga gjeld ei konkret gruppe barn, der barna gjerne har eit større behov for oppfølging og tryggleik. Det kan både omhandle biologiske føresetningar som gjer barnet meir trengande, eller spesielle behov som ein faktor skapt av påkjenningar frå miljøet rundt. Bestemminga handlar difor om å ta stilling til svikt hos foreldre, der ein også har eit mangelfullt tilbod frå hjelpetenesta. Barna som er under situasjonar som skildra i bokstav b, vil også vere utsett for generelle grunnvilkår i bokstav a (Larsen, 2023, lovkommentar 4 i bvl. 1992 § 4-12).

Første ledd bokstav c., handlar om barnet vert utsett for fysisk mishandling, seksuelle overgrep, trakassering, vald eller andre vedvarande mindre overgrep (Propp. 133 L). Bestemminga lyd slik:

*dersom barnet blir mishandlet eller utsatt for andre alvorlige overgrep i hjemmet,*

Bestemminga etter gjeldande bokstav ser på overgrep som ein svært alvorleg omsorgssvikt. Om eit vedtak vert fatta etter slik bestemming, er det samstundes truleg at det er grunnlag for tiltak i samsvar med bokstav a. frå same heimel. Dette fordi det er stort sannsyn for at ein valdsutøvande forelder ikkje eignar å gje barnet ei tilstrekkeleg dagleg omsorg med personleg kontakt og tryggleik, jf. bvl. § 4-12 bokstav a. Å vere vitne til eller kjend med mishandling og overgrep mot andre i heimen vil også kategoriserast som eit alvorleg psykisk overgrep. Når ein nyttar § 4-12 første ledd bokstav c., må også andre ledd første setning takast omsyn til. Bestemminga legg fram at vedtak kun kan treffast når det er naudsynt ut i frå situasjonen barnet er i. I praksis vil det til dømes bety at om den valdsutøvande personen ikkje lengre bur med barnet, kan ikkje bestemminga nyttast som grunngeving i ein eventuell omsorgsovertaking (Larsen, 2023, lovkommentar 5. i bvl. 1992 § 4-12).



Til slutt tek lova føre seg sannsynet for at barnet si helse og utvikling kan kome til skade, som vert framlagt i bokstav d. Det handlar om foreldra sine føresetnader til å utføre foreldreansvaret, og om dei er i stand til å ta tilstrekkeleg med ansvar ovanfor barnet. Bestemminga lyder slik:

*dersom det er overveiende sannsynlig at barnets helse eller utvikling kan bli alvorlig skadd fordi foreldrene er ute av stand til å ta tilstrekkelig ansvar for barnet.*

Til forskjell frå bokstav a. – c. legg ikkje bokstav d. like stor vekt på barnets notidssituasjon, men på eit «overveiende sannsyn» om barnets skade på framtidig helse og utvikling. Bestemminga vektlegg difor eit risikoperspektiv, der ein vurderer barnets framtidige situasjon. Samstundes vurderer ein samanhengen mellom framtidig skade på helse og utvikling med føresette sin mangel på ansvar for barnet. Det vil seie at barnets framtidige skade på helse og utvikling blir grunngeven med korleis foreldra handlar, der skaden kan kome av konsekvens av foreldras manglar (Larsen, 2023, lovkommentar 6. i bvl. 1992 § 4-12). For å utføre eit slikt vedtak må det føreligge eit skjerpbeviskrav, der ein vektlegg delen om «overveiende sannsyn» for at barnets helse og utvikling kan kome til skade (Prop. 133 L.).

Når vi vidare går djupare inn på andre ledd i paragrafen, finn vi i bestemminga at omsorgsovertakinga skal vurderast etter barnets notidssituasjon (Prop. 133 L.). Det betyr at hendingar som har skjedd tidlegare ikkje skal ha stor betydning i avgjersla. Sjølv sagt skal hendingar som har føregått over lengre tid bli tatt til vurdering, slik som heimla i fyrste ledd bokstav c., men om ikkje notidssituasjonen samsvarar med bestemminga sine definisjonar av omsorgssvikt skal ikkje vedtak om omsorgsovertaking bli tatt til følge etter gjeldande lov (Larsen, 2023, lovkommentar 7. i bvl. 1992 § 4-12). Vidare i andre ledd andre punktum seier lova at «(...) vedtak kan derfor ikke treffest dersom det kan skapes tilfredsstillende forhold for barnet ved hjelpetiltak (...)». Her trekk bestemminga fram §§ 4-4, 4-10 og 4-11. Bvl. § 4-4 som heimlar hjelpetiltak som kan nyttast for barn og familiar for å betre familiesituasjonen, og §§ 4-10 og 4-11 som tek føre seg tiltak som omhandlar medisinsk undersøking og behandling samt behandling for barn med særlege behov.

Til slutt legg bvl. § 4-12 tredje ledd fram at fylkesnemnda er organet som skal fatte slike slutningar, etter fastsetjingane i Bvl. Kapittel 7. Det vil blant anna seie at nemnda skal vurdere om omsorgsovertakinga er til barnets beste § 4-1 (Prop. 133. L.). Korleis nemnda har vurdert barnets beste skal framstillast i vedtaka. Samstundes skal det dokumenterast kva som er barnets synspunkt, og kva vekt barnets mening er tillagt, dette etter Bvl. § 7-19 tredje ledd, tredje og fjerde punktum.

### 2.3.0 Fylkesnemnda som organ

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker, no Barnevern- og helseneemnda, fattar slutningar i barnevernssaker som handlar om alvorlege inngrep i privat- og familielivet (NOU 2023:7). Dei er eit uavhengig og autonomt organ, som har mynde til å fatte avgjersler i saker som angår tvang etter barnevernlova, helse- og omsorgstjenesteloven og smittevernlova, etter ny barnevernslov § 14-1 første ledd. Som eit uavhengig organ er nemnda ikkje underlagt instruksar eller retningslinjer frå andre organ i deira slutning og vurderingar. Nemnda si hovudoppgåve er å sørge for å fatte vedtak etter barnets beste og sikre at barn og unge i Norge får tilstrekkeleg omsorg og beskytting (Prop 133 L.).

Nemnda handsamar ei rekke saker, men hovudtyngda av sakene er relatert til barnevernloven. I slike saker vil nemnda vurdere om kommunen skal overta omsorga for barnet, slutte avgjerd om samvær og fråtaking av foreldreansvar. Samstundes har nemnda eit ansvar for å sørge for at barn og unge får nødvendig hjelp ved behov. Gjennom sitt arbeid spelar nemnda ei viktig rolle i å sikre at alle barn og unge i Norge får tilstrekkeleg beskytting og omsorg. (Prop. 133. L.).

#### 2.3.1 Fylkesnemndas krav til grunngjeving i vedtak:

Barnevernloven § 7-19 gir reglar om nemnda sine vedtak i saker som gjeld omsorgsovertaking og tiltak etter barnevernloven kapittel 4. Bestemminga fastslår at nemnda sine vedtak skal innehalde ei grunngjeving som gjer greie for dei faktiske forholda og dei lovkrava vedtaket byggjer på. Ved endringslova i 2018 vart det innført krav om at vedtaket skal innehalde ei vurdering av barnets beste, og ei vurdering av dei konkrete tiltak som er slutta. Det skal i tillegg dokumenterast kva som er barnets synspunkt og kva vekt barnets meining er tillagt. Av forarbeida, Prop. 169 L (2016-2017), visast det til at ein bør grunngjeve kvifor vedtaket avviker med barnets stemme. Samstundes bør vurderinga av barnets beste innehalde moglege konsekvensar av tiltaket og korleis ulike moment er vekta (Lassen, 2023, lovkommentar 4 i bvl. 1992 § 7-19). Føremålet med paragrafen er å sikre at nemnda sine vedtak i saker om omsorgsovertaking og tiltak etter barnevernlova kapittel 4 er tilstrekkeleg grunngjevne for og tar omsyn til barnets beste. Vedtaket skal gje ei klar og tydeleg utgreiing for nemnda sine vurderingar og avgjersler, slik at partane har moglegheit til å forstå grunngjevinga for vedtaket (Prop. L. 133).

I barnevernloven § 7-19 tredje ledd står det vidare at ein er pliktig til å inkludere barnets synspunkt i vedtaket, samt vise til korleis deira meining er vekta. Samstundes må det visast til korleis barnets beste er vurdert. Kravet om grunngjeving er meint for å auke medvite omkring viktigheita av korleis barnets stemme og barnets beste kan påverke utfallet i sakane. Krava kan bidra til at vedtaka er basert på grundige vurderingar, og kan styrke barnets rettssikkerheit (Prop. 133. L.).

### 2.3.2 Barnets talsperson

Barnet har rett på å bli høyrd i eiga sak, og i saker som kjem opp til fylkesnemnd er det i dei fleste tilfelle ein talsperson som ytrar barnet si meining i høyringsmøta. Rettighetene knytt til talsperson er heimla i forskrift om barnets talsperson i saker som skal behandlast av fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker 2013, hefte 3. Under § 1 andre ledd legg bestemminga fram at fylkesnemnda sin leiar kan «oppnevne egen talsperson for barn som er fylt 7 år (...)». Føremålet med ein talsperson er å sikre at barnet blir høyrd, og at deira synspunkt kjem tydeleg fram under sakene hjå fylkesnemnda. Talspersonen skal vere uavhengig av andre partar, som til dømes barnevernet og foreldre, og skal difor berre fremje barnets stemme. Barnet bestemmer sjølv om det ynskjer ein talsperson.

Her står også eit krav om informasjon sentralt. Bestemminga i § 2 legg fram at barnevernet skal så tidleg som mogleg informere barnet om ein mogleg talsperson, samt kva dette inneber. På den måten kan barnet ytre si meining om ynskje om talsperson. Barnets ynskjer skal bli dokumentert i sakens dokument som sendast til fylkesnemnda før høyringsmøta.

Dei fleste barn utan partsrettigheter nyttar ein talsperson. Talspersonen vel dei ut i frå ei liste over personar barnet ikkje kjenner. Talspersonordninga har blitt kritisert fordi det kan vere utfordrande for barn å gje sensitiv informasjon til ein person dei ikkje kjenner. Det er også reist spørsmål om talspersonane har tilstrekkeleg med informasjon om barnets sak, og om ein eventuell mangel på informasjon kan få konsekvensar for høyringa av barna (Prop. 133 L.).

Sjølv om det kan vere nokre utfordringar med ordninga, kan det likevel vere ein viktig mekanisme for at barnets stemme blir høyrd. Å ha ein talsperson som representerer barnets utsegn kan bidra til at barnets stemme blir fremja og nytta i vurderingane. I den nye barnevernloven legg dei fram at ein må jobbe for at barnet nyttar same talsperson om saka skal handsamast ved fleire høve. Dei hevdar at det kan opplevast tillitsvekkande for barnet å forhalde seg til ein person, og at det kan skape minst mogleg belastning for barnet (Prop. 133 L.).

## Kapittel 3: Kunnskapsstatus

I gjeldande kapittel skal eg sjå nærare på kva kunnskap vi har om relevante felt knytt til problemstillinga. Det hadde vore interessant å sjå på internasjonal forskning, slik som fylkesnemnda har ynskja (Prop. 133 L). Eg vel likevel å avgrense til å i hovudsak sjå på nasjonal forskning, der eg trekk fram relevant kunnskap og forskning på området. Fyrst blir barnets beste løfta fram, inkludert korleis ein kan forstå omgrepet, korleis vi oppfattar barnet og tidlegare forskning om barnets beste. Vidare kjem del om barnets stemme og medverknad. Her er vil eg sjå på i kva grad barnet har moglegheit til å medverke, tilnærmingar knytt til barnets medverknad og tidlegare forskning på barns medverknad i nemnda og barnevernet. Til slutt ser eg nærare på høyring av barn i nemnda, talspersonordninga, samt tilnærmingar og forskning om nemnda.

### 3.1.0 Barnets beste og synet på barn

Vi har tidlegare sett på lovverket rundt omgrepet barnets beste, der eg har sett søkelyset at dette er ein verdi ein skal nytte i alle høve som omhandlar barn. Likevel er det uklart kva som egentleg ligg i ordlyden av barnets beste. Under denne overskrifta blir ulike tankar omkring barnets beste presentert, kva betyr barnets beste og korleis kan ein forstå det? Underkapittelet blir presentert i lys av tidlegare forskning og teori.

#### 3.1.1 Korleis kan ein forstå barnets beste?

Sjølv om barnets beste er lovfesta i fleire føresegn, kan ein nytte det meir som eit prinsipp meiner Vigdis Bunkholm (2010). Vigdis Bunkholm har i samband med helsetilsynet sett på omgrepsbruken av barnets beste. Omgrepet prinsipp legg ho i definisjonen av noko som er ledestjerne, herskaren over alt og som ei fundamental kjelde (Bunkholm, 2010). Barnets beste passar difor inn i ei slik skildring av prinsipp, då dette er den lovfestinga alle organ skal nytte ved alle grunngjevingar som omhandlar barn. Det er altså «ledestjerna» for alle avgjersler. Bunkholm (2010) problematiserer at «barnets beste» blir handtert som eit prinsipp. Ho meiner at det er eit utydeleg omgrep, som ikkje fungerer godt nok i vurderingar og slutningar. Omgrepet skapar ueinigheiter i saker som omhandlar barn, fordi ulike partar vil ha ulike opplevingar av kva som er til det beste for barnet. Grunnen er at kva som er barnets beste ikkje er tydeleg definert. Barnets beste blir difor eit normativt omgrep, som kan definerast ulikt med bakgrunn i ideologiske, personlege eller faglege fundament (Bunkholm, 2010). Denne måten å problematisere på kan ein også sjå i internasjonal kritikk, der kritikken særleg har fokus på at

barnets beste har ei uklar tyding og at det skapar store ulikskapar i korleis ein nyttar og definerer omgrepet (Schiratzki, 2003).

Sverre Kvilhaug (2007) framhevar at for at prinsippet skal gje gode nok resultat, er det avgjerande at dei involverte rettslege aktørane har nødvendig kunnskap om feltet, som psykologar, nemndleiarar og barneventilsette og så vidare. Det er desse aktørane som skal praktisere omgrepet, og deira forståing av omgrepet vil difor kunne påverke vurderinga (Kvilhaug, 2007).

Eriksen og Skivenes (1998) drøftar om barnets beste berre blir nytta som prinsipp ved avgjersler i konkrete tiltak, eller om det også blir brukt dynamisk gjennom heile prosessen (Eriksen og Skivenes, 1998, referert i Brottveit, 2013). FNs barnekommisjon (1989) kan ha bidratt med å avklare dette, ved å tydeleggjere at barnets beste gjeld i alle saker og høve som handlar om barnet. Barnets beste skal difor alltid vektleggjast, men det er framleis ingen spesifikke definisjonar om kva det betyr og korleis ein skal nytte det.

Utdanningsdirektoratet (2017) har i sin rapport «Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen» utarbeida ein mal for korleis ein kan vurdere barnets beste. Rapporten er meint som ein rettleiar og støtte til blant anna fylkesmenn og til utdanningsdirektoratet. Sidan prinsippet om barnets beste kan opplevast som tåkete og uklart utan ein tydeleg definisjon, er denne rettleiinga utforma slik at den er enklare å nytte i praksis. Dei hevdar at ei vurdering av barnets beste er ein prosess med fleire trinn, der kvart trinn skal synleggjere ei heilskapleg vurdering og grunngjeving i det enkelte vedtaket. Dei skil trinna i; *vurdere*, *vekte* og *vise*. I korte trekk vil det seie at ein fyrst må gjere ei konkret vurdering av kva som er barnets beste. Vidare skal ein ta stilling til kva vekt omsynet i barnets beste skal ha, som til dømes kva moment som vektast. Til slutt må ein vise til sine grunngjevningar i skriftelege dokument.

FNs barnekomité har utarbeida ei liste over moment for kva ein vurdering av barnets beste bør innehalde. Av moment inngår det blant anna av lista barnet sine egne synspunkt, barnet si sårbarheit, omsyn til bevaring av familiemiljø, rett til omsorg og tryggleik og barnet sin identitet (NOU 2020:14) Norske myndigheiter har ikkje implementert denne i norsk lov eller retningsliner. Falck-Eriksen og Skivenes (2019) peika på at ei slik liste vil kunne bidra til betre slutningar for det enkelte barn, og styrke likebehandling av sakene (Flack-Eriksen og Skivenes, 2019, referert i Garde og Langleite, 2022). I NOU 2023:7 løftar dei spørsmålet om vi skal utarbeide ei momentliste for å tydeleggjere kva som ligg i ei barnets beste-vurdering. Utvalet hevdar at lovverket i dag har få føringar for korleis ein skal nytte omgrepet, og det kan risikere

at prinsippet blir forstått ulikt. Ved slike vide rammer for skjønnsutøving kan det føre til ulik behandling av barn og familiar (NOU 2023:7).

Mona Martnes (2021) har ei nokså lik forståing av korleis ein skal vurdere barnets beste, og hevdar at ein må ta tak i det konkrete barnet og sjå på forholda rundt barnet, situasjonen deira og føremålet med kvifor ein skal vurdere barnets beste. Ho framhevar særleg barnets mening og interesser, og at desse blir gjeve tilstrekkeleg vekt. Sidan barnets mening skal vektleggjast kan den innverke på alle sider av vektlegginga og vurderinga. Korleis barnets mening verkar inn på barnets beste, påverkast av dei føringane barnet får ved å ytre si mening. Barnets rett til å bli høyrd og barns rett til ei heilskapleg utvikling hevdar Martnes burde vere kjernen i ei vurdering av barnets beste (Martnes, 2021).

### 3.1.2 Perspektiv på barn

Seinare i oppgåva vert det heva fram spurnadar om nemndas skildring av barnet påverkar barnets stemme. Ei skildring av barnet fortel oss noko om vår oppfatning av det enkelte barnet, samstundes som våre erfaringar og kunnskap kan forme vår forståing. Synet på barn har i stadig tid vore i endring, og utviklinga er både kompleks og samansett ettersom det finnast ulike syn og perspektiv for å tolke og forstå barn. I gjeldande del vil det difor bli heva fram kva kunnskap vi har om barneperspektivet og barnas perspektiv. Det vert lyst fram forskning som viser til at tilnærmingar og oppfatningar av barn kan påverke korleis vi handlar i møte med dei, som til dømes kva ansvar og rolle vi gjev barnet og korleis det påverkar deira mynde.

#### *Barneperspektiv vs barnas perspektiv:*

Barneperspektivet handlar i korte trekk om at vaksne ser og forstår barnet og ut i frå det handlar etter kva dei tykkjer er barnets beste. Barns perspektiv, derimot, handlar om korleis barnet ser og oppfattar verda rundt seg. Perspektivet byggjer på at barnet er ekspert på si eiga verkelegheit, og det ligg i oppfatninga at barn har eit anna verkelegheitsbilete enn det dei vaksne har. Spørsmålet er då om dei vaksne kan inneha barnas perspektiv i deira forståing av barnet? Ut i frå Tillers (2000) påstand vil det berre vere barnet som kan sjåast ut i frå barnets synsvinkel. Om ein prøvar å nytte barnets perspektiv, vil perspektivet framleis bli farga av eins eigne tolkingar av barnet (Tillers, 2000, referert i Tharna, 2008).

Omgrepa barnets perspektiv og barneperspektiv er kvalitative og kontekstuelle, og må difor forståast og tolkast i sin eigen kontekst. Det som utgjer innhaldet i barneperspektivet vil vere påverka av den enkelte fagperson si forståing, kunnskapssyn, erfaringar og tolkingar av barnets perspektiv. Barns perspektiv på eige liv vil også kunne variere ut i frå dei forholda barnet lever

under. På den måten vil forståinga av slike omgrep vere avhengig av den sosiale og kulturelle konteksten dei er, og det er difor viktig å vere bevisst på dei kontekstane når ein forsøker å forstå dei (Brottveit, 2013).

Korleis ein oppfatar eit barn, kan påverke korleis ein nyttar barnet som ein samtalepartnar. Vedler (1996) argumenterer for at dei vaksne sitt syn på barnet påverkar kommunikasjonen mellom dei. Han peikar på at negative synsvinklar på barn, til dømes som eit *offer*, ein *trussel* eller eit *objekt*, kan føre til at barnets egne meningar og intensjonar vert neglisjert. Ei slik oppfatning av barnet kan hindre den vaksne i å vise interesse for barnet sine synspunkt og meningar (Vedler, 1996, referert i Ruud, 2021). Med bakgrunn i blant anna Brottveit (2013) si forskning, vektlegg ho at barnets perspektiv må vere ein del av vurderinga av barnets beste, og det kan vere krevjande om ein ikkje opplever barnet som ein sosialt kompetent aktør (Brottveit, 2013).

#### *Barns sårbarheit:*

Synet og perspektivet på barn har endra seg gjennom tida, og endringa er både kompleks og samansett fordi det finnast ulike syn og perspektiv på barn og barndom. Det er fleire teoriar innan tilknytningsteori og utviklingsteori som byggjer på at barns sårbarheit ligg i dei vaksne sitt nærvær og ansvar for barnet i ulike periodar i oppveksten. Med det hevdast at barnet si utvikling blir skildra gjennom dei vaksne sine handlingar, og om dei vaksne ikkje eignar å strekkje til for å ta ansvar for barnet sine behov har barnet større risiko for å bli sårbart. Til dømes kan ein sjå på Erik Erikssons (1902-1994) psykodynamiske teori om personlegdomsutviklinga, som han kjenneteiknar ved ei inndeling av barnets utvikling som pregast av kritiske periodar. Kwart steg i utviklinga er prega av konflikt og behov, og korleis barnet blir møtt er avgjerande for at barnet får ei normalutvikling (Tetzchner, 2018). Her ligg det i teorien ei forståing av at det er avhengig av foreldra korleis dei møter barnet, og at dette vil påverke korleis barnet utviklar seg. Samstundes byggjer Erikssons teori og andre utviklingsteoriar på barnets rett til vern, slik som heimla i lovverket (Thrana, 2008).

Hilde Marie Thrana (2008) hevdar at problemet ved ein slik teori som byggjer på ei psykodynamisk forståing, er at den ikkje tar omsyn til barnets eigen kompetanse og ressursar til å handtere kriser i livet. Sjølv om ein kan vere einige i at det er gjennom dei vaksne barns behov og ynskjer skal bli møtt og synleggjort, legg teoriane lite vekt på barna si evne til eigevern og styrkeområder (Thrana, 2008).

For å byggje under tanken om barn som sårbare vesen og barn som i stand til eigevern, må ein i tillegg til det sjå på barnets resiliens. Resiliens omhandlar barnets evne til å takle og overvinne utfordringar, og kan definerast som «god psykososial fungering hos barn til tross for opplevelse av risiko» (Borge 2005, referert i Thrana, 2008). I dagens samfunn er det som nemnt ei endring i synet på barn, der ein blant anna ser på barnet som kompetente og aktive deltakarar i staden for sårbare og hjelpelause. Dette perspektivskifte omtalast som eit paradigmeskifte i NOU 2000:12. Det inneber at vi i større grad anerkjenner barns egne erfaringar, meiningar og rettigheter. Perspektivskiftet vert i stor grad bygd på forståinga av barnets resiliens. (Thrana, 2008).

### 3.1.3 Forsking på omgrepet barnets beste

Gudrunn Brottveit (2013) framhevar at lovgjevnadane knytt til barn tydeleg viser at barnet skal vere saka sin hovudperson. Vurderinga av barnets beste hevdar ho ikkje kan forståast uavhengig av barnas perspektiv og barneperspektivet, då kunnskap om barns utvikling og det enkelte barnets erfarings- og opplevingsverd er viktige kriterier i ei vurdering. Til tross for det viser Brottveit si undersøking at barnevernet har lite tradisjon for å snakke med barna. Ein informant i studien fortel; «Vi som voksne tolker situasjonen etter vår oppfattelse» (Brottveit, 2013). Når barnevernet då viser til barnets perspektiv og barneperspektivet snakkar dei i fyste rekke om generell kunnskap, informasjon om saka og faglege vurderingar, som ikkje er underbygga av barnets egne opplevingar (Brottveit, 2013).

Backe-Hansen (1995) har undersøkt omgrepet barnets beste, og meiner med si forskning at barnets beste må bli forstått som ein forenkla slutningsregel, i staden for ein standard. Ho hevdar at barnets beste dreiar seg om at barnet lever under normale omsorgsvilkår, der barnet får moglegheit til å utvikle seg. Om ein er utanfor denne normalvariasjonen kan det vere nødvendig å gje barnet eit alternativ til oppvekst. Når ein på den måten skal vurdere barnets beste, handlar det i større grad om kva tiltak som er minst skadeleg og ikkje kva som er «best» for barnet (Backe-Hansen, 1995).

I Marie Nordvik (2021) sin doktorgradsavhandling om barn si rett til medbestemming ved omsorgsovertaking, trekk ho fram nokre viktige poeng vedrørande omgrepet barnets beste. Ho visar til at barnet sitt beste på eine sida kan forstås som ein optimaliseringsnorm, som innebera å ha ei heilskapleg vurdering av barnets beste. På andre sida er barnets beste ei avvegingsnorm, der ein må vektlegge ulike moment opp mot kvarandre. Nordvik hevdar at omsynet til barnets beste er ei avsluttande vurdering, der vurderinga av dei gitte forhold på førehand er vurdert.



Samstundes skal vurderinga innehalde ei vektvurdering av kvarvidt heimen er betre enn ei alternativ bustad. Her skal barnet si stemme i utgangspunktet inkluderast i vurderinga, men etter Nordvik sitt syn kjem barnet si stemme til slutt i vurderinga. Når vurderinga av barnet sitt beste allereie er konkludert med kan barnet si rett til medbestemming stille svakt mot dei andre momenta, særleg om barnet si stemme avvikar med den meininga nemnda har (Nordvik, 2021).

#### 3.1.4 Diskursen om eit «riktig» familiebilete

Gjennom faglitteratur, profesjonsutøvarar, blogg og media har normalitetsbiletet av kva som er ein velfungerande familie fått ei enorm diskursiv makt. Det gjer det vanskeleg for enkelte familiar å vise fram foreldrepraksisar som bryt med denne symbolske ordenen for kva som er god barneomsorg. Dette narrativet om familien er så stor sjølvfølge at vi ikkje tenkjer over det i følgje Bruner (2002), som namngir denne prosessen «det kanoniske kulturelle narrativet» (Halsa, 2020).

Carol Smart (2007) har prøvd å undersøke og forklare kva ein familie har av verdi i vår tid. I motsetning til blant anna Beck (1997) og Giddens (1991) sosiologiske teoriar om individualisering og valfridom, hevdar Smart at familiens verdi er viktig for individets sjølvforståing. Særleg vektlegg ho emosjonelle relasjonelle praksisar, og korleis familiehistorie er ein del av individets identitet (Smart, 2007; Beck, 1997; Giddens, 1991, referert i Hals, 2020). Sjølv om familiestrukturen er i endring, har både Morgan (2019), Lareau (2011) og Gillies (2005) understreka viktigheita av familiens relasjonelle verdi. Det visast også til den dominerande makta som definerer ein «normal» familie, og kor viktig det er for eit individ å fortelje ei respektabel historie om familien (Morgan, 2019; Lareau, 2011; Gillies, 2005, referert i Hals, 2020). Om ein tek eit steg tilbake og ser på det biologiske prinsipp, blir det framheva at det biologiske prinsipp skal nyttast som eit utgangspunkt. Altså, det er det beste for barnet å vakse opp hos sine biologiske foreldre om det er mogleg (NOU 2012:5).

Men, det biologiske prinsipp har ei underliggande meining om kva som er ein god nok familie eller omsorgssituasjon, slik Hals (2020) skildrar som normalitetsbilete. Utgangspunktet for ei omsorgsovertaking ligg på ei vurdering av at omsorgssituasjonen til barnet ikkje er god nok, og den vurderinga kan bli sett på noko som er sosialt konstruert fordi vår oppfatning av god barneomsorg er skapt gjennom sosiale føringar, normer og diskursar.

### 3.2.0 Barnets stemme og medverknad

Barnets stemme og medverknad handlar i oppgåva sin kontekst å høyre på og involvere barn i slutningar som angår dei. Det inkluderer å gje dei moglegheit til å uttrykke sine ynskjer, meiningar og behov, samstundes som ein nyttar slike omsyn når ein skal ta slutningar om omsorgssituasjonen deira. I denne delen blir barnets stemme presentert, som til dømes i kva grad barnet kan medverke, balansen mellom deltaking og vern samt tidlegare funn om barnets medverknad i barnevernet og nemnda. Eg vel å nytte forskning om barns medverknad i både barnevernet og i nemnda, fordi dei vil i oppgåva sin kontekst ha relevans til kvarandre.

#### 3.2.1 Barnets medverknad i barnevernet

Elisabeth Gording Stang (2007) har undersøkt 30 barnevernssaker, der føremålet er å sjå på barnets deltaking i barnevernet. Ho fann ut at i 20 av sakene er det ingen skildringar av barnet, og at barnets behov var i hovudfokus i berre 4 saker. Ho hevdar at i kva grad barnet blei sett eller i kva grad barnets stemme kjem fram i dokumenta, fortel oss lite om barnets behov og korleis det er vurdert. Det å høyre barnet er heller ikkje nok for å evaluere barnets behov. Vidare understrekar ho at for at saka skal få eit fullstendig barneperspektiv, må barnet få delta i heile saksgangen med kontinuerleg oppfølging. Barnet bør også i større grad får moglegheit til å vere med på evalueringa av slutningar (Stang, 2007).

Sissel Seim (2007) har undersøkt barn og ungdoms oppleving av medverknad i barnevernet. Det er noko varierende korleis informantane opplever barnevernet, der nokre opplever det som positivt og andre negativt. Hovudutfordringane som går igjen hos informantane er ei kjensle av maktesløyse, vanskeleg å få kontakt, å ikkje bli høyrd eller sett og at sakshandsamar opplevast som ein fjern person. Dei fleste barna i undersøkinga veit ikkje kva medverknad er, og har lite informasjon om sine rettigheter. Dei veit lite om korleis slutningar blir tatt, korleis barnevernet er organisert og kven som bestemmer. Det var få av informantane som hadde blitt høyrd, og enda færre som hadde blitt inkludert i avgjersler (Seim, 2007).

Kristen Sandberg (2010) hevdar at om dei eldre barna skal oppleve at dei bli tatt på alvor, er det naudsynt at deira utsegner kjem fram i avgjerda. Samstundes, om utfallet blir noko anna enn det barnet har ynskja seg, må det gjevast god grunngjeving for kvifor. Sandberg legg også fram i sin artikkel at metode for samtale og barns moglegheit til å følgje saksføreløpet kan auke barns følelse av deltaking (Sandberg, 2010).

Halse mfl. (2021) har forska på profesjonelle sitt syn på barn, og korleis det kan påverke barnet si medverknad. Studien viser at informantane er villige til å informere og høyre barna, men lite tydar på at dei er villige til å gje meiningane noko særleg vekt. Barnet forstår dei som sårbart framfor autonomt. Profesjonsutøvarane tek avgjerder primært på bakgrunn av eit dominerande barneperspektiv, der profesjonsutøvarane «veit best». Barnets eige perspektiv får lite merksemd (Halse, mfl., 2021).

Om ein ser på dette frå barnet sitt perspektiv, viser Veronika Paulsens (2016) forskning at barn og unge i lita grad opplever medverknad i kontakt med barnevernet. Ungdomane i forskingsprosjektet skildrar situasjonar der dei har samtalar med barnevernet, utan å oppleve at dei blir høyrd. Informasjonsoverføring er dominerande i samtalan, og det blir retta lite fokus mot barnets eigne meiningar, tankar og behov. Paulsen konkluderte med at grad av medverknad blir påverka av tal møtepunkt, barnets alder og mest av alt relasjonen mellom barnet og sakshandsamar (Paulsen, 2016).

### 3.2.3 Barnets medverknad i barnevern- og helsenemnda

Tina Gerdts-Andersen og Heidi Aarum Hansen (2020) har gjennomført ein analyse av nemnda sine vedtaksdokument i saker som omhandlar omsorgsovertaking, der føremålet var å undersøke korleis barnets utsegn blir vekta av nemnda. Undersøkingane deira viser at nemnda sine grunngevingar bør styrkast, då vektning av vurderingane opplevast som utydeleg. Til dømes er det behov for å styrke nemndas praksis omkring skrifteleggjing av barnets synspunkt, og kva vekt denne skal ha. Dei framhevar «at barn får rett til å uttale seg i sin egen sak, er imidlertid ikke det samme som at et barn er «hørt»» (Gerdts-Andersen og Hansen, 2020. s. 263). Dei hevder altså med studien at sjølv om barnet får uttale seg, er det ikkje nødvendigvis at dei får sin rett til å medverke tilstrekkeleg (Gerdts-Andersen og Hansen, 2020).

Svein Arild Vis (2014) har undersøkt om nemnda sine avgjersle om omsorgsovertakingar samsvarar med barnets uttalte ynskjer. Samanhengen mellom nemndas slutning og barnets utsegn vart i denne studien nytta som ein faktor for om barnet hadde medverknad eller ikkje. 39.3% av sakane var i tråd med barnets ynskjer, og det var større sannsyn for medverknad om barnet ikkje ynskja nokre endring i sin omsorgssituasjon. Om det var ei ekspertutreiing i saka, blei sannsynet for samarbeid redusert. I 90.3% av sakene, samsvara nemnda si slutning med barnevernets ynskjer. Vis konkluderte med at samanhengen om barnets medverknad avhenger av kva type slutning nemnda skal fatte (Vis, 2014).

Magnussen og Skivenes (2015) har også undersøkt barnets deltaking i nemnda, blant anna om dei blir høyrde, korleis meiningane deira blir vekta, og korleis dei presenterer barnets eige perspektiv på situasjonen. Resultatet viser at barnets meining blir i sju av ti tilfelle ikkje nemnt eller berre kort nemnt. I dei resterande sakene blir barnets meining vurdert og gjeve tilstrekkeleg vekt. Vidare fann dei ut at barnets eige perspektiv sjeldan kjem fram i avgjerdene, som Magnussen og Skivenes hevdar betyr at barnet ikkje er i sentrum av prosessen. Det blir konkludert med at barnets eige syn ikkje er tydeleg i nemnda sine resonnement, og at det er unntaket om barnets meining blir tilstrekkeleg vurdert (Magnussen og Skivenes, 2015).

Det har tidlegare blitt nemnt avhandlinga til Marie Nordvik (2021), der det blir lyst fram hennar perspektiv på vurderinga av barnets beste. Henna avhandling handlar primært om barnet si rett til medbestemming i omsorgsovertakingar, og problematisera om barnet i tilstrekkeleg grad eigentleg har moglegheit til medbestemming. Avhandlinga visar at retten til medverknad er eit vaksenansvar, fordi barna har ei avgrensa rettsleg handleevne og er avhengige av systemet og deira etterleving av barna sine rettigheter. Samstundes visar innhaldet i ei omsorgsovertaking og vurderingsmomenta si rekkefølge, at ein ikkje legg opp til full oppfylling av barnet si rett til medverknad. Nordvik hev også fram at barn si rett til medbestemming krevjar ei endring i synet på barn, der vaksne og særleg slutningstakarar er reflektert over eiga rolle. Barn er ekstra sårbare grunna deira avhengigheit av at samfunnets institusjonar tek vare om dei. Med ei føresetnad om at barn er sårbare og mindre kapable til å vere autonome, kan det svekke moglegheitene til å ivareta barnet si rett til medbestemming (Nordvik, 2021).

### 3.2.5 Barnets stemme det beste for barnet – alltid?

Sjølv om barnet har ein rett til å uttale seg i saker som omhandlar dei, må det bli vurdert om ein samtale med barnet er til det beste for barnet eller om det blir opplevd som ei belastning. Det er viktig å skilje mellom om det er naudsynt å ha ein samtale med barnet eller om ein opplever at ein må snakke med barnet fordi ein er pliktig til å gjere det (Ruud, 2021). Dette kan vere ei relevant problemstilling sidan barnet ikkje alltid ynskjer å uttale seg i saka. Ein må også vurdere om det er naudsynt å presse barnet til å uttale seg, og kva grenser som gjeld for å respektere barnet sine ynskjer. Det er viktig å ha kunnskap om kva som vil kunne vere mest passande for det enkelte barnet og tilpasse kommunikasjonen til barnet sin situasjon og føresetnader.

Dei fleste av oss er kjende med ein myte om at «om du fortel kva som har skjedd blir det betre». Å setje ord på følelsar og hendingar skal på mirakuløst vist gjere ting betre, men er det slik for alle? Anne Kristi Ruud (2021) framhevar denne problemstillinga. Ho legg fram at nokre barn har behov for å fortelje om sine opplevingar, mens andre treng respekt for at ein ikkje ynskjer å fortelje. For nokon krev det tid for å dele opplevingar verbalt, og det er ein prosess barnet må få ta eigarskap over sjølv. Vår utfordring som vaksne er å finne ut kva det enkelte barnet treng, og finne ein balanse mellom barns deltaking og vern (Ruud, 2021).

I sak HR-2019-2301-A vart det heva spurnad om barnet uavhengig har rett til å bli høyrd ved ein samværsfastsetting, eller om omsynet til barnets beste, jf. barnevernloven § 4-1, kan gi grunnlegg for å gjere unntak. Ved denne saka var det fyrste gong Høyesterett tok stilling til eit slikt spørsmål. Saka gjaldt ein gut på sju år, som omtrent heile livet har budd i beredskapsheim og fosterheim. Guten har i fleire høver blitt høyrd ved tidlegare saker, og spurnaden dreia seg difor i stor grad om ei høyring på ny ville opplevast som belastande for barnet. Den rettsoppnemnte sakskyndige konkluderte med at det førelåg særlege førehald som gjorde at det ikkje var fagleg forsvarleg å la barnet uttale seg. Høyesterett har difor gjort unntak om å høyre barnet i gjeldande sak, og hevdar det burde vere heimel for å innlate rettigheita ved særlege tilfelle. Trude Haugli (2020) har kritisert saka, og hevdar at Høyesterett har innfortolka eit unntak sjølv om lovverket unntaksfri heimlar at barnet har rett til å bli høyrd. Ho diskuterer om ein vernar barnet om ein ikkje høyrer og snakkar med dei. Uavhengig av kvar vanskeleg saka er, vil barna likevel bli påverka. Spørsmålet då er om barna opplev meir tryggleik og føreseielegheit om ein ikkje høyrer barna, men «lar barnet leve med resultatet». Haugli hevar fram at barnets rett til å bli høyrd er absolutt (Haugli, 2020).

### 3.3.0 Høyring av barn i fylkesnemnda

Eg har tidlegare presentert nokre forskingsfunn omkring barnets deltaking i nemnda (sjå 3.2.3), og barnevernets oppfatning av nemnda (sjå, 3.3.0). Eg kjem difor avslutningsvis til å fokusere på forskning angående høyring av barn, til dømes talspersonordning og nemndas eiga oppleving.

Statens helsetilsyn (2019) har i ein rapport der dei har gjennomgått 106 barnevernssaker, også sett på nokre praksisar i nemnda. Blant anna har dei sett på undersøkingar av talspersonar sine rapportar, der dokumentasjonspraksisen er svært ulik. I omlag halvparten av rapportane, har talspersonane summert opp barnets sine utsegn med egne ord. I dei resterande sakene har talspersonen referert kvart av spørsmåla som er spurde og barnets svar, i ein siterande skriftform (Statens helsetilsyn, 2019).

Talspersonsordninga har over tid vert nytta hyppigare, og Studsrød, Hovland og Bie (2018) fortel at det i 2017 var oppnemnt talsperson i 95% av sakene. Dei nemnte forskarane har undersøkt korleis nemndleiarar sjølve opplever høyring av barn, og har i det høvet intervjuet 6 nemndleiarar. Informantane i studien framhevar at dei tykkjer barns rett til medverknad er bra, men at det er uklart kva det betyr og korleis ein skal nytte rettigheita i praksis. Det underbyggjer dei med å vise til vanskelege områder som det organisatoriske, det kompetansemessige og vanskar med å forstå barna. Det blir mellom anna problematisert å finne ein god balanse mellom barnets deltaking og vern. Nemndleiarane meiner at dei kan bli betre på å vurdere det barnet fortel, og særleg bli flinkare til å synleggjere barns medverknad og vurderinga av denne. Informantane fortel at dei i nokre høve har bestemt seg på førehand, og på den måten blir det mindre fokus på kva barnet eigentleg fremjar. Dette sitatet frå ein informant underbyggjer denne praksisen; «(...) vi hører jo på barna, men vi hører ikke så mye alikevel. Fordi vi mener at (...) vi voksne vet hva deres beste er» (Studsrød, Hovland og Bie, 2017, s. 71).

Både Voll (1995) og Oterholm (1998) har undersøkt barnevernets oppleving i møte med fylkesnemnda. I studiane kjem det fram at informantane opplev nemnda som ein juridisk arena, der deira og andre partars oppgåve er å forskyve juridisk argumentasjon for å fremje si side av saka. Barnevernsarbeidarane var difor opptatt av ei juridisk tenkjemåte der dei legg fram bevisføringar (Voll, 1995; Oterholm, 1998, referert i Oterholm, 2003). Eriksen og Skivenes (1998) hevdar at fylkesnemnda er eit diskursivt organ, på den måten at alle partars argumentasjon leggjast fram i same rom og får fremje sine argument. Dei meina at på den måten vil partane vere likestilt ved å komme til ordet, og ved hjelp av advokatar kan ein styrke partanes posisjon (Eriksen og Skivenes, 1998, referert i Oterholm, 2003). Dei nemnte studiane er referert til i Oterholm (2003) sin studie. Ho har prøvd å undersøkje om barnevernet og prosessen i fylkesnemnda kan forklarast gjennom diskursteari, og om det påverkar partanes deltaking i prosessen. I studien konkludera ho med at slike instansar ikkje bør strekkje seg etter likestilt deltaking, fordi det må vere rom for tvang. På den andre sida er det eit viktig etisk blikk å sikre partanes deltaking, der ein samstundes er kritisk til makta instansane forvaltar (Oterholm, 2003).

## Kapittel 4: Teori

I del om teori vil eg kort greie ut om dei teoretiske perspektiva som vert anvendt i oppgåva; *sosialkonstruksjonisme* og *maktteori*. Teoriane vil bli satt i kontekst med deira relevans for problemstillinga. Sosialkonstruksjonisme skal bidra til å forstå perspektivet om barnets beste, prinsippet sitt innhald og den praktiske anvendinga av omgrepet. Maktteori skal nyttast til å forstå fylkesnemnda si posisjon og rolle. Teoriane vil bli presentert i henhald til desse tilnærmingane, men vil seinare bli nytta i del om diskusjon i samanheng med kunnskap og funn som er avdekka i oppgåva.

### 4.1.0 Sosialkonstruksjonisme

Korleis ein definerer og oppfattar barnet sitt beste kan avhenge av kven som ser på omgrepet og korleis dei ved hjelp av ideologi, fagleg kunnskap og identitet opplever verda vi lever i. Det finnst ikkje noko absolutt definisjon av kva som er barnets beste, og ein kan difor nytte sosialkonstruksjonisme for å prøve å forstå kva barnets beste er konstruert av.

Sosialkonstruksjonisme tar utgangspunkt i at vår forståing av samfunnet er sosialt konstruert, og at barnets beste difor også vil vere påverka av sosiale mekanismar. Dette er ein tenkjemåte som understrekar at verkelegheita er eit produkt av menneskes sosiale konstruksjonar og kontekstuelle påverkingar. Teorien ser difor vekk i frå verkelegheita som noko objektivt, der ein kan skildre omverda på ei universell og allmenn måte. På den måten vil samfunnet vere prega av ulike verkelegheitsoppfatningar, som er blitt forhandla og konstruert mellom menneske sine sosiale interaksjonar. I følgje sosialkonstruksjonismen blir difor vår oppfatning av kva som er «riktig» eller «feil» konstruert gjennom sosiale og kulturelle prosessar. Slike prosessar inkluderer blant anna språk, normar, verdiar og kollektive eller individuelle erfaringar. Til dømes kan også ulike utdanningar føre til ulike konstruksjonar av verda (Jenssen, mfl., 2020). På den måten kan sosialkonstruksjonisme også hjelpe oss til å forstå korleis ulike samfunnsinstitusjonar konstruerer si forståing av barnets beste.

Med omsyn til vurderinga av barnets beste, kan sosialkonstruksjonisme hjelpe oss med å forstå korleis samfunnets verdiar og normar påverkar og formar våre forståingar av barn og barndom. Samstundes kan tenkjemåten utfordre oss til å reflektere over korleis våre verdiar og normer påverkar vurderingar og handlingar ovanfor barn. Det kan også hjelpe oss med å forstå at det ikkje finnst ein absolutt definisjon av kva som er barnet sitt beste, og at våre forståingar og

vurderingar er kontekstavhengige og påverka av samfunnsmessige faktorar (Jenssen, mfl., 2020).

#### 4.2.0 Maktteori

Nemnda har som andre store institusjonar makt, og ofte er deira innehaving av makt så naturleg at ein ikkje tenkjer over det. Deira form for makt kan ein sjå som ein «juridisk-diskursiv maktførestilling», som kjenneteiknast som ei oppstilling av subjekt som anten innehar makt eller som er undertrykka av den (Bjørge, 2009). Eit døme på dette er formelen; «A har makt over B i den grad A kan få B til å gjøre noe B ellers ikke ville ha gjort» (Engelstad og Thorsen, 2022). Michel Foucault (1926-1984) hevdar makt er noko større enn dette. Han vil ha oss til å sjå at det som kjem mellom oss og «verkelegheita» er avgjerande for korleis vi ser «verkelegheita». Foucaults maktteori fokuserer på korleis makt blir utøvd i samfunnet gjennom sosiale institusjonar og relasjonar. Han argumenterer for at makt er noko som er innlevd i samfunnet, og at det ikkje berre er ein eigenskap ved enkeltpersonar eller ein organisasjon som utøver den. I følgje Foucault er ikkje makt berre noko som strøymar ut frå ein sentral autoritet til ein passiv mottakar, men det fungerer på mange nivå i samfunnet. Han fokuserer særleg på forholdet mellom kunnskap og makt, der språk, diskursar og kunnskap er styrande (Bjørge, 2009).

*Det som kommer mellom oss og «virkeligheten», er språket; det er diskurs.*

(Bjørge, 2009, s.305).

Foucault hevdar at diskurs kan definerast som eit system for å løfte fram eit sett med praksisar og utsegn, som ved å skrive seg inn i institusjonar framstillast som «normale», fastsettjar på den måten kva som er verkeleg. Bjørge (2009) forstår på den måten diskurs som noko som handlar om ein dominerande måte å snakke og tenkje om eit bestemt tema. Diskurs vert konstruert gjennom sosiale praksisar, og ved å fungere som ein norm blir det ein form for makt fordi diskursen er styrande for individet og samfunnet. Samstundes kan ein gjennom sosiale prosessar endre diskursar ved hjelp av nye tenkjemåtar, som gjer at diskursane er til dels dynamiske. Ein slik modell som skildrar kva som er normalt og verkeleg er sosialt produserte fakta (Bjørge, 2009). Både fylkesnemnda og barnevernet er begge delar av det same maktsystem, og med bakgrunn i Foucault kan ein sei at slike typar instansar er påverka av samfunnsmessige diskursar og maktførehold som påverkar deira vurderinga og avgjerder. På



eine sida vil det sei at fylkesnemnda kan bli påverka av samfunnets normer og verdiar, der diskursar fortel oss kva som er «bra» eller «dårleg». På den andre sida vil det sei at fylkesnemnda kan bli påverka av ytre faktorar, som til dømes EMD, forarbeid til nye lover, saker i media, barnevernet og andre instansar. Samstundes har fylkesnemnda i si maktrolle moglegheit til å definere ulike fenomen, gjennom sine ideologiar, kunnskap, erfaringar og meiningar.

## Kapittel 5: Metode

### 5.1.0 Vitskapleg ståstad

Offentlege dokument kan gje oss nyttig informasjon om politiske prosessar og prioriteringar. Slike kjelder nyttast i analyse med tanke på å kartlegge hendingsforløp og for å forstå dynamikken i korleis eit tema eller ei sak er presentert (Skilbrei, 2019). Fylkesnemnda sine vedtak om omsorgsovertaking er omfattande. Dei strekk seg over fleire sider, og inkluderer mangfaldige partar sine meiningar, opplevingar og observasjonar. For å få eit klart bilete av kva sakene gjeld, handlingsforløpet og forklarande årsaksfaktorar, er det viktig å lese vedtaket grundig med eit nøyaktig fokus. På bakgrunn av dette ynskjer eg difor å gjennomføre ei kvalitativ analyse.

Føremålet med oppgåva er å kartlegge samanhengen mellom barnets stemme og vurdering av barnets beste. For å gjere oppgåva samfunnsnyttig, vil spørsmåla vere analytiske i forhold til å avdekke om sosiale situasjonar er som dei bør vere. Samstundes vil forskingsspørsmåla vere av ein konstruktiv art, om korleis sosiale forhold og institusjonar kan betrast. Dette er retningar innanfor forskingsspørsmål som Kalleberg (1996, referert i Thagaard, 2013) knytt til kritisk teori. Kritisk teori legg vekt på ideologiavsløring, der ein har eit kritisk blikk til samfunnets strukturar. Ein kan skildre det som ein «trippelhermeneutikk», som inkluderer forskarens fortolking av verkelegheita samstundes som han har ei kritisk tolking av samfunnsforhold som påverkar personar i feltet. Fokuset er retta mot prosessane, med eit kritisk standpunkt til etablerte institusjonar og interesser i samfunnet (Thagaard, 2013).

Min vitskaplege ståstad i denne masteroppgåva er prega av eit kritisk blikk og sosialkonstruksjonisme. Som forskar har eg valt å undersøke problemstillinga med ein kritisk synsvinkel som tar føre seg maktforskjellar og systemisk ulikskap, særleg når det handlar om barn og deira rettigheter. Eg er opptatt av å sjå korleis ulike samfunnsstrukturar og sosiale konstruksjonar kan påverke barns stemme og deira rettigheter, og i dette høvet fylkesnemnda som institusjon. I dette høve vil det blant anna seie at eg er interessert i å finne ut om møte mellom barn og profesjonsutøvarar veratar barna sine rettar til medverknad.

Som ein sosialkonstruksjonist er eg opptatt av korleis samfunnets og kulturens normer, verdiar og diskursar formar forståinga vår av verda rundt oss. Eg er ein stor tilhengar av sosialkonstruksjonisme, og hevdar at det som blir sett på som «sant» og «normalt» i samfunnet, kan vere skapt gjennom sosiale prosessar. Vi har sjølv sagt absolutte definisjonar, som har

bakgrunn i naturvitskap og biologi. Slike områder set føringar for nokre absolutte behov eit barn har. Men spranget frå naturvitskap til samfunnsvitskap er stort, og her kan det oppstå sosiale prosessar som fortel oss noko om korleis vi forstår verda og aktørane i den. Difor ser eg på barnets stemme og deira rettigheter som noko som formast gjennom sosiale prosessar og samfunnets normer og verdiar.

Eg har i førekant av utforminga av problemstillinga henta informasjon frå artiklar, lovverk, offentlege dokument og litteratur for å skape meg ei ramme rundt kva eg vil studere. På den måten kan ein sei at eg har nytta ein deduktiv tilnærming (Thagaard, 2013). Likevel skapar eg meg ingen hypotesar i førekant, men er nysgjerrig å undersøke eit felt eg opplev vi treng meir medviten om. Når eg analysera dokumenta har eg eit opent men kritisk sinn. Eg vil nytte ei systematisk tilnærming til å undersøke problemstillinga og vil vere open for nye perspektiv og idear undervegs i prosessen. Resultata frå analysen vil seinare bli underbyggja i teori og kunnskap.

### 5.2.0 Dokumentasjonsanalyse

Dokumentanalyse er ein forskingsmetode som nyttar dokument som materiale til forskning. Gjennom vurdering og analyse av dokumenta, er føremålet å nytte dokumenta for å svare på eitt eller fleire forskings spørsmål. Dokumenta som vert nytta er ofte skrivne på førehand, og kan anten vere offentleg publisert eller private. Det som skil dokumentanalyse frå data som forskaren sjølv har innsamla, er at teksten i dokumenta er meint til eit anna føremål enn som forskingsmateriale. Dokumenta må difor bli analysert i den konteksten dei er meint (Thagaard, 2013).

Når ein skal gjennomføre ei dokumentasjonsanalyse krev det grunding undersøking og planlegging av problemstilling. Det inkluderer metodar for å innhente, presentere og analysere materialet. Likevel må ein ha rom for fleksibilitet, slik at oppgåva kan formast etter den informasjonen som vert innhenta (Thagaard, 2013). For å sikre ei grundig og strategisk gjennomføring av analysen vil eg nytte ein kategoribasert analyse. Harriet Holter skildrar ei kategoribasert analyse som ein prosess der ein identifiserer dei kategoriar som er meningsfulle (Skilbrei, 2019). I oppgåva vert den kategoribaserte analysen nytta for å få fram mønster og praksisar knytt til samanhengen mellom barnets stemme og vurdering av barnets beste i fylkesnemnda sine vedtak. Ved å nytte ein kategoribasert framgangsmåte, vil det gjere det mogleg å sjå samanlikningar og ulikskapar i dei inkluderte vedtaka, slik at eg kan trekke ein

konklusjon med bakgrunn i analysen. Eg ser ein slik analysemetode som den mest føremålstenlege for å kunne svare på problemstillinga i oppgåva.

Analyseprosessen inkluderer tre steg for å gjere materialet analyserbart; *koding, kategorisering og tekstreduksjon*. Når ein fyrst skal starte å analysere materialet, har eg opplevd det som naudsynt å lese grundig gjennom dokumenta før vidare analyse. Dette har gjort at eg har skapt ei breiare forståing av innhaldet og samanlikningar i vedtaka. Gjennom ein grundig gjennomgang har eg koda materialet undervegs. Prosessen med å kode inneber at ein definerer ulike omgrep som meiningsfulle (Thagaard, 2013, s.158). Døme på omgrep som kom fram som meiningsfulle for meg er; *barnets stemme, barnets synspunkt, talsperson, barnets beste, vektlegginga av barnets stemme, om barnet, barnets modnad og sårbarheit*. Vidare streka eg ut dei delane som eg opplevde som relevante, og supplerte dokumentet med kommentarar og drøftingar. Corbin og Strauss (2008) definerer slike kommentarar som memos (Corbin og Strauss, 2008, referert i Thagaard, 2013). Koding av materialet gav meg ei klarare oversikt over kva som er relevant å nytte i dokumenta, samt gjorde det mogleg å strukturere ei betre oversikt.

Vidare har eg kategorisert det materialet som er blitt koda, inn i ulike kategoriar. Dei kodane som omhandlar same tema, har blitt slått saman til ein kategori (Thagaard, 2013, s.160). Kategoriane inkluderer tema som har direkte samanheng med problemstillinga, samt kategoriar eg har skapt meg undervegs. Dette har vore ein dynamisk prosess, der eg gjennom analyse og revidering av oppgåva har endra kategoriane i tråd med informasjonen eg har innhenta. Kategoriane eg sat igjen med til slutt er; *om barnet, barnets beste og barnets stemme*. Det har undervegs blitt tatt bort nokre kategoriar som til dømes familiesituasjonen og andre partars utsegn, for å avgrense oppgåva. Kategorien om barnet, har underkategoriar og spørsmål om; er barnet skildra som moden/umoden, er barnet skildra som sårbart og er barnet skildra med vanskar og problem. Her ligg det også implisitt del om barnets omsorgsbehov. I kategorien om barnets beste ligg det underkategoriar om korleis barnets beste er vurdert og kva moment som blir vekta i vurderinga. Til slutt om kategorien om barnets stemme ligg det underkategoriar om kven barnet har snakka med, kva er dokumentert av barnet si stemme, korleis er det dokumentert, i kva grad barnets stemme blir vekta av nemnda og følgjer nemnda barnet sine uttalte ynskjer.

Kategoriane *barnets stemme* og *barnets beste* har direkte tilknytning til problemstillinga, då dette er dei kategoriane eg i hovudsak ynskjer å samanlikne. *Om barnet* er ein kategori som fungerer som supplerande. Barnet si stemme skal bli tillagt vekt etter mognad og alder, i følgje BK art. 12, Bvl. § 4-1 og Grl. § 104. Eg var nysgjerrig på om korleis barnet vart skildra påverka i kva grad barnet sine synspunkt vart vekta i sakshandsaminga, til dømes om barnet sine synspunkt er framheva i vurderinga.

Tekstreduksjonen sitt føremål er å gjere materialet handterbart, ved å redusere tekstens omfang (Skilbrei, 2019, s.183). Eg har i dette høve skreve samandrag om kvart vedtak, som løftar fram den informasjonen som er mest relevant for mi problemstilling. Den nedkorta teksten har eg nytta som eit eige verktøy for å skape ei oversikt når eg skal skrive resultatdelen, og dette har for min del optimalisert analyseprosessen. Noko av reduksjonen er presentert i resultatet, mellom anna kva barnet har sagt i si eiga sak.

### 5.3.0 Innhentinga av datamateriale:

I denne delen av metodekapittelet skal eg forklare grundig korleis datamaterialet vart henta inn, korleis eg har søkt og korleis eg har avgrensa utvalet. Føremålet med presentasjonen er å gje eit klart bilete av korleis dataa er innsamla, slik at andre kan gjennomføre same innsamling av data, og få same resultat som meg.

Eg har gjennomført eit systematisk søk i vedtaksregisteret på Lovdata PRO. Det fyrste søket vart gjennomført 19.09.2022. Eg nytta fyrst søkeorda *Fylkesnemnd, vedtak, omsorgsovertaking* og *barnevernloven §4-12*. Eg avgrensa søket vidare med å nytte Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker som rettskjelde, for å ekskludere materiale frå andre kanalar. Vidare avgrensa eg søket til perioden 2021-2022. Søket gav meg 245 treff. Eg fann seinare ut at ved å berre nytte søkeordet «Barnevernloven § 4-12», med dei same avgrensingane, fekk eg det same søkeresultatet. Eg utførte difor eit nytt søk med dette søkeordet og avgrensingar den 29.09.22, og fekk 250 treff.

Eg hadde då eit utval på 250 vedtak som hadde ein relasjon til omsorgsovertakingar. Dette inkluderte klagar over akuttplasseringar, avtalar om samvær, tilbakeføring av omsorg, endring i plassering av barn, krav om omsorgsovertaking samt spørsmål om omsorgsovertaking. Utvalet var for stort, og eg valde vidare å hente ut dei vedtaka som berre omhandla omsorgsovertaking av barn, både dei vedtaka som blei tatt til følgje og ikkje tatt til følgje. Etter å ha gjennomgått vedtaka sto eg igjen med eit utval av 140 vedtak som omhandla omsorgsovertakingar. 140

vedtak er framleis eit stort datamateriale, og eg valde difor å kategorisere materialet meir grundig for å mogleggjere vidare avgrensing. Tabell 1 visar korleis materialet vart kategorisert.

*Tabell 1:*

Alders kategoriar:	Vedtaka sine utfall:
0-6 år	Vedtak tatt til følgje
7-11 år	Vedtak ikkje tatt til følgje
12-14 år	
15+ år	

*Oversikt over to hovudkategoriar; alder og vedtaket sitt utfall.*

Grunngjevinga for kategorisering av aldersvariablane ligg i barns rettigheter av alder etter lov på vedtakstidspunkta. Etter at barnet har fylt 7 år har barnet rett på informasjon og høve til å ytre si meining om personlege forhold, jf. barnelova § 31 andre ledd. Lovverket er skjønnsbelagt og barn under 7 år kan også ha slik rettighet, om barnet er vurdert som moden. Poenget er at det skal føreligge viktige grunnar for at barnet ikkje er høyrd ved fylte 7 år. Når barnet er fylt 12 år skal barnet si meining og synspunkt bli lagt stor vekt på, og det må føreligge særlege grunngjevingar for at slik praksis ikkje vert gjennomført. Slik lovgjevnad er også heimla i barnelova § 31 andre ledd. Barn som er fylt 15 år kan opptre som eigen part i sak, etter barnevernloven § 6-3 andre ledd. Det med krav om at barnet har forståing for eiga sak. Ein må ha i minnet at barnet ikkje har ei plikt til å uttale seg (Prop. L 133. 2020-2021). Det vil seie at i nokre av sakene er ikkje barnet høyrd, med bakgrunn i at barnet ikkje ynskjer å ta del i saka.

I nokre saker er det fleire barn involvert, og aldersspennet kan variere i ei enkelt sak. Kategoriseringa vil difor bli kategorisert ut frå det eldste barnet i saka. Sakene er henta frå 2021-2022, og den kategoriserte alderen er alderen dei hadde på vedtakstidspunktet. Føremålet her er å sjå i kva grad alder spelar inn, og ein må difor sjå på den dåverande alderen. I dei fleste saker er ikkje fødselsdato presentert, difor vert alder tatt ut i frå årstalet barnet er fødd. Inndelingane av den alderskategoriane visast i tabell 2.

Tabell 2:

Alder	2021 (født årstal)	2022 (født årstal)
0-6	2015-2022	2016-2022
7-11	2010-2014	2011-2015
12-14	2009-2007	2010-2008
15 +	Etter 2006	Etter 2007

*Oversikt over alderskategoriar og årstal det eldste barnet i saka er født.*

Grunna gjennomføringa av vald metode av kategorisering er det ei moglegheit for at barnet er eldre enn kategorien dei er plassert. Dei kategoriserte variablane strekker seg over større aldersgrupper, og det er vurdert at ei slik problemstilling difor vil gjelde eit fåtal av vedtak. Eg vurderer difor kategoriseringsmodellen som gyldig, med atterhald om at nokre vedtak kan avvike. Etter kategoriseringa av vedtaka, vart variablane slik:

Tabell 3:

Alder:	Vedtak tatt til følge:	Vedtak ikkje tatt til følge:
0-6:	47	4
7-11	29	4
12-14	22	7
15 +	24	0

*Oversikt over antal vedtak tatt til følge og ikkje tatt til følge i dei ulike alderskategoriane.*

*Totalt: 137 vedtak.*

I tre av vedtaka inkluderer dei fleire born som har fått forskjellige utfall på sine saker. Sakene inkluderer omsorgsovertakingar som er blitt tatt til følge og ikkje tatt til følge. Dei tre vedtaka er ikkje inkludert i tabellen over. Saman utgjer vedtaka ein total på 140 vedtak.

For å gjennomføre ein kvalitativ analyse treng eg å avgrense tal vedtak meir. Eg ynskjer å sitje igjen med 14 vedtak for analyse, og ser det som tilstrekkeleg materiale for å svare på gjeldande problemstilling. Utveljinga er til dels systematisk, der avgrensinga er styrt av føreseiingar og rettigheiter i lovverket. Etter at barna er fylt 12 år, skal det leggast særleg vekt på deira meining, jf. barnelova § 31. Det vil betyr at barnet har ei stor rettigheit til å bli høyrd, og organa skal legge stor vekt på kva som er barnet sitt synspunkt. Etter at barnet er fylt 15 år kan barnet opptre som eiga part i saka, jf. barnevernloven § 6-3, som vil seie at saka direkte vil gjelde barnet jf. forvaltningsloven § 2. Etter nokre litteratursøk og gjennomgang av tidlegare forskning, valde eg meg ut ei aldersgruppe eg ynskja å sjå nærmare på. Eg vel å sjå nærmare på aldersgruppa 12-14 år, der barnets stemme særleg skal bli vektlagt etter alder men der barnet ikkje er part i eiga sak.

At barnets stemme skal bli høyrd og vektlagt, skal skje uavhengig av utfall i saka, og eg ynskjer difor å inkludere saker som er tatt til følge og ikkje tatt til følge. Utvalet blir difor 7 vedtak som ikkje vart tatt til følge og 7 vedtak som vart tatt til følge. Eg nyttar difor alle vedtaka frå kategorien 12-14 år med vedtak som ikkje er tatt til følge. Vedtaka i denne kategori handlar om omsorgsovertakingar knytt til barnevernlova § 4-12 bokstav a. og d. Det betyr at bekymringa gjeld alvorlege manglar ved den daglege omsorga, eller frykt for at barnet si helse eller utvikling kan bli alvorleg skadd grunna foreldra sine manglar.

For å samle ut vedtak i kategorien om «vedtak tatt til følge», utførte eg ei strategisk utveljing. Eg ynskja i forkant å rydde bort dei vedtaka som omhandlar omsorgsovertaking etter barnevernloven § 4-12 bokstav c., fordi føresegna etter gjeldande bokstav handlar om alvorlege overgrep i heimen. Det er eit grovt brot på omsorg, og det er truleg at i slike saker føreligg det ei omsorgsovertaking uavhengig av barnets meining. Eg ynskja difor å sjå på sakene etter barnevernloven § 4-12 bokstav a., b. og d. Alle vedtaka i denne kategorien omhandla omsorgsovertaking etter barnevernloven § 4-12 bokstav a., og det var difor ikkje naudsynt å sortere ut vedtak etter anna bokstav. Ved gjennomgang av dei 22 gjeldande vedtaka, var barnet part i eiga sak i 5 vedtak. Eg har som tidlegare nemnt at eg vil sjå på barn som ikkje har part i eiga sak, og har difor tatt bort dei vedtaka. Eg sto då att med 17 vedtak eg kunne nytte. For at ikkje mine subjektive meiningar om kva saker som er mest interessante å sjå på vart styrande, valde eg ut dei 7 fyrste sakene i kategorien «vedtak tatt til følge».



Sakene som vart inkludert i analysen er:

Tabell 4:

Tatt til følge	Ikkje tatt til følge
FNV-2021-171-FTF (Gut 12 år.)	FNV-2021-207-FOA (Gut 14 år.)
FNV-2021-101-FOA (Gut 13 år.)	FNV-2022-26-FAG (Jente 13 år.)
FNV-2020-165-FHS (Gut 13 år.)	FNV-2021-199 (Gut 12 år.)
FNV-2021-138-FOS (Jente 14 år.)	FNV-2021-287-FOS (Jente 12 år.)
FNV-2021-139-FOS (Jente 13 år.)	FNV-2021-299 (Barn 6 år, barn 13 år og barn 14 år.)
FNV-2020-215-FTF (Sak 2020/- [0001]) (Jente 12 år) (Gut 4 år)).	FNV-2021-247-FOS (Gut 13 år.)
FNV-2021-208-FOA (Jente 14 år.)	FNV-2021-126-FOA (Barn 3 år, barn 7 år, barn 10 år, barn 12 år.)

Oversikt over inkluderte vedtak.

I nokre av sakene er det fleire born som er inkludert, med ein varierende alder. Barna som er over 12 år vil ha størst vekt på analysen, men ein må ha i minnet at alle barna vil ha ein viss påverknad på korleis vedtaket er gjennomført og skreve. Samstundes skal det ikkje ha noko å seie at det er fleire barn som er inkludert i saka, for barna skal bli høyrde uavhengig av kvarandre.

### 5.3.0 Ethiske refleksjonar

Vedtaka er meint å skildre situasjonen, og kan derfor representere eit samandrag frå kva som har blir sagt i vedtaksmøtet. Ein må ha i minnet at det kan ha føregått prosessar som ikkje er komne fram i vedtaket. Mangel på informasjon er difor ein realitet. Ein kan ikkje skulde på fylkesnemnda og andre partar for å ikkje ha gjennomført ulike prosessar og handlingar, fordi det kan vere handlingar som er gjennomført men som ikkje er dokumentert i vedtaket. Vedtaket blir difor berre ein representasjon av kva fylkesnemnda mfl. meiner er forsvarleg informasjon for å skildre situasjonsbiletet. Likevel gir det oss ein indikator på kva element fylkesnemnda meiner er viktige, til dømes om dei gjev eit forsvarleg bilete av kva barnet meiner om saka, samt korleis dei grunnjev vurderingar av barnets beste.

Samstundes er vedtaka henta frå Lovdata PRO, og ein hovudregel er at kvart femte vedtak skal publiserast der. Det vil difor seie at det er fleire vedtak som eg ikkje har tilgang til som kan vere ei avgrensing av oppgåva, då dei vedtaka kan vere utforma annleis enn dei eg nyttar.

Eg har i tillegg hatt ein etisk refleksjon knytt til mitt utval av vedtak. I kategorien «vedtak ikkje tatt til følge», nyttar eg alle vedtaka som er publisert. I kategorien «vedtak tatt til følge» har eg valt 7 av 17 vedtak. Det er difor ei stor skeivfordeling i utfallet i sakene. Eg har tenkt grundig gjennom om det er greitt å ha ei slik skeivfordeling. Sidan vedtaka ikkje er meint for å samanliknast med kvarandre, men for å berre svare på problemstilling om barnets stemme blir vekta i barnets beste-vurderinga, har eg konkludert med at det ikkje skal ha noko betydeleg påverknad på mi oppgåve. Ein må uansett ha i minnet at resultatet kunne vore annleis om alle vedtaka frå kategori om «vedtak tatt til følge» hadde blitt nytta.

Ein anna etisk refleksjon ved analysen av vedtaka er at det er stor variasjon på kva informasjon som er inkludert i vedtaka. Dei hovudomgrepa eg skal analysere er barnets beste og barnets stemme. Når det er så store forskjellar i korleis nemnda behandlar sakene og dokumenterer forhandlingsmøta kan det vere krevjande å sette alle 14 vedtaka inn i same «mal» for analyse. For å passe på nøyaktig analyse og presentasjon av resultat er det difor viktig å ha rom for fleksibilitet i forhold til korleis eg skal presentere funna mine. Samstundes er vedtaka svært omfattande, og ved ei slutning vil nemnda i fleire tilfelle sjå på heilskapen av situasjonen.

#### 5.4.0 Reliabilitet og validitet

Validitet handlar om oppgåva si gyldigheit, og i ein kvalitativ kontekst handlar det meir konkret om truverdigheit, overføringsverdi og moglegheit for å bekrefte svara. Relevante spørsmål her er om ein undersøker det ein skal undersøkje, og om dataa ein har nytta samt måten ein analyserer dei vil kunne svare på gjeldande problemstilling (Larsen, 2017). Thagaard (2013) supplerer med at validitet handlar om vår fortolking samsvarer med den verkelegheita som er studert. Føremålet med å sikre validitet i forskinga handlar om overføringsevne. Målet er å kunne overføre funna til større grupper enn dei representerte deltakarane, slik at svara vert generaliserte (Larsen, 2017).

Ved ei tydeleg presisering av avgrensingane analyse av vedtak har, har eg vurdert at gjeldande metode vil kunne gje meg eit svar på problemstillinga. For å sikre god validitet i oppgåva er det viktig å undersøke dokumenta i den konteksten den er meint. Ei avgrensing med oppgåva er at eg ikkje har eit stort nok utval til å kunne generalisere funna mine. Likevel kan ein i samråd med tidlegare forskning løfte fram funna, og på den måten vise til eit svar som kan gjelde ein del av populasjonen. Mitt bidrag vil ikkje avklare problemstillinga, men vil kunne rette merksemda mot nokre delar som kan vere interessante for vidare forskning.

Reliabilitet viser til nøyaktigheit og pålitelegheit. Materialet som vert presentert skal ha hald i faktiske forhold, og ikkje bli påverka av forskarens subjektive skjønn eller tilfeldigheter. For å førebyggje oppgåva sin reliabilitet har eg vore grundig og nøyaktig i behandlinga av materialet, samt at eg har vore systematisk i analyseprosessen (Larsen, 2017). For å sikre god reliabilitet i oppgåva har eg nytta ein nøyaktig kodeprosess, som er nytta kontinuerleg og for alle vedtaka. Å ha ein klar strategi for framgangsmåte for databehandling og analysering er ein føresetnad for å halde oppgåva sin reliabilitet høg (Larsen, 2017). Resultatdelen vil difor ikkje reflektere mitt subjektive interesseområde, fordi det er satt tydelege malar for korleis eg skal hente ut resultatet. Når det kjem til vidare analyse og drøfting av funna er det viktig å ha i minnet at diskusjonsdelen kan gjenspegle mitt interesseområde og fagfelt til ei viss grad. Dette nettopp fordi vi forstår verda ulikt, og vil difor forstå resultata i ulike kontekstar på ulike måtar. Likevel skal mine subjektive interesseområde bli underbygd av teori og tidlegare forskingsfunn.

## Kapittel 6: Presentasjon av funn

I denne delen av oppgåva skal eg presentere dei funna eg har gjort etter ein grundig analyse av vedtaka. Barns stemme i nemnda si vurdering av barnets beste er det som er i søkelyset, og alle analysane som er presentert har ei kopling til gjeldande tema. Vedtaka er svært omfattande og inkluderer både saka sitt forløp, partane sine synspunkt, vurdering av barnets omsorgsbehov, vurdering av foreldra si omsorgsevne, barnet sine utsegn og ei heilskapleg vurdering av saka og tiltaka. Dei resultata som vert framheva er difor dei resultata som har ein samanheng med problemstillinga. Det vil seie at barnets stemme og framlegginga av denne, samt den konkrete vurderinga av kva som er barnets beste, vil stå i sentrum. Noko av detaljane i tidslinja til sakene vil ikkje bli presentert, og det er ei avgrensing ved presentasjonen av funna. Ein må ha i minnet at alle delar av saka kan påverke utfallet i sakene, men for å presentere ein systematisk analyse av funna som kan forklare delar av problemstillinga har det vore naudsynt å avgrense.

I denne analysen vil eg fyrst presentere kort korleis vedtaka er bygd opp, for å gi lesaren ei kort forståing av kva materiale eg har nytta i forskingsprosessen. Dette vil samstundes gje eit bilete av kvar dokumentasjonen er ført inn som er relevant å vite i forhold til dokumentasjonspraksisen av barnets meiningar og barnets beste-vurderinga. Vidare i analysen vil eg sjå på korleis fylkesnemnda vurderer barnets beste, og korleis dette er dokumentert. Her blir det trekt fram viktige nøkkelord for slutningane deira, og hyppigheita av korleis dei nyttar omgrepet. Analysen vil vidare fokusere på barnet si stemme i eiga sak, og om nemnda har vektlagt barnets stemme i sine avgjersler. Eg vil også sjå nærare på om barnets ønsker samsvarar med nemnda sine avgjersler, for å sjå om ein kan sjå ein samanheng mellom avgjersle av tiltak og barnets meining. Til slutt vil eg rette fokuset på nokre skildringar av barnet, for å sjå om det påverkar korleis ein vektar barnets stemme i barnets beste-vurderinga. Barnet si stemme skal bli tillagt vekt etter mognad og alder, etter barnevernloven § 6-3, og hensikta med analysen er å sjå om dette faktisk er tilfelle i praksis.

Målet med analysen er å bidra til ei auka forståing av barns medverknad og stemme i eiga sak, og korleis dei kan vere med på å vurdere kva som er deira beste. Vidare håpar eg at analysen kan bidra til ein diskusjon om korleis ein kan sikre ei varetaking av barns interesser i eigne saker, og auka fokus for kor viktig det er å dokumentere vurderingane godt nok.

### 6.1.0 Oppbygging av vedtaka:

Gjennom analyse av vedtaka, har eg registrert at alle vedtaka har ei nokså lik oppbygging. Det er uavhengig av utfallet av saka, kva saka omhandlar og antal barn inkludert i kvar enkelt sak. Før eg presenterer dei delane av resultatet som fortel noko direkte om substansane knytt til problemstillinga, ynskjer eg å gje ei kort framstilling av korleis vedtaka er oppbygd, og kva som er dokumentert i dei ulike delane.

#### 1. Bakgrunn for saka:

Vedtaka startar med ei oppsummerande skildring av kva saka gjeld. For det fyrste blir grunnlaget for kvifor saka er komen opp til diskusjon lagt fram, mellom anna kvifor det var bekymring for barnets omsorgssituasjon, samt kven og kva bekymringa omhandlar. Vidare blir saksgangen skildra. I mange av sakene har samtlege bekymringar vore oppe til diskusjon tidlegare, der bekymringane anten har blitt lagt vekk eller nytta som grunnlag for å setje inn tiltak. Her får lesaren ei skildring av korleis familiestrukturen er bygd opp, og kva bakgrunn barnet/barna og foreldra har, samt den noverande bustadsituasjonen.

#### 2. Partane sine meiningar:

Med partar meiner eg her foreldra og kommunen. Kommunen, altså barnevernet, legg fram sine meiningar i saka, som i alle tilfella gjeld at dei ynskjer eller krev ei omsorgsovertaking. Her kan dei i nokre tilfelle fremje barna sine utsegn, med bakgrunn i tidlegare samtalar dei har hatt med barnet/barna. Foreldra eller foreldra sine meiningar kjem deretter til syne, oftast gjennom ein advokat eller sakskyndig som fremjar deira meining i saka.

#### 3. Fylkesnemndas vurderingar:

Når fylkesnemnda skal kome med si vurdering i saka set dei søkelyset først på nokre lovføringar, mellom anna det biologiske prinsipp, lov om omsorgsovertaking og barnets beste. Dei legg fram at «et grunnleggende prinsipp er at barn skal få vokse opp hos sine biologiske foreldre». Dei supplerer utsegna med å legge fram lovfestinga i barnevernloven § 4-12 bokstav a, at ein kan overta omsorga for barnet om det er alvorlege manglar ved omsorga barnet får eller manglar ved personleg kontakt og tryggleik. Dei legg vidare fram bestemminga i barnevernloven § 4-12 andre ledd, der nemnda fortel at «omsorgsovertakelse må være nødvendig ut frå barnets situasjon, og vedtak kan ikke treffes om hjelpetiltak kan skape tilfredsstillende forhold for barnet». Til slutt i delen om rettsleg utgangspunkt framhevar

nemnda at alle tiltak skal vurderast ut i frå kva som er til barnets beste, jf. barnevernloven § 4-1. Deretter drøftar dei saka, og her er det stor variasjon på korleis dei vektlegg ulike element, korleis dei skildrar saka og kor utfyllande drøftinga er. Nokre av gjengingarane er at dei drøftar og vurderer barnet og barnets omsorgsbehov, dei føresette si omsorgsevne og andre særlege forhold om det er relevant i saka. Drøftinga nyttar dei til å slutte ei avgjersle.

#### **4. Barnets utsegn:**

Vedtaka trekkjer også fram barnet sitt utsegn. Det er variasjonar på når barnet sine utsegn blir løfta fram. I nokre vedtak nyttar dei ei eiga overskrift for å fremje barnets meiningar, mens i andre vedtak kjem barnets stemme fram gjennom ulike delar av vedtaket. Det vil seie at foreldre, barnevernet og andre partar kan trekkje fram barnet si stemme i sine delar. Samstundes er det ikkje alle barna som ynskjer å uttale seg direkte i saka, gjennom talsperson eller å snakke med nemndleiar. I slike tilfelle kan barnet referere til utsegn dei har sagt tidlegare, og hevdar då at dei meiner det same som dei har gjort tidlegare. I dei sakene som er inkludert i analysen har barnet enten uttalt seg til talsperson, nemnda, andre sakskyndige eller referert til tidlegare meiningar. Barnets meiningar kjem difor til syne i alle vedtaka.

#### **6.2.0 Resultat av barnets beste**

Denne delen av resultatet handlar om korleis nemnda har vurdert barnets beste i vedtaka. Det blir ei open framstilling av barnets beste, der ein ser på alle elementa som kan knytast til vurderinga av barnets beste. I fyrste omgang viser resultatet i kva delar av vedtaket nemnda nyttar ordlyden av barnets beste. Føremålet er å vise fram i kva grad nemnda har fokus på ei vurdering av barnets beste, og korleis dei direkte utfører ei barnets beste-vurdering. Deretter vil eg trekkje fram nokre nøkkelord som nemnda nyttar når dei vurderer barnets beste. Det er viktig å ha i minnet at ei barnets beste-vurdering er ein kompleks prosess, og mykje av vurderinga kan skje gjennom nemnda si drøfting. Nøkkelorda er meint for å skildre dei elementa som nemnda særleg legg vekt på i det enkelte vedtaket. Resultatet skal gje ei forståing av kva nemnda vektar i vurderinga av barnets beste, og vil seinare bli nytta i samspel med resultatet om barnet si stemme.

### 6.2.1 Korleis vert barnets beste vurdert?

Barnets beste skal alltid bli gjort greie for ved vurderinga om ein skal slutte vedtak om omsorgsovertaking, jf. barnevernloven § 4-1. Det er noko varierende korleis nemnda vel å nytte prinsippet i vedtaket, og det er også varierende kor hyppig prinsippet vert nytta. Kva som er barnets beste er ei heilskapleg vurdering, med fleire element som er avgjerande for vurderinga. Ofte kan det vere vanskeleg å finne ein direkte link mellom kva som er drøfting og kva som er ei vurdering, fordi dette er ein dynamisk prosess gjennom vedtaket. Dei gjentakande elementa som går igjen i drøftinga er foreldra si omsorgsevne, barnet sitt omsorgsbehov og barnets meining eller synspunkt. Dette er dei områda som implisitt kan skildre og grunngje barnets beste, og byggjar ofte på andre aktørar sine meiningar, tidlegare bevisføringar og barnet sjølv. Men det er svært få tilfelle i vedtaka der nemnda skildrar og grunngjev direkte kva dei hevdar er barnets beste. Eg skal vidare presentere ein gjennomgang av korleis dei nyttar omgrepet «barnets beste» i fylkesnemnda sin del om vurdering av saka, og om dei i noko grad nyttar omgrepet med ei direkte grunngjeving om kva deira vurdering faktisk er. Med direkte meiner eg at det er tydelege element som nemnda legg i si vurdering av barnets beste. Merk at analysen her berre ser på nemnda si vurdering om barnets beste i spørsmålet om omsorgsovertaking, og ser ikkje på vurderinga av samvær eller andre aktørar sine innspel.

Ein gjennomgang av fylkesnemnda sine vurderingar, viser at det er tre måtar for å nytte omgrepet barnets beste. Omgrepet blir nytta som eit vurderingsgrunnlag, som del i rettsleg utgangspunkt og som ein sluttcommentar ved avgjersle av tiltak. Kor ofte nemnda nyttar omgrepet barnets beste i sin del om vurdering varierer frå tre til åtte gongar, med eitt vedtak som skil seg ut der dei nemner omgrepet nitten gongar<sup>1</sup>. Denne saka skil seg også ut i dei andre kategoriane, og er den saka der nemnda flest gongar har vurdert barnets beste i ei direkte form. Om ein ser på dei resterande sakene så er det svært få gongar nemnda har framheva sentrale moment og grunngjeve vurderinga av barnets beste. I dei vedtaka føreligg det anten ingen eller svært få forklaringar på deira barnets beste-vurdering. Eit døme på å direkte vurdere barnets beste der ein faktisk nyttar omgrepet i si vurdering er;

---

<sup>1</sup> Sak FNV-2021-126-FOA

*Når grunnvilkåret om omsorgsovertakelse ikke er oppfylt, mener nemnda at det ikke er til barnets beste å bli skilt fra deres mor. Dette følger av det biologiske prinsipp, som også er utgangspunktet i norsk rett. Det foreligger spesielle omstendigheter ved mor og barnas situasjon som nye i landet, og som overføringsflyktninger. Det er derimot ikke sannsynliggjort alvorlige mangler ved mors omsorg som gjør at det ikke er forsvarlig at barna er i hennes omsorg. (FNV-2021-126-FOA). Eller; *As ønske vil med dette vedtak derfor bli fulgt, og dette vurderes å være til guttens beste, jf. § 4-1. (FNV-2021-247-FOS).**

I den fyste saka har nemnda vist til at det biologiske prinsipp og mor sin omsorgskompetanse er moment som blir vekta i vurderinga av barnets beste, og i den andre saka visar nemnda at dei legg vekt på barnet sitt eige utsegn som det beste for barnet.

Sjølv om det føreligg nokre direkte vurderingar av barnets beste, blir omgrepet om barnets beste oftast nytta i lovteksten. Eit døme på å presentere det i lovtekst er; *Alle tiltak etter barnevernloven skal vurderes ut fra hva som antas å være barnets beste, jf. barnevernloven § 4-1<sup>2</sup>.* Alle vedtaka inkluderer barnets beste i del om rettsleg utgangspunkt, som er ein del som set fokus på vesentlege delar av lovverket, både frå norsk og internasjonal lov.

Grunnen til at eg ynskjer å rette merksemda mot dette resultatet er for å framheve kor vagt ein vurderer kva som er barnets beste, som det å faktisk bruke omgrepet i sine vurderingar. Når nemnda drøftar omsynet til barnets beste dreiar det seg i hovudsak om generelle betraktningar som gjeld prinsippet, men utan at prinsippet i særleg grad prøvast opp mot faktum i saka. Dette gjer dei blant anna ved å nytte omgrepet i den introduserande lovteksten, der dei legg fram tydinga av lova og at dei legg vekt på prinsippet, utan å faktisk forklare kva som eksplisitt forklarar deira vektlegging i barnets beste-vurderinga.

Ein anna måte nemnda nyttar omgrepet barnets beste er som ein sluttkommentar der dei framhevar kva avgjerd dei meiner er til det beste for barnet, utan å diskutere eller vurdere omgrepet noko vidare. Eit døme på dette er; *Avgjørelsen vurderes følgelig å være til As og Bs beste<sup>3</sup>, eller; Et vedtak om omsorgsovertakelse er etter fylkesnemndas vurdering til As beste<sup>4</sup>.* På den måten legg dei vurderinga si opp mot omgrepet barnets beste, utan å direkte vise til konkrete vurderingsføringar, men til heile diskusjonen dei har hatt.

---

<sup>2</sup> Sak: FNV-2021-171-FTF

<sup>3</sup> Sak FNV-2020-215-FTF

<sup>4</sup> Sak FNV-2021-101-FOA



Dette gjeld sjølvstykke ikkje alle sakene, og i nokre av vedtaka opplevast nemnda som meir grundig i deira presentasjon av vurderinga. Dette resultatet viser at nemnda sjeldan viser til ei direkte vurdering av barnets beste, men heller at barnets beste er ein dynamisk prosess og at prinsippet i stor grad er eit overordna omsyn meir enn noko som treng å vurderast direkte. Eg vil seinare gå inn på eit meir implisitt fokusområde, der eg også ser på kommentarar som nemnda hevdar dei vektlegg gjennom å trekkje fram enkelte element. På den måten vil det i større grad vere mogleg å sjå kva som vert vektlagt i barnets beste-vurderingane, og om barnets stemme har del i vurderinga. Eg vil derfor i neste del sjå nærare på dei nøkkelomgrepa nemnda brukar når dei vektar kva dei hevdar er det beste for barnet.

### 6.2.2. Kva vert vekta i vurderinga?

For å finne fram til kva som ligg til grunn i nemnda si barnets beste-vurdering har eg nytta ei koding som framhevar vektlagde nøkkelomgrep. Det kan vere noko uklart kva som ligg til grunn for deira vurderingar i enkelte tilfelle. Det skuldast at nemnda si vurdering involverer ein diskusjon og drøfting av saka, og nokre gongar kjem ikkje kva moment som er vektlagt tydeleg fram. Gjennom kodinga trakk eg ut dei nøkkelorda som direkte kan likast mot nemnda si barnets beste vurdering. Eg sat att med fem kategoriar av nøkkelord;

1. Vilkår oppfylt, vilkår ikkje oppfylt, (nødvendig, ikkje nødvendig)
2. Omsorg, (manglande eller ikkje manglande omsorg, emosjonell omsorg, foreldre si omsorgsevne)
3. Sikkerheit, (tryggleik, overgrep, utvikling og helse)
4. Barnets ønske/meining
5. Ingen nøkkelord, utydeleg

I nokre vedtak trekk nemnda fram fleire element som er vektlagt. Det vil seie at nokre av vedtaka inneheld fleire av dei namngjevne nøkkelorda.

## 1. Vilkår oppfylt/vilkår ikkje oppfylt:

Den fyrste kategorien som er blitt identifisert i analysen, handlar om kor vidt vilkåra er oppfylt eller ikkje. Det vil seie at nemnda har i si vurdering av barnets beste lagt særleg vekt på om vilkåra i barnevernloven § 4-12 er oppfylt, og om dei ser det som naudsynt å utføre ei omsorgsovertaking. Eit døme på slik vektlegging kan ein sjå i sak FNV-2021-139-FOS; (...) *nemnda finner at vilkårene for en omsorgsovertakelse er oppfylt, herunder at en omsorgsovertakelse er nødvendig og (...) til As beste.*

Nøkkelordet om *vilkår oppfylt eller ikkje oppfylt* er nytta fem gongar i vedtaka, og er ei kumulativ vurdering som treng fleire trinn. Å sjå på vilkår som oppfylt som noko som er til barnets beste kan forklarast med at barnevernloven er utforma for å vareta barnets beste og behov for omsorg, tryggleik og utvikling. Om vilkåra er oppfylt, kan det medføre ein fare for barnets utvikling og helse. Ein kan difor sei at ein omsorgsovertaking er naudsynt for å sikre barnets beste. Kategorien inkluderer også vedtak som ikkje er tatt til følge av nemnda, og i slike saker har dei vurdert at vilkåra for ei omsorgsovertaking ikkje er oppfylt og er difor ikkje til det beste for barnet. For å vektlegge eit slik nøkkelord må nemnda vurdere om vilkåra for omsorgsovertaking er oppfylte for å konkludere med kva som er det beste for barnet. I nokre av vedtaka i denne kategorien er det noko usikkert kva nemnda hevdar av vilkår som oppfylt eller ikkje. Til dømes kan ein sjå i sak FNV-2021-171-FTF der det ikkje er nokre andre spesifikke nøkkelord som er linka til barnets beste-vurderinga, men nemnda hevdar at vilkåra er oppfylt og det er derfor nødvendig med ei omsorgsovertaking. I eit slikt høve kan det vere at nemnda har gjort ei vurdering gjennom drøfting, men utan å tydeleggjere momenta som vektleggast i vedtaket.

At nemnda vurderer at det er barnets beste å bu heime når vilkåra for omsorgsovertaking ikkje er oppfylt, ligg truleg i det biologiske prinsipp, slik som vert vekta i sak FNV-2021-126-FOA. Likevel er det svært få vedtak som nyttar det biologiske prinsipp i sine vurderingar. Nokre vedtak har nytta det i sin rettslege del, og berre eitt vedtak har nytta det biologiske prinsipp i si vurdering, då også i samspel med at vilkåra for ein omsorgsovertaking ikkje er oppfylt.

## 2. Omsorg:

Den neste kategorien handlar om omsorg, som til dømes manglande eller ikkje manglande omsorg, emosjonell omsorg og føresette si omsorgsevne. Fire av vedtaka frå mitt utval nytta dette argumentet for å underbygge barnets beste-vurderingar. I vedtaka der ein nyttar omsorg som eit nøkkelomgrep legg nemnda særleg vekt på omsorgssituasjonen til barnet. Det blir framheva som argument i nokre saker at mangel på fysisk og emosjonell omsorg kan ha alvorlege konsekvensar for eit barn sin trivsel, helse eller utvikling. Fysisk omsorg handlar i vedtaka sin kontekst om grunnleggjande behov som mat, klede, hygiene og ein trygg heim. Samstundes kan det innebere tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for barnet i form av merksemd og anerkjening. Dei sakene som nyttar dette som argument, fortel at foreldra ikkje er i stand til å yte fysisk omsorg, ofte på grunnlag av eigne utfordringar. Emosjonell omsorg handlar i vedtaka sin kontekst at foreldra eignar å møte barnet på emosjonelle behov. Det kan gjerne vere barn som har utfordringar i forhold til psykisk helse og utfordrande åtferd, og om foreldra har eigenskapane og kapasiteten til å møte barnet på desse utfordringane. I vedtaka som vert tekne til følgje handlar det difor om manglar på fysisk og emosjonell omsorg og foreldre si omsorgsevne. Eit døme er at dei i sak FNV-2020-215-FTF vurderer at foreldra ikkje er i stand til å yte den omsorgen som barnet treng, med argumentasjon i manglande kapasitet hos foreldra. I ei av sakene<sup>5</sup> under gjeldande kategori var krav om omsorgsovertaking ikkje tatt til følge, blant anna fordi mor si omsorgsevne ikkje har nokre manglar og nemnda ser det som det beste for barna å vere under mors omsorg.

Mangel på omsorg kan ein sjå på i samanheng med kategorien om vilkår er oppfylt eller ikkje, fordi vilkåra i barnevernloven § 4-12 legg fram omsorgssituasjonar som det offentlege ikkje kan akseptere som tilstrekkeleg omsorg. Når nemnda vurderer omsorgssituasjonen som ikkje god nok, kan det derfor bli sett som avgjerande for kvifor ein fattar vedtak om omsorgsovertaking.

---

<sup>5</sup> Sak FNV-2021-126-FOA

### 3. Sikkerheit:

Vidare i neste kategori ser ein på sikkerheit, mellom anna tryggleik for barnet, risiko for overgrep, utvikling og helse. Frå mitt utval var det tre nemnder som nytta argumentasjon om sikkerheit når dei vurderte barnets beste. I sakene som er inkludert under denne kategorien, har nemnda gjort ei vurdering på om barnet er utsett for noko form for fare eller risiko i sin omsorgssituasjon, som kan vere til skade for barnets helse og utvikling. Det er tre vedtak som vektlegg sikkerheit ved vurdering av barnets beste, og i alle sakene har nemnda vurdert at ei omsorgsovertaking er til det beste for barnet. På den eine sida vurderer nemnda at heimesituasjonen opplevast som utrygg for barna, noko som kan påverke utviklinga og helsa deira negativt<sup>6</sup>. På den andre sida legg nemnda vekt på å skjerme barnet frå overgrep, då det kjem fram i saksforløpet at stefar har tatt på barnet sin kropp<sup>7</sup>. Vedtaka som innehar sikkerheit om argumentasjon, følgjer svært alvorlege brot på omsorg. Dette fordi nokre av handlingane, som til dømes seksuelle overgrep, er ulovlege. I slike saker er det difor ikkje tvil om at ei omsorgsovertaking er rett avgjerd, og andre moment vil truleg ikkje ha stor betydning for utfallet.

### 4. Barnets stemme:

Neste kategori handlar om barnets meining eller ynskjer. I desse sakene har nemnda lagt særleg vekt på barnet si stemme i vurderinga av barnets beste. Det er to vedtak som løfter fram barnets stemme som eit viktig element<sup>8</sup>. Her har dei gjort ei direkte vurdering av at barnets uttalte ynskjer er det beste for barnet. Mellom anna trekk dei fram at: *Et vedtak om omsorgsovertakelse er etter fylkesnemndas vurderinger til As beste. Ved vurderingen legges det stor vekt på As eget ønske<sup>9</sup> og; As ønske vil med dette vedtak derfor bli fulgt, og dette vurderes å være til guttens beste, jf. § 4-1<sup>10</sup>*. Det er ikkje djupare skildra enn dei framlagte setningane, men nemnda fortel i desse sakene at det barnet uttrykkjer vurderer dei også som barnets beste. Den eine saka vart krav om omsorgsovertaking tatt til følgje, og i den andre vart tiltaket ikkje tatt til følgje. Sjølv om ikkje sakene utdjupar spørsmålet om barnets beste-vurdering, har begge sakene lengre avsnitt der dei vurderer barnets stemme opp mot faktum i saka. Dei legg vekt på at barnet har vore tydeleg i sine ynskjer, og legg også vekt på barnets tilnærming til foreldra.

---

<sup>6</sup> Sak FNV-2020-165-FHS og FNV-2021-139-FOS

<sup>7</sup> Sak FNV-2020-215-FTF

<sup>8</sup> Sak FNV-2021-101-FOA og FNV-2021-247-FOS

<sup>9</sup> Sak FNV-2021-101-FOA

<sup>10</sup> Sak FNV-2021-247-FOS

## 5. Ingen nøkkelord, utydeleg:

Den siste kategorien om ingen nøkkelord som kan linkast direkte til ei barnets beste-vurdering, er det meir utydeleg kva nemnda egentleg har vektlagt. Vedtaka innehar ei form for drøfting og diskusjonar, slik alle vedtaka er konstruert, men det førekjem ingen element som er tydeleg vektlagt i vurderinga av kva som er til det beste for barnet. Det er fem vedtak som passar under denne kategorien. Sjølv om det ikkje er lagt fram direkte element som kan linkast mot ei barnets beste-vurdering, er det i nokre av sakene vektlagt element i vurderinga om tiltak. I eine saka har dei ingen direkte forklaringar på kva som ligg i deira barnets beste-vurdering, men legg vekt på at vilkår er oppfylt<sup>11</sup>. På ei anna side har dei i vurderinga av tiltak lagt vekt på barnets meining, manglande omsorg og sikkerheit, som foreldra sin oppdragsstil<sup>12</sup>. I ei av sakene under denne kategorien er det ikkje lagt vekt på nokon element i slutninga, heller ikkje i vurderinga av barnets beste<sup>13</sup>. I nokre vedtak kjem det tydleg fram i grunngjevinga av valde tiltak kva som er vektlagt av nemnda i vurdering av barnets beste, også gjennom diskusjon. Det er og tydeleggjort at barnets beste ikkje kan bli forstått direkte, men at dette er ein dynamiske prosess gjennom drøftingar og diskusjon. Det kan difor vere mogleg å tyde seg fram til nokre av vektleggingane, sjølv om det ikkje er i trå med spesifiserte moment. Likevel er det i slike vedtak ikkje alltid eksplisitt nemnt at det er lagt vekt på eit moment.

---

<sup>11</sup> Sak FNV-2021-171-FTF

<sup>12</sup> Sak FNV-2021-208-FOA, FNV-2022-26-FAG og FNV-2020-165-FHS

<sup>13</sup> Sak FNV-2021-199-FMR

### 6.3.0 Resultat av barnets stemme

I denne delen av presentasjon av resultat skal eg sjå nærare på barnets meiningar og ynskjer i si eiga sak. Fyrst skal eg sjå på kven barnet uttalar seg til, der eg seinare vil nytte gjeldande kategoriar for å synleggjere barnets meiningar. Då blir analysen vidare delt inn i kategoriane; *barna som snakka med nemndleiar, barna som snakka med talsperson og barna som snakka med andre*. Når eg då løftar fram barna sine utsegn går eg inn i korleis utsegna er dokumentert, i kva grad dei er dokumentert, kva som er kome til syne og om nemnda vektar barnets stemme. Etter kvar kategori vil eg sjå på likskapar og ulikskapar i dei gjeldande vedtaka. Føremålet er å sjå om barnets talem metode har noko å seie for korleis barnets utsegn vert lagt fram og korleis den vert vekta i barnets beste-vurderinga.

#### 6.3.1 Kva har barnet sagt i si sak?

Den eine kodinga eg nytta ved analyse av vedtaka handla om kven barnet hadde uttalt seg til. Kven barnet har snakka med kjem som oftast til syne i introduksjonen av det enkelte vedtak.

Tabell 5:

Talsperson	6
Nemndleiar	3
Andre	5

*Oversikt over kven barna har snakka med. Nokre vedtak inkluderer fleire barn, men i dei vedtaka har barnet blitt høyrd under same ordning.*

I tabellen ser ein at 6 barn har uttalt seg til oppnemnt talsperson, 3 barn har uttalt seg direkte til nemndleiar og 5 barn har uttalt seg til andre. Kategorien om «andre» betyr at barnet har uttalt seg til andre sakskyndige personar, anten til skulen, psykolog, barnevernet eller til nemnda. Dei har ikkje ynskja å uttale seg på nytt, og refererer difor til tidlegare utsegn. I nokre tilfelle er nemnda usikre på om barnets utsegn er sanne. Det kan ein sjå i sak FNV-2021-299-FOA og FNV-2021-207-FOA der barnevernet og nemnda kjem med påstandar om at barnets stemme nødvendigvis ikkje er det barnet eigentleg meiner. I disse sakene vert det hevda at barna er instruerte i svarea sine.

Vidare skal eg setje søkelys på kva som er dokumentert av barnet sine ynskjer og meiningar, og nyttar framleis kategoriane nemndleiar, talsperson og andre. Føremålet er å sjå om det har noko å seie kven barnet har snakka med, og om det påverkar kva og i kva grad barnets meiningar blir dokumentert og inkludert i barnets-beste vurderingane. I denne delen kjem eg til å vise til eit samandrag av kva barna har sagt i si sak, for å tydeleg vise til den informasjonen eg byggjar mi analyse på.

#### *Barna som har snakka med nemndleiar:*

##### *Sak FNV-2021-138-FOS:*

Det som kjem fram av barnets meiningar og ynskjer kan opplevast noko ambivalent. Nokre av utsegna er presentert under ei overskrift om barnets stemme, i delen som skildrar barnets bakgrunn. Her kjem det fram at barnet tykkjer det er trist å skulle flytte, men at ho fortel til barnevernet og beredskapsmor at det blir bra med avstand til mor ein periode. Det kjem også fram gjennom fleire aktørar at ho har sagt at ho ikkje føler seg varetatt av mor. Med den skildringa kan det tolkast som at barnet ikkje vil bu heime. Men nemnda hevdar at barnet har lyst til å flytte heim, og legg fram at; *det ikke kan legges avgjørende vekt på at A selv ønsker å flytte hjem*. Det barnet seier til sakshandsamar i barnevernet og til andre sakskyndige er difor ikkje i tråd med det nemnda legg fram som barnets stemme. Sjølv om det varierer kvar barnets stemme kjem til uttrykk, blir barnets stemme nemnd fleire gongar.

##### *Sak FNV-2020-165-FHS:*

Barnet si stemme blir presentert i eit eige avsnitt, der barnets stemme er sitert. I sitatet kjem det fram om barnet sin relasjon til far, at han ikkje ynskjer å bu heime, at han er redd for dette samt nokre tankar om situasjonen. Han framstillast tydeleg i sine ynskjer, og er redd for at far skal slå han heime. Han fortel også om sin relasjon til mor og søsken, og at dei har eit greitt forhold. Barnets eigne meiningar blir vekta i stor grad når det kjem til avgjersla, men nemnda fortel ikkje direkte at barnets meining skal tilleggjast stor vekt. Det vil seie at vektlegginga av barnet si stemme kjem til syne i det rettslege utgangspunktet.

*Sak FNV-2022-26-FAG:*

Barnets meiningar og ynskjer kjem til syne gjennom eit eige avsnitt om barnets stemme. Barnet fortel at ho vil bu hjå far, om hennar relasjon til far og mor, situasjonar, følelsar rundt eigen situasjon og situasjonen på skulen. Forholdet til far skildrar ho positivt, og at far hjelper ho med alt ho har behov for. Avsnittet er i samandragsform, men skaper eit tydeleg bilete av kva barnet har sagt og kva som er hennar ynskjer. Nemnda legg stor vekt på barnets ynskjer i vurderinga, og legg til at barnets meining skal tileggjast stor vekt.

*Barna som har snakka med talsperson:*

*Sak FNV-2021-139-FOS:*

Under nemnda si vurdering er barnets stemme plassert under overskrift «barnets uttalte mening», og her kjem det til syne kva ho har sagt til sin talsperson. Det kjem til syne at ho ynskjer å bu hos tanta si, at ho har det bra på skulen, tankar og følelsar omkring situasjonen og andre ynskjer knytt til situasjonen hennar. Nemnda løftar fram at barnets meining skal vektast i stor grad, og framhevar i vurderinga om barnets beste at det er «lagt stor vekt på As egen mening».

*Sak FNV-2020-215-FTF:*

Det kjem fram lite av barnets stemme og ynskjer, sjølv om barnet har snakka med to talspersonar. Det som er dokumentert av barnets ynskjer er at barnet har sagt at ho «ikke på noe tidspunkt (har) vært enig i at hun – eller B (bror) – bør plasseres utenfor hjemmet». I starten av vedtaket hevdar dei at «talspersonenes rapporter er fremlagt i saken». Rapportane kjem ikkje til syne i vedtaket forutan om at ein talsperson legg fram barnets svar i ei kortfatta form når dei spør barnet om ein situasjon i heimen, der stefar skal ha tatt på barnet. Nemnda legg lite vekt på barnet si stemme i si vurdering, og fortel at hennar meining ikkje kan vektast i avgjerande grad.

*Sak FNV-2021-208-FOA:*

Det er lite som er dokumentert av barnets ynskjer i saka, der det som hovudsakleg kjem fram er at barnet vil bu i fosterheim. Utsegnet er ikkje referert til talsperson, så det kan vere usikkerheiter knytt til kven ho har sagt det til. Barnet fortel om nokre situasjonar i heimen angående mors utagering, når ho blir spurt om dette av barnevernet. Nemnda legg likevel stor vekt på barnet si stemme i vurderinga om barnets beste. Dei understrekar at barnets «mening



skal tillegges relativ stor vekt», og legg til at vedtakets slutning er i samsvar med barnets uttalte ynskjer.

*Sak FNV-2021-207-FOA:*

Det er lite som er dokumentert av barnets stemme frå talsperson, og barnets stemme kjem til uttrykk i ulike delar av vedtaket. Informasjonen som kjem fram er at barnet vil bu heime hos mor si, samt litt tankar omkring situasjonen. At han vil bu med mor skal barnet ha uttalt til fleire partar, dette utsegnet kjem difor til syne gjennom fleire delar av vedtaket. Her kjem det også til syne at han uttrykkjer kjærleik til mor si, men at han ikkje har så sterk tilknytning til far. Nemnda legg lite vekt på barnet si stemme i sjølve vurderinga, sjølv om barnet har lyst til å bu heime slik som vert fatta i vedtaket. Nemnda har ein mistanke om at barnet si utsegn kan vere påverka av mor. Det som er vektlagt mest i vurderinga er mor sin omsorgskompetanse, og at det er god relasjon mellom mor og barn.

*Sak FNV-2021-299-FOA:*

Dei to eldste barna i saka har snakka med talsperson. Barnas utsegn blir nemnt noko varierende gjennom vedtaket, og det er ikkje nokre faste punkt der dei fremjar kva som er blitt sagt. Difor er samtalan og ynskja til barna noko utydeleg framstilt. I samtalar miljøterapeutar og barnevernet har hatt med jentene, svarar jentene ofte «vet ikke» på spørsmål knytt til situasjonen deira og om mor. I samtalar med barnevernet har dei vore veldig varsame med å svare på spørsmål, og barnevernet har difor ein mistanke om at dei er instruerte i svara sine. Barnevernet meiner difor at ein må vere svært varsame med å slå fast at utsegna er jentenes eigentlege meiningar. I ein samtale med barnevernet i 2020, fortalde jente1 at ho ynskja å bu hos far. I ettertid har ho vore tydeleg til sin talsperson at ho ynskjer å bu hos mor. Jente2 har også fortalt til sin talsperson at ho ynskjer å bu hos mor, og er veldig tydeleg på sitt ynskje. Kva gutt1 har sagt om saka er veldig utydeleg. Han har gjennom ein telefonsamtale med barnevernet sagt noko om at han ynskjer å bu heime. Telefonsamtalen vart gjennomført saman med dei eldre systrene. Det framkjem veldig lite informasjon om kva barna har snakka med talsperson om. Barna vil bu heime, slik som er utfallet i vedtaket.

*Sak FNV-2021-126-FOA:*

I denne saka har dei tre eldste barna snakka med ein talsperson. Barnets stemme kjem til dels godt til syne, der stemma er dokumentert under eit eige kapittel om barnas meining. Her kjem det fram tema om kvar dei vil bu, fritid, relasjonar og følelsar omkring situasjonen. I tillegg vert mors omsorgsevne løfta fram. Nemnda fortel at gutt2 si meining skal særleg vektast, grunna hans alder. Han blir skildra som noko umoden, men har samstundes vore veldig tydeleg på at han saknar mor og personane han er knytt til i nærmiljøet. Jente2 skildrar ulike situasjonar, og har vore noko ambivalent i sine meiningar. Det kjem til syne til slutt at ho vil heim til mor og nærmiljøet der ho har knytt sterke band med andre barn. Kva som er gutt1 sine ynskjer vert ikkje like ofte skildra som dei andre barna, men i slutten av vedtaket fortel nemnda at gutt1 også har vore tydeleg på at han vil heim til mor. Jente1 har ikkje uttalt seg direkte, då ho er for lita. Ho har likevel uttrykt sagn etter mor si, ved å til dømes rope etter mor når ho er lei seg. Nemnda nyttar barnets stemme i liten grad i drøftinga og vurderinga om barnets beste, men dei legg til at barnets stemme skal vektast i stor grad i avgjersla.

*Barna som har snakka med andre:*

*Sak FNV-2021-171-FTF:*

Barnet fekk oppnemnt talsperson, men ynskte ikkje å uttale seg likevel. Det vart derfor referert til tidlegare utsegn, der barnet hadde snakka med barnet i samband med samtalemøte. Det framkjem ikkje mykje av barnet sine utsegn, men han ynskjer å bu heime. Sitert frå vedtaket fortel barnet at; «det er bedre å bo hjemme». Om han ikkje kan bu heime vil han bu hos mormor. Nemnda legg lite vekt på barnets stemme i vurderinga, men har lagt fram at barnet si stemme skal vektast i stor grad. Barnet ynskjer noko anna enn utfallet i vedtaket.

*Sak FNV-2021-101-FOA:*

Barnet har fått moglegheit til å uttale seg til talsperson eller direkte til nemnda, men har ikkje ynskja dette. Guten har difor vist til tidlegare utsegn i saka, og hevdar han meiner det same som før. Barnet si stemme blir tydeleggjort gjennom fleire delar av vedtaket, men blir i størst grad løfta fram gjennom nokre setningar i nemnda si vurdering. Guten har ved fleire høve sidan 2020 fortalt at han ikkje ynskjer å bu heime, verken hjå far eller mor, legg nemnda fram i vurderinga. Ved ei eventuell omsorgsovertaking ynskjer han ikkje samvær med far. Han fortel at han heller ikkje ynskjer å ha mor i livet sitt, at han ikkje vil ha så mykje kontakt og at samvær ein gong i

månaden er nok. Han ynskjer tilsyn under samværa. Barnet er svært tydeleg i sine ynskjer, og nemnda framhevar at «ved vurderingen legges det stor vekt på As eget ønske».

*Sak FNV-2021-199-FMR:*

Barnet har vore i samtale med ein psykolog som har vidareformidla barnets meiningar og ynskjer. Det framkjem ingen informasjon om barnet har fått moglegheit til å uttale seg til talsperson eller nemndleiar, eller om han ynskjer dette. I skildringa av barnets stemme er delar av samtalen sitert i eit eige avsnitt, der dei har henta sentrale utsegn. Det kjem fram at barnet ynskjer å bu heime, ei skildring av relasjonane hans til foreldre og søsken og tankar om samvær. Barnet fortel også at om det skulle skje ei omsorgsovertaking ynskjer han å bu på barnevernssenteret han er no, og skildrar korleis han har det der. Nemnda framhevar at dei legg vekt på barnets stemme i slutninga av vedtaket, men nyttar ikkje barnet si meining ytterlegare i vurderinga om kva som er barnets beste.

*Sak FNV-2021-287-FOS:*

Barnet har i følgje barnevernet ikkje ynskja å uttale seg i saka, men det står ingenting om nemnda har gjeve barnet tilbod om talsperson eller samtale med dei. Barnet si stemme har difor kome til syne gjennom ein sakskyndig i skulen, og meiningane vert tydeleggjort i eit eige avsnitt under barnet sine omsorgsbehov i vurderinga. Det kjem fram at barnet ynskjer å bu 50/50 hos begge foreldra. Det vert også dokumentert barnet sine skildringar om ulike situasjonar, som i hovudsak handlar om ein konflikt mellom foreldra. Barnet uttrykte at ho ynskja å vere «en helt vanlig familie som ikke kranglet så ofte». Sjølv om ikkje barnet har uttalt seg i omsorgssaka, har det kome tydeleg fram i bevisføringa kva barnet ynskjer. Nemnda legg til grunn for at dette er barnets meining, men fortel ikkje utover dette at dei gjev barnet si meining stor vekt.

*Sak FNV-2021-247-FOS:*

Barnet fekk moglegheit til å uttale seg i gjeldande sak, men ynskja ikkje dette og refererte til tidlegare utsegn frå ei barnesamtale med nemndleiar og ein sakskyndig. Barnet sine utsegn kjem fram i eit eige kapittel under nemnda si vurdering, der dei har sitert delar av samtalen. I samtalen sin er han tydeleg på at han vil bu heime med mor. Om ynskjet ikkje er mogleg, vil han bu hos mormor og morfar. Mormor og morfar bur på vedtakstidspunktet i same huset som mor, og guten vil i realiteten difor bli buande i same hus. Han fortel vidare at han har det fint på den nye skulen, og at han er sosialt aktiv på fritida. Barnets utsegn blir i stor grad vekta, og nemnda konkluderer med at gutens utsegn «vurderes å være til guttens beste, jf. § 4-1.».

### 6.3.2 Ein analyse av kva barnet har sagt i alle vedtaka:

Etter ein gjennomgang av alle vedtaka er det disse presentasjonane som kjem til syne av barna sine utsegn. Det kan i nokre vedtak vere noko utydeleg kven barnet har sagt sine ynskjer til, sjølv om det i utgangspunktet er informert om kven barnet har snakka med i førekant av møtet. Grunnen kan vere at i mange av vedtaka kjem barnet si stemme til syne gjennom fleire delar av vedtaket. Nokre vedtak har eigne kapittel der barnets stemme kjem fram, mens i andre blir barnets stemme fremja gjennom meir tilfeldige delar gjennom heile vedtaket. Det vil seie at barnets stemme kjem til syne både gjennom den sakskyndige barnet har snakka med, som nemndleiar, talsperson og andre, men også gjennom føresette, barnevernet og eventuelle andre partar. Kva barnet eigentleg ynskjer kan difor i nokre saker vere vanskeleg å tyde, fordi partane kan leggje fram motstridande meiningar om kva barnet har sagt, som til dømes i sak FNV-2021-138-FOS.

For dei barna som snakka med nemndleiar ser ein at dei fleste vedtaka trekkjer fram fleire element om barnets meiningar, ynskjer og følelsar. Dei fleste av sakene nyttar barnets stemme i vurderinga<sup>14</sup>, og nokre framhevar også at barnets meining er tillagt vekt<sup>15</sup>. Vedtaka har eigne kapittel eller avsnitt for å presentere barnets stemme, som gjer at barnets utsegn kjem tydeleg til syne. Ei sak avvikar frå norm i denne kategorien<sup>16</sup>, fordi informasjonen som kjem fram av barnets stemme samsvarar ikkje med kvarandre. Kva barnet eigentleg ynskjer kan difor vere noko uklart. Barnets stemme kjem også her til syne gjennom eit eige avsnitt med eiga overskrift, men det nemnda trekkjer fram i sin vurderingsdel er berre deira forhold til barnets utsegn og tillegg ikkje noko supplerande i kva barnet har fortald til dei i forkant av møtet.

For dei barna som har snakka med talsperson er det i samanlikning til dei andre kategoriane, mindre informasjon om barnets stemme som kjem til syne. Veldig sjeldan refererer vedtaka direkte til at barnets utsegn er noko som er sagt til talsperson, og det kan vere utydeleg kven barnet har sagt sine utsegn til. Kva som er sagt til talsperson og kva som er sagt til andre aktørar kan difor vere noko utydeleg framstilt. I nokre av vedtaka er det likevel ei breiare skildring av barnets stemme, der dei løfter fram barnets meiningar, tankar og ynskjer under eige avsnitt<sup>17</sup>. I desse vedtaka er barnets stemme i større grad inkorporert i nemnda sine slutningar, og vert i større grad nytta som eit verktøy for å vurdere barnets beste. På den andre sida viser resterande

---

<sup>14</sup> Sak FNV-2020-165-FHS og FNV-2022-26-FAG

<sup>15</sup> Sak FNV-2022-26-FAG

<sup>16</sup> Sak FNV-2021-138-FOS

<sup>17</sup> Sak FNV-2021-139-FOS og FNV-2021-126-FOA

vedtak mindre dokumentasjon av barnets stemme, til dømes at vedtaket er tydeleg på kvar barnet ynskjer å bu men det er lite informasjon utover dette. Nokre vedtak nemner i korte trekk barnets skildringar av spesifikke situasjonar, og andre forhold. Men det er manglande informasjon om barnets oppleving, følelsar og tankar omkring situasjonen.

Til slutt blei barnets ytringar til andre presentert. I nesten alle sakene under gjeldande kategori har nemnda lagt vekt på barnets stemme. Samstundes er barnets meiningar og ynskjer tydeleg løfta fram, og vedtaka framhevar ytringar om kvar barnet vil bu, relasjonar til føresette og andre, tankar knyta situasjonen og andre skildringar der barnet fortel korleis dei har det. I dei fleste vedtaka er barna sine utsegn presentert under eigne avsnitt eller overskrifter, men eitt vedtak har presentert barnet sine ytringar gjennom enkelte setningar under nemndas vurdering<sup>18</sup>. Ei sak avviker frå norma i denne kategorien<sup>19</sup>, ved at vedtaket berre viser at barnet ynskjer å bu heime. I denne saka vart det slutta omsorgsovertaking, som betyr at nemnda fatta eit anna tiltak enn det barnet sjølv har ynskt.

I nokre av vedtaka under gjeldande kategori er det manglande informasjon om barnet har fått moglegheit til å ytre si stemme til ein talsperson eller nemnda. I eine saka er det barnevernet som hevdar at barnet ikkje ynskjer å uttale seg<sup>20</sup>, og i ei anna sak føreligg det ingen informasjon om barnet har blitt spurd eller om barnet ynskjer å uttale seg<sup>21</sup>. I resterande av sakene har barnet fått moglegheit til å uttale seg direkte til nemnda eller til talsperson, men har ikkje ynskt dette. Dei har då snakka med andre sakkunnige som har lagt fram synspunkta deira, og nokre barn refererer også til tidlegare utsegn i samtalar med nemnda eller ein anna sakkunnig.

Sjølv om det i nokre saker er ei tydelegare framstilling av barnets stemme, får barnets stemme mykje mindre plass i vedtaket enn andre moment, som barnets omsorgsbehov og foreldre si omsorgsevne. Barnet si stemme tar også mindre del i sjølve vurderinga, og står gjerne for seg sjølv utan å bli nytta i den heilskaplege vurderinga. Med det meinast det at til dømes barnet sitt omsorgsbehov og foreldre si omsorgsevne er moment som prøvast opp mot faktum og som kan bli veid opp mot kvarandre. Barnets stemme blir i liten grad prøvd opp mot andre moment, og står difor litt som ein eigen del som blir vurdert for seg sjølv. Det som utpeikar seg som interessant med denne analysen er at i dei sakene der barnet har snakka med talsperson, er det

---

<sup>18</sup> Sak FNV-2021-101-FOA

<sup>19</sup> Sak FNV-2021-171-FTF

<sup>20</sup> Sak FNV-2021-287-FOS

<sup>21</sup> Sak FNV-2021-199-FOA

mindre av barnet si stemme som er dokumentert enn om dei hadde snakka med nemndleiar eller andre. Kva som kan vere årsaka til dette vil bli drøfta i del om diskusjon.

### 6.3.3 Følger nemnda barnets uttalte ynskjer i si slutning?

Alle vedtaka har lukkast med å få fram kvar barnet vil bu, og det kan nok tenkjast at dette er den viktigaste ytringa å få fram då sakene handlar om kvar barnet skal bu. Under denne delen av resultatet vil eg difor rette merksemda mot dette: *Fattar nemnda same vedtak som det barnet har ynskja seg?* Sidan vurderinga av barnets beste er kompleks, kan det vere interessant å sjå på nokre element som kan eller ikkje kan vise i kva grad nemnda vektlegg barnets ynskje i barnets beste-vurderinga. For å sjå meir nøyaktig på korleis nemnda vurderer barnets stemme vel eg difor å sjå nærare på dette spørsmålet. Spørsmålet vert då om nemnda følger barnet si meining i slutninga, sjølv om dei ikkje understrekar at dei legg særleg vekt på barnet si stemme og nyttar barnets ynskjer direkte i drøftinga og i barnets beste-vurderinga.

*Tabell 6:*

Utfall vedtak:	Ja	Nei
Vedtak tatt til følge	3	4
Vedtak ikkje tatt til følge	7	0

*Tabell som viser om nemnda har følgd barnet si meining ved avgjersla.*

Tabellen over viser om barnet ynskjer å bu heime eller ikkje, og utfallet i saka. Det vil seie at i 11 av vedtaka så får slutninga i vedtaket same utfall som det barnet har ynskt. I dei vedtaka som ikkje er tatt til følge ynskjer alle barna å bli buande heime, og sidan slutninga er at omsorgsovertaking ikkje vert teke til følgje får barnet bu heime. I vedtak tatt til følge er det 4 av 7 barn som ynskjer å flytte vekk frå heimen sin, slik som skjer i slutninga. Det er difor berre tre vedtak der barna ynskjer å bu heime, men der nemnda ikkje følger barnet sine ynskjer. Fylkesnemnda sine avgjersler er ikkje alltid i tråd med barnets uttalte ynskjer, men det er viktig å merke seg at barnas ynskjer om å bu heime kan vere motivert av andre årsaker, som til dømes søsken, nærmiljøet eller lojalitet til foreldre. Eg vel likevel å gå nærare inn i desse tre vedtaka, og sjå om ein kan finne ein samanheng som kan forklare dette. Sakene dette gjeld er FNV-2021-171-FTF, FNV-2020-215-FTF og FNV-2021-138-FOS.

Det fyrste som kjem fram som ein likskap i dei tre vedtaka er at barnets stemme i liten grad kjem til syne. To av sakene<sup>22</sup> framhevar berre kvar barnet ynskjer å bu, og dokumenterer dette i enkelte setningar. Det er også viktig å merke seg at desse sakene er behandla i den same nemnda. I den tredje saka<sup>23</sup> føreligg det meir informasjon om barnets stemme enn i dei to andre, men informasjonen som dei ulike partane hevdar er barnets stemme strid i mot kvarandre. Framstillinga av barnet si stemme er difor utydeleg. Nemnda legg heller ikkje noko særleg vekt på barna sine ytringar i vurderinga si, men vektlegg heller andre element som styrande for deira drøfting. Ein kan difor seie at det er ein samanheng med at i dei sakene der nemnda si avgjersle ikkje stemmer over eins med barnet sine ynskjer, vektlegg dei ikkje barnets stemme og løftar i lita grad fram barnets stemme.

### 6.3.3 I kva grad blir barnets stemme tillagt vekt?

Eg har over presentert resultat om fylkesnemnda følgjer barnets uttalte meining i deira avgjerd. Vidare ynskjer eg å løfte fram tydelegare vekklegginga av barnets stemme, som til dømes om dei har direkte eller indirekte vektlagt barnets stemme, om dei ikkje har tillagt barnets stemme eller om dei ikkje fortel noko om det. At dei vektlegg barnets stemme direkte vil seie at dei i den konkrete vurderinga viser til at dei har vektlagt barnets stemme i vurderinga. Å vektlegge barnets stemme indirekte vil seie at dei inkluderer lov om å vektlegge barnets stemme som ein rettsleg del, eller ved å vise til lovverk i del om vurdering eller som sluttkommentar ved avgjersle.

#### *Der nemnda har tillagt barnets stemme vekt:*

I åtte av vedtaka tillegg nemnda barnets stemme vekt. Korleis dei vektlegg barnets stemme gjer dei anten i ei direkte eller indirekte form i vurderinga. Eit døme på direkte vektlegging av barnets stemme er; *Ved vurderingen har også nemnda lagt vekt på barnets mening,*<sup>24</sup> eller; *Ved vurderingen av disse spørsmålene, finner fylkesnemnda å måtte legge stor vekt på As klart uttalte ønsker i saken*<sup>25</sup>. Her fortel dei i ei direkte form at dei har nytta barnets stemme og vektlagt den i vurderinga. Dei fleste vedtak der nemnda har vektlagt barnets meining, har dei nytta ei slik form for å vise til vektinga.

---

<sup>22</sup> Sak FNV-2021-171-FTF og FNV-2020-215-FTF

<sup>23</sup> Sak FNV-2021-138-FOS

<sup>24</sup> Sak FNV-2022-26-FAG

<sup>25</sup> Sak FNV-2021-101-FOA

Døme på ei indirekte form for vektlegging er; *Han er 12 år, snart 13 år og hans mening skal tillegges vekt etter hans alder og utvikling*<sup>26</sup> eller; *Ut ifra barnets mening skal tillegges vekt (...) dannet sakkynndige seg et inntrykk av en jente som ønsker mer kontakt med moren sin*<sup>27</sup>. I fyrstnemnte døme fortel ikkje nemnda om dei har eller korleis dei har tillagt barnets mening noko vekt, men framhevar at barnet skal tilleggjast vekt etter hans alder og utvikling. Det er ei indirekte vektlegging, fordi barnets rettigheter om å bli tillagt vekt blir framheva, men dei faktisk forholda er ikkje presisert. I sistnemnte døme er det ikkje barnets mening som blir tillagt vekt. Dei framhevar igjen rettigheita om å vurdere og leggje vekt på barnets mening, men det er den sakkunnige si oppfatning av kva barnet ynskjer som trekkjast fram. Å leggje vekt på barnets stemme i ei indirekte form viser difor ikkje til ei faktisk vektlegging av barnets stemme, men refererer heller til lov som fortel at barnet skal bli høyrde etter alder og modnad.

I nokre saker tilfører nemnda vektlegginga moment som gjer at vurderinga prøvast opp mot faktum i saka. Eit døme på slik tilførsel er; *Ved denne vurderingen har nemnda lagt vekt på at A selv er helt klar på at hun ikke har tillit til mor, og hun har et sterkt ønske om å plasseres i fosterhjem nå*<sup>28</sup>. På den måten synleggjer nemnda at dei har vurdert jenta si stemme, og kan sjå det i tråd med mors omsorgskompetanse der jenta uttrykker mistillit til mor. Det er likevel i eit fleirtal av sakene ikkje blitt supplert ein kommentar der ein koplar barnets stemme i vurderinga opp mot andre moment. I dei sakene kan ein ikkje seie noko om vektlegginga er prøvd opp mot faktum i saka, og at nemnda har gjennomført ei utreiing av barnets stemme i samanheng med andre moment. På den sida viser resultatet heller ei bevisstgjeriing omkring lovverket, der ein er plikta til å vise til om ein har vekta barnet si mening.

---

<sup>26</sup> Sak FNV-2021-126-FOA

<sup>27</sup> Sak FNV-2021-287-FOS

<sup>28</sup> Sak FNV-2021-208-FOA



*Der nemnda ikkje har tillagt barnets stemme vekt:*

I tre av sakene<sup>29</sup> har ikkje nemnda vektlagt barnets stemme. I dei vedtaka dette gjeld har barnet eit ynskje om å bu heime, men nemnda er ueinig og fortel difor at barnets meining ikkje kan vektast noko særleg. Eit døme på ei slikt utsegn er; *Manglene i den emosjonelle omsorga er etter nemndas syn i dag så store at det ikke kan legges avgjørende vekt på at A selv ønsker å flytte hjem*<sup>30</sup>. Nemnda underbyggjer vurderingane sine om å ikkje følgje barnets stemme med å framheve at barnet ikkje har innsyn i eige omsorgsbehov, innsyn i foreldres svakheiter, innsyn i manglande emosjonell omsorg og risikoar for å bu heime. I alle tre vedtaka har nemnda gjeve ei kortfatta forklaring på kvifor dei ikkje kan følgje barnets stemme, og har i vurderinga lagt vekt på andre element som barnets omsorgsbehov og foreldre sin omsorgskompetanse.

*Der nemnda ikkje fortel noko om vektinga:*

I tre av vedtaka står det ikkje noko om nemnda har tatt omsyn til barnets synspunkt eller om dei har blitt vurdert i det heile. I to av vedtaka<sup>31</sup> manglar det informasjon om korleis barnet si stemme har blitt vurdert og om barnet sine synspunkt er vekta i noko grad. I desse vedtaka har nemnda fatta same tiltak som det barnet har ynskja i sine utsegn, men dei viser ikkje til kva rolle eller vekt barnet si stemme faktisk har i saka. Det kan vere viktig å merke seg at nemnda kan ha gjennomført ei anna vektlegging i forhandlingsmøte gjennom munnleg dialog. Likevel er nemnda pålagt etter barnevernloven § 7-19 tredje ledd, å dokumenter kva vekt barnet si stemme er tillagt, men dette framkjem ikkje av vedtaka.

---

<sup>29</sup> Sak FNV-2021-138-FOS, FNV-2020-215-FTF og FNV-2021-171-FTF

<sup>30</sup> Sak FNV-2021-138-FOS

<sup>31</sup> Sak FNV-2020-165-FHS og FNV-2021-207-FOA

#### 6.4.0 Resultat av «om barna»

Til slutt i resultatdelen ynskjer eg å setje søkelyset mot nokre resultat frå «om barna». Barnet si stemme skal høyrast og vektleggjast etter alder og modnad, etter blant anna BK art. 12, bvl. § 6-3 og Grl § 104. Eg ynskjer difor å trekkje fram nokre skildringar av barnet, for å sjå om desse skildringane har ein påverknad på korleis barnets stemme kjem til syne og tar del i vurderinga. Noko av grunnen til at spørsmål om omsorgsovertaking vert heva, handlar i mange tilfelle om barnet sitt omsorgsbehov og på den måten korleis ein har vurdert barnets omsorgsbehov. I denne delen vert det løfta fram skildringar av barna som modne, umodne og sårbare.

#### 6.4.1 Dei modne og umodne barna

I fire av vedtaka er barnet skildra som moden<sup>32</sup>. I alle sakene framkjem det varierende dokumentasjon av barna sine meiningar, men alle barna fortel kvar dei vil bu. Det er også variasjon i kvar dei vil bu, der tre barn<sup>33</sup> ynskjer å bu heime mens det siste barnet<sup>34</sup> ynskjer å flytte. I ei av sakene<sup>35</sup> vil barnet bu heime men nemnda hevdar at det beste er å flytte, nemnda framhevar difor at sjølv om barnet er moden så har ikkje barnet *innsikt i egne omsorgsbehov eller svakhetene i omsorgssituasjonen hos mor*<sup>36</sup>. I dei tre andre sakene fylgjer nemnda barnets ynskje i avgjersla, men det er varierende i kva grad dei nyttar og vektar barnets stemme i vurderinga av kva som er barnets beste. I den eine saka blir barnets stemme i større grad vekta og løfta fram i nemnda si drøfting og vurderinga av saka, mens i dei andre sakene<sup>37</sup> blir barnets stemme i mindre grad løfta fram i sjølve vurderinga.

I to av vedtaka vert barna skildra som umodne<sup>38</sup>. I begge sakene vert barna skildra som seine i si utvikling, med særleg vektlegging på fagleg og sosial utvikling. At barna er sårbare vert også skildra i samanheng med at dei er umodne. Barnet i sak FNV-2020-215-FTF ynskjer å bu heime, men nemnda er ueinig og konkluderer med at kommunen skal overta omsorga for barnet. Nemnda framhevar at sjølv om barnet er skildra som umoden er *det åpenbart at hennes mening har betydning for saken*<sup>39</sup>. Likevel kan ikkje barnets meining vektast i avgjerande grad, men nemnda landar på at det er truleg at barnet har hatt mange positive opplevingar med foreldra til

---

<sup>32</sup> Sak FNV-2021-171-FTF, FNV-2021-208-FOA, FNV-2021-287-FOS og FNV-2021-299-FOA

<sup>33</sup> Sak FNV-2021-171-FTF, FNV-2021-287-FOS og FNV-2021-299-FOA

<sup>34</sup> Sak FNV-2021-208-FOA

<sup>35</sup> Sak FNV-2021-171-FTF

<sup>36</sup> Sak FNV-2021-171-FTF

<sup>37</sup> Sak FNV-2021-287-FOS og FNV-2021-299-FOA

<sup>38</sup> Sak FNV-2020-215-FTF og FNV-2021-126-FOA for det eldste barnet

<sup>39</sup> Sak FNV-2020-215-FTF

tross for omsorgssvikta. I sak FNV-2021-126-FOA ynskjer barnet å bu heime og nemnda er eining i at det er rett avgjersle. Sjølv om han er skildra som noko umoden har han heile vegen vore veldig tydeleg på at han ynskjer å bu heime med mor. Nemnda hevdar at barnet treng kontinuitet i omsorga og at det beste er å bu hos mor. I begge vedtaka kan det opplevast som nemnda har godt forståing for barnet sine ynskjer, og grunngjev godt kvifor og kvifor ikkje dei følger barnets meiningar.

Det resultatet viser, er at barnet si stemme blir eigentleg ikkje blir tillagt vekt etter modnad. Dette fordi ein ser at barnet kan vere skildra som moden sjølv om ein ikkje følger barnets stemme, og på den andre sida kan barnet vere skildra som umoden men ein vel å følgje barnets ynskjer. Barnets skildring er difor ikkje ein indikator på om ein skal følgje barnets stemme eller ikkje, men fungerer her heller som ei eiga vurdering av barnet som ikkje påverkar den si stemme i noko særleg grad.

#### 6.4.2 Dei sårbare barna

Vidare skal vi sjå nærare på dei sårbare barna, kva som ligg til grunn for ei slik skildring og om det har noko påverknad på barnets stemme. Her er det to ulike måtar dei framhevar ordlyden, der dei på eine sida hevdar at barnet er sårbart og på den andre sida hevdar at barnet har ein sårbarheit. Kva dei to omgrepa eigentleg vil seie for barnet er det eg ynskjer å løfte fram her.

Det er totalt 11 barn i 8 av vedtaka<sup>40</sup> som vert skildra som sårbare. Ein gjengangar som går att i dei fleste tilfelle er at barna blir skildra som sårbare grunna tidlegare opplevingar i livsløp og heim. Opplevingane kan ha påført barna ulike vanskar, som til dømes utfordrande åtferd, vanskar med sosial fungering, ikkje-adekvat utvikling og andre diagnosar knytt til psykisk helse. Barna kan nok ha utfordringar sjølve, men slik nemnda legg fram omgrepet «sårbare barn» handlar det i stor grad om eit livsløp med fleire utfordringar som har påverka barnet si psykiske, emosjonelle, kognitive og sosiale helse. Sårbare barn blir difor eit samla omgrep med fleire aspekt som spelar inn over ei lengre tid, og handlar i mindre grad om spesifikke diagnosar og hendingar. I vedtaka tar nemnda si vurdering av barnet stor plass i vurderinga og drøftinga, men det er varierende i kva grad nemnda tillegg omgrepet sårbare barn vekt. I nokre saker nyttar nemnda stor skrifteleg plass til å legge fram sakkunnige sine vurderingar og hendingar i livet til barnet, foreldras ståstad, barnas diagnosar og vanskar. I andre saker er det berre ein diagnose eller eit spesifikt moment i barnas liv som gjer at dei passar under «sårbare barn». Til dømes i

---

<sup>40</sup> Sak FNV-2021-171-FTF, FNV-2021-101-FOA, FNV-2021-138-FOS, FNV-2021-139-FOS, FNV-2020-215-FTF, FNV-2021-299-FOA, FNV-2021-247-FOS og FNV-2021-126-FOA.

sak FNV-2020-215-FTF er einaste grunngevinga for at barnet er sårbart at barnet har dysleksi, og har arva ein sårbarheit frå mor som gjer at ho har ei sein utvikling. På den andre sida kan ein sjå i sak FNV-2021-101-FOA der nemnda trekk fram personlege forhold, situasjonen i skulen og heime, manglande emosjonell støtte og eit stort ansvar heime som nokre døme på kvifor barnet er sårbart. Å kategorisere eit barn som sårbart har difor to dimensjonar, der ein på den eine sida ser på barnets «indre» problem og på andre sida ser på miljøfaktorar rundt barnet.

Om vi vidare ser på barn som har ein «sårbarheit», er det mykje av dei same skildringane som skjer når nemnda vurderer eit barn som sårbart. Tre barn er skildra med ein sårbarheit, som vert skildra som ein ibuande sårbarheit<sup>41</sup>, at barnet ber med seg ein sårbarheit<sup>42</sup> og at barnet har ein medfødt sårbarheit<sup>43</sup>. Det som kan vere noko ulikt er tyngda barnets psykiske utfordringar har. Alle barna har ein del utfordringar og psykiske vanskar, og nokon har også psykiske eller fysiske diagnosar. Sjølv om oppverksforholda og livssituasjonen er med på å styrke grunnlaget for sårbarheit, er det ei tyngre vektig på barnets individuelle problematikkar enn hos dei barna som er skildra som «sårbare».

Når det kjem til om barnets sårbarheit påverkar bruken av barnets stemme er det eit veldig varierende resultat. Sidan dei fleste barna i dei vedtaka eg nyttar er skildra som sårbare eller ved å ha ein sårbarheit, er det vanskeleg å treffe konklusjon på om barnets skildring har noko å sei for barnets medverknad. På den eine sida blir barnet tillagt stor vekt sjølv om barnet er kategorisert som sårbart, men i andre tilfelle er ikkje barnet tillagt noko vekt.

Nokre av barna blir skildra med fleire av definisjonane, som til dømes i sak FNV-2021-208-FOA der barnet vert skildra som moden men at barnet bærer med seg ein sårbarheit. I andre saker har barna verken av definisjonane, men er likevel skildra med ulike vanskar og utfordringar i oppveksten. Til dømes i sak FNV-2021-207-FOA er ikkje barnet skildra som moden, umoden eller sårbar, men er skildra som språkforstyrra og har sosiale utfordringar. Det same kan ein sjå i sak FNV-2022-26-FAG, der barnet ikkje er skildra med gjeldande omgrep men har likevel utfordringar med sosiale samspel og lærevanskar. I desse to sakene så har barna hatt utfordringar i oppveksten, der nokre av utfordringane kan linkast mot dei definerte vanskane.

---

<sup>41</sup> Sak FNV-2020-165-FHS

<sup>42</sup> Sak FNV-2021-208-FOA

<sup>43</sup> Sak FNV-2021-199-FMR

Det er difor ikkje eit fast mønster i kven som vert kategorisert som moden, umoden eller sårbar. Definisjonen og ei slik skildring av barn vert difor berre eit omgrep for å skildre, men har ingen faktiske mønstre der ein kan seie at nokre utfordringar fører til ei skildring av sårbarheit. Det er heller ikkje ein samanheng mellom om barnet er skildra som moden, umoden eller sårbar og deira deltaking i vedtaka. Om barnet er sårbart eller ikkje vil difor ikkje påvirke barnets grad av deltaking og dokumentasjonen av denne, i alle fall ikkje slik det framkjem i vedtaka.

## Kapittel 7: Diskusjon

Før eg går vidare vil eg påpeike at tolkinga av resultata kan variere ut i frå kven som les dei. Om ein nyttar same metode vil ein kome fram til det same resultatet, men ved tolkinga i denne oppgåva vil mi forståing og teoretiske retning av resultata kome meir til syne. Dette fordi den enkelte lesar vil ha sitt blikk når ein les resultata, samstundes som ein vil nytte ulike tilnærmingar innanfor teori og kunnskap for å underbygge eigne refleksjonar. Som sagt tidlegare er mi oppfatning av samfunnet, inkludert resultatet, påverka av ei sosialkonstruksjonistisk tilnærming. Det betyr ikkje at eg opplever alle element i samfunnet som noko som er sosialt konstruert. Nokre element er absolutt som naturvitskap og biologi, og til dømes kan det setje rammene for nokre absolutte behov eit barn har. Men med ein sosialkonstruksjonistisk tankegang kan menneske gjennom si sosiale sfære skape forståingar av samfunnet. Likevel kan ein seie at resultata, uavhengig av korleis ein tolkar dei, løfter fram behovet for nærare undersøking av dokumentasjonspraksisen av barnets beste-vurderingar og barnets stemme.

Dokumentasjon kan synleggjere dei prosessane som er gjort, og vise grunnlaget for vurderingar og avgjerder. På den måten kan ein få innsyn i om alle lover og rettigheter er følgt opp forsvarleg, og i denne samanheng barnet sin rett til medverknad. Ein god dokumentasjonspraksis kan difor vere med på å styrke barnets rettsikkerheit, og sørge for at barnets stemme blir høyrd og nytta i vurderinga. Vidare kan ein også sjå på korleis ein kan forbetre praksisen for å sikre at barnets beste blir varetatt, og at vurderinga kjem tydelegare til syne gjennom dokumentasjon.

I delen om diskusjon er det fleire spørsmål som vert framheva. Eg vil i fyrste omgang sjå nærare på omgrepet og bruken av barnets beste prinsippet, som korleis nemnda har nytta det og korleis ein kan forstå omgrepet. Vidare skal eg sjå på barnets stemme i eiga sak. Her er eg interessert i å diskutere om kven barnet snakkar med har betydning for dokumentasjonspraksisen, og om talspersonordninga er ei tilstrekkeleg ordning for å høyre barnet. Samstundes vil eg diskutere kva det vil seie for barnet å dokumentere stemma deira og vise til vurderinga, i lys av kunnskap om barnets deltaking. Eg vil også diskutere korleis nemnda nyttar barnets stemme i vurderinga, og om det faktisk er eit vurderingselement. Vidare vil eg gjere ei drøfting omkring skildringar av barnet. Det kjem fram i resultatet at fleire av barna er kategorisert som sårbare, modne og umodne, og eg ynskjer med bakgrunn i dette å diskutere kva det har å seie for barnet og den si deltaking.

Prosessane med å dokumentere og vurdere barnet sitt beste, barnet si stemme og skildre barnet står under fylkesnemnda si makt i omsorgsovertakingssaker. Eg vil i det høve difor sjå nærare på fylkesnemnda som eit maktutøvande organ i eit eige kapittel.

Til slutt skal eg drøfte problemstillinga mi; *Korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er barnets beste i saker om omsorgsovertaking?* For å diskutere denne vil heilskapen av resultatet bli nytta som ein, og diskusjonen vert underbygga av framlagt teori og kunnskap. Eg ynskjer å setje fokus på kva måte barnets stemme har ein del i fylkesnemndas barnets beste-vurdering, med vektlegging av styrker og svakheiter ved dokumentasjonen i vedtaka.

### 7.1.0 Barnets beste

Fyrste del av diskusjonen skal sjå djupare på prinsippet om barnets beste, blant anna korleis fylkesnemnda nyttar omgrepet og kva omgrepet kan bety i sin kontekst. Sidan problemstillinga mi handlar om saker om omsorgsovertaking, vil også prinsippet om barnets beste bli diskutert i slik kontekst. Det handlar difor om barnets beste i omsorgsovertakingssaker der fylkesnemnda er aktør for å nytte prinsippet, og ser ikkje på prinsippet opp mot andre vurderingar eller andre organ.

#### 7.1.1 Fylkesnemnda sin bruk av prinsippet barnets beste

I resultatdelen av barnets beste har eg prøvd å sjå om ein kan tyde barnets beste-vurderinga direkte, som til dømes om nemnda tydeleg legg fram element som avgjer deira vurdering. Gjennom resultatet kan ein sjå at nemnda i svært liten grad utførar barnets beste-vurderinga som noko direkte, men som ein diskusjon der dei legg fram alle delar i saka og diskuterer den. Kva som ligg i ei barnets beste-vurdering kan difor ikkje definerast absolutt, fordi momenta i saka diskuterast omkring kvarandre. Det er likevel mogleg å finne fram til spesifikke element som det gjeldande vedtaket har vektlagt, der elementet har ei direkte kopling til nemnda si barnets beste-vurdering. Men om det er slik at det berre er desse elementa som nemnda legg vekt på, kan vurderingsgrunnlaga opplevast som mangelfulle. Dette fordi det i dei fleste saker berre er nokre få element som blir trekt fram, og i nokre vedtak er det ingen element som kan linkast direkte opp mot ei barnets beste-vurdering. Det er som nemnt tidlegare ingen føringar for korleis ein skal vurdere barnets beste, fordi det må vurderast ut i frå den enkelte situasjon. Prinsippet blir i praksis difor berre ein ordlyd av noko som vi vektlegg som ein verdi, utan at det tydeleg er noko som definerast klart.

Barnets beste er difor eit overordna prinsipp, slik som Vigdis Bunkholm (2010) også hevdar i sin studie. Det kan difor vere at nemnda ikkje opplever det som naudsynt å alltid løfte fram kva moment som ligg til grunn for vurderingane deira, fordi barnets beste alltid skal takast omsyn til (FN, barnekonvensjonen, 1989). Når eg les gjennom nemnda si vurdering, skapar eg, som truleg dei aller fleste, ei subjektiv oppfatning av kva nemnda eigentleg har lagt i vurderinga. Grunnen til at den blir subjektiv, er nettopp fordi nemnda ikkje presiserer i tydeleg nok grad kva som faktisk ligg til grunn for kva som er vurdert som barnets beste. Vurderinga av barnets beste står i størst grad implisitt i teksten, som gjer at det blir ei tolking av kva vurderinga faktisk inneheld. Som vist i resultatdelen, så er det fleire vedtak som har ei direkte tilvising til eit moment i barnets-beste vurderinga. Men desse tilvisingane er svært korte, og inkluderer gjerne berre ei setning som trekk fram det gjeldande momentet. Kvar barnets stemme ligg opp i det heile, blir difor også utydeleg. Som presentert tidlegare var det to av vedtaka som linkar ei kopling mellom barnets stemme i barnets beste vurderinga. Det vil seie at dei i den same delen av drøftinga og vurderinga viser til at barnets synspunkt blir inkludert i vurderinga av kva som er barnets beste.

Når fylkesnemnda drøftar omsynet til barnets beste dreiar det seg i hovudsak om generelle betraktningar kring prinsippet, utan at prinsippet i særleg grad prøvast opp mot faktum i saka, i alle fall ikkje slik som det framkjem i vedtaka om omsorgsovertaking. Alle vedtaka nyttar ein form for introduksjon der dei legg fram lovtydinga av omgrepet, og rettslege føringar som følgjer med. Det som likevel opplevast som manglande i vedtaka, er ei skildring for korleis dei grunnlegg omgrepet. Om ein les grundig kan ein tyde kva dei opplever som barnets beste, gjennom deira skildringar og forklaringar på barnets omsorgsbehov, foreldra si omsorgsevne og barnets utsegn. Men sjølv om omgrepet om barnets beste blir i liten grad nytta for å underbygge segna som kjem fram. Denne problemstillinga er nettopp det Bunkholm (2010) hevdar er problematisk med omgrepet. Sidan det ikkje er faste rammer for korleis ein skal vurdere barnets beste, blir det også vanskeleg å faktisk praktisere det, og då truleg enda vanskelegare å definere det i den grad at det er mogleg å dokumentere vurderinga slik det faktisk er blitt gjort.

Likevel er fylkesnemnda lovpålagt å dokumentere korleis barnets beste er vurdert, jf. bvl. § 7-19 (1992). Etter denne lova skal fylkesnemnda gjere ei vurdering av barnets beste, men også gjere ei vurdering av det konkrete tiltaket. Samstundes er dei pliktige til å inkludere barnets stemme i vedtaket, som no er skreve under heimel om barnets beste jf. bvl. § 1-3 (2021). Men det som lova ikkje fortel oss noko om er korleis ein skal gjere det i praksis, og korleis ein skal dokumentere vurderinga. Det har i NOU 2023:7 blitt heva spørsmål om ein skal inkludere ei



momentliste, der ein framhevar viktige vurderingsgrunnlag. Momentlista kan vere hjelpande ved å tydelegare løfte fram nokre retningslinjer for korleis ein skal gjennomføre ei barnets beste-vurdering. Slik det framkjem no, inkludert i mine resultat, er det store variasjonar for korleis ein gjennomfører vurderinga, og det kan tyde på at dei ulike nemndene har ulik forståing for omgrepet slik som det vert problematisert i NOU 2023:7.

FNs barnekomité (NOU 2020:14) har allereie utarbeida ei liste over moment som bør bli tatt i betraktning når ein skal vurdere barnets beste. Det kan vere mogleg at ei slik liste kan styrke vurderinga av barnets beste, slik Falck-Eriksen og Skivenes hevdar (2019, referert i Garde og Langleite, 2022). Problemet med ei slik liste er at det kan generalisere ei normalisering av alle barn, og det vil ikkje i alle høve passe for det enkelte barnet. Vurderingane må difor i stor grad uansett stå på profesjonsutøvarane sitt skjøn, og det blir dei som står i makta for å definere kva som er det beste for barnet. Kvilhaug (2007) hevdar i slik kontekst at det er kritisk at profesjonsutøvarane har tilstrekkeleg med kunnskap om feltet.

Likevel vil eg seie med bakgrunn i mine resultat at det kan vere lurt å utarbeide ein rettleiande plan for korleis ein skal vurdere barnets beste, slik som Utdanningsdirektoratet (2017) har gjort. Grunnen er at slik fylkesnemnda no nyttar prinsippet om barnets beste opplevast det i større grad som ei pliktøving, i staden for noko som skjer konkret. Det er store variasjonar på kva som vert vekta, og prinsippet i seg sjølv blir i liten grad praktisert. Difor kan det opplevast som at nemnda nyttar omgrepet for å vise til at dei er kjende med bestemminga, sjølv om det ikkje det er noko konkret i vedtaket som tilseier at vurderinga faktisk er der.

Men sjølv om barnets beste vurderinga ikkje kan lesast direkte, er ho nok der likevel. Både Martnes (2021) og Brottveit (2013) hevda at ei barnets beste vurdering må bli forstått gjennom barnets perspektiv og perspektiv på barn, slik som alle føremål rundt barnet og barnets egne meiningar. Perspektiv på barn kan også i slik kontekst handle om kunnskap om barnets utvikling, og kva dei vaksne aktørane ser på som faktorar for å styrke eller svekke denne (Brottveit, 2013). Nemnda legg mykje vekt på denne delen i vurderinga, då delar av barnets behov og miljøa rundt barnet ofte er det som får hovudfokus. Sett opp i mot dei andre delane som blir fremja i vedtaket, har barnet sine egne synspunkt, meiningar og oppleving av situasjonen mindre plass. Sjølv om barnets stemme kan ligge der i den munnlege vurderinga i forhandlingsmøta, kan det for ein lesar av vedtaket vere vanskeleg tyde kva barnets stemme har som rolle i vurderinga i nokre av sakene.

### 7.1.2 Barnets beste – eit overordna omgrep utan definisjon

Som nemnt er det ikkje mogleg å definere barnets beste, og omgrepet blir i vedtaka difor nytta som ein verdi og ikkje som noko som må avklarast ytterlegare. Det er ei individuell vurdering i den enkelte sak, og sjølv om ikkje nemnda underbyggjer omgrepet i stor grad med spesifikke moment, skjer vurderinga av barnets beste som ein løypande prosess. Men korleis skal ein då forstå omgrepet? Det er nok ikkje feil å seie at omgrepet barnets beste er noko som er sosialt konstruert, i alle fall med tanke på at det ikkje er noko som er fast bestemt men bestemt ut i frå den aktøren som skal vurdere det. Sosialkonstruksjonisme kan hjelpe oss til å forstå korleis samfunnet sine verdier og normer påverkar vår forståing (Jenssen, mfl., 2020). I denne konteksten vil den aktøren vere fylkesnemnda, som har bestemt kva sosial verkelegheit som er «riktig» i gjeldande sak. Når dei då skal høyre på barnet og andre aktørar som fortel eit anna perspektiv enn det nemnda hevdar er rett, kan det truleg vere vanskeleg å endre perspektivet. «Fordi vi mener at (...) vi voksne vet hva deres beste er», som informanten i Studsrød, Hovland og Bie (2017) sin studie sa. Dette kan også bli underbygt av Halså (2020) sine meiningar om «normalfamilien». Om saka avviker frå det nemnda oppfattar som «normalt» kan det vere vanskeleg å endre meininga deira. Fylkesnemnda er eit uavhengig organ og dei har gjennom si makt mynde til å fatte vedtak om omsorgsovertaking. Men sjølv om dei er uavhengige vil dei likevel bli påverka av samfunnsmessige faktorar og sosiale konstruksjonar, som gjennom språket vårt set føringar for korleis vi forstår samfunnet. Det kan til dømes vere lover og rettigheter, internasjonale påverkingar som EMD, eller sosiale interaksjonar som løfter fram normer og verdier vi verdset i samfunnet.

Men, det er jo også ein rettspraksis her, med lover og rettigheter som nemnda skal følgje. Problemet med den norske rettspraksisen rundt barnets beste-vurderingar, er at det føreligg få føringar for korleis slutningstakarar skal gjennomføre vurderinga (NOU 2023:7). Men trenger vi å definere omgrepet barnets beste, og kva som skal inngå i vurderinga? Det har blitt framsett forslag om at vi skal lage ei momentliste, blant anna i NOU 2023:7. Barnekomiteen har laga ei momentliste, og sjølv om Noreg ikkje har implementert denne blir vi truleg påverka av denne lista.

Men kva forskjell gjer det å definere kva moment som skal ligge i vurderinga av barnet sitt beste? På den eine sida kan det tydeleggjere kva som bør inngå av vurderinga. Det er jo ikkje slik at ei momentliste skal følgjast absolutt, og om vi skal ha ei momentliste må det vere rom for å framleis nytte skjønn. Dette fordi at alle saker uansett vil vere ulike og treng ulike vurderingar. Så på den andre sida kan det vere negativt å definere barnet sitt beste, fordi ein definisjon kan generalisere kva vi hevdar er ein «normal» familie. På den måten kan det vere farleg å definere omgrepet, fordi ein kan fatte urimelege tiltak for familiar som avviker med definisjonen. Så om vi skal lage ei nasjonal momentliste, må vi vere forsiktige med å seie at denne er absolutt. Momentlista må fungere som ein vegleiande mal slik Utdanningsdirektoratet (2017) har gjort.

Det er nødvendigvis ikkje slik at momentlista bør inngå i lovverk og rettslege føringar for korleis ein skal vurdere barnets beste, men eg tenkjer det er behov for ei nasjonal vegleiing der fylkesnemnda og andre aktørar styrkar sin kunnskap om vurderingane. På den måten kan samfunnet sine institusjonar bli medvitne på kva ei vurdering bør innehalde, men utan at dei får faste føringar for korleis den absolutt skal utførast i praksis. Ei vegleiande momentliste kan vere med på å kvalitetssikre barnets beste-vurderingar, slik at saker i blant anna fylkesnemnda får likebehandling. Det kan også gjere det mogleg å løyse opp i den kritikken prinsippet barnets beste har, at det har ei uklar betydning som skapar skilnadar i korleis ein nyttar prinsippet (Schiratzki, 2003).

### 7.1.3 Barnets beste – eit juridisk omgrep

Eg ynskjer vidare å diskutere prinsippet om barnets beste som eit juridisk omgrep, fordi det føreligg fleire lovverk som viser til at organa skal nytte prinsippet. Alle organ som utfører handlingar som vedkjem barnet skal i alle høve vurdere barnets beste, som heimla i barnekonvensjonen art. 3 nr 1., Grunnlova § 104 og Barnevernloven § 4-1. Lovene fremjar eit overordna prinsipp, og det føreligg ingen tydeleggjeringar av korleis barnevernet eller nemnda skal gjennomføre sine vurderingar. Barnevernlova § 4-1 legg også vekt på å finne tiltak som fører til god vaksenkontakt og kontinuerleg omsorg. At barnet er sikra god vaksenkontakt handlar om dei føresette sine evner til å vere kontaktmøtande og oppretthalde ein stabil omsorgssituasjon. Det handlar altså om dei føresette si omsorgsevne.

Som forklart tidlegare er foreldre si omsorgsevne ein viktig del i vurderinga av kva tiltak som må fattast i den enkelte saka, i tillegg til kva behov barnet har for omsorg. Det kan ein også underbygge i barnevernloven § 4-12 om vilkår til omsorgsovertaking. Lova legg fram fire vilkår for kvifor ein kan fatte ei omsorgsovertaking, men fellesnemnaren i dei ulike vilkåra handlar i størst grad om foreldre si evne til å yte tilstrekkeleg omsorg for barnet. Når ein ser tilbake på resultata mine, der eg trekk fram nøkkelord for å sjå kva som vert vektlagt i ei barnets beste-vurdering, handlar det i stor grad om foreldre si omsorgsevne. På den eine sida handlar det om vilkåra i bvl. (1992) § 4-12 er oppfylte og om foreldre si omsorgsevne, og på den andre sida handlar det om sikkerheit i eigen heim. Sistnemnte handlar også i stor grad om foreldre si omsorgsevne, fordi den fortel oss noko om foreldre er i stand til å skape ein trygg heim der barnet får utvikle seg, eller om dei gjer handlingar som kan skade barnets helse og utvikling. Få av vedtaka såg på barnets eigne utsegn som grunnlag for barnets beste-vurderinga.

Barnet sine meiningar skal alltid bli vurdert i høve til barnets modnad og alder, jf. bvl. 1992 § 6-3. Det betyr ikkje at barnets meining skal vere avgjerande for val av tiltak, men det skal alltid inngå i vurderinga. Ved endring i den nye barnevernsloven har ny paragraf om barnets beste, jf. bvl. 2021 § 1-3, inkludert barnets stemme i lov om vurdering av barnets beste. Det blir framheva at barnets stemme er eit sentralt moment i vurderinga. Det er mogleg at tydeleggjeringa i lovverket gjer fylkesnemnda meir bevisst i dokumenteringa av barnets stemme i vurderinga av barnets beste, og med bakgrunn i mine eigne resultat kan det sjå ut til at det er behov for ei tydeleggjering av kva som ligg under prinsippet.

Om ein ser på barnets beste som eit juridisk omgrep skal prinsippet både innehalde barnets meiningar etter bvl. § 6-3, foreldre sin omsorgskompetanse etter bvl. § 4-12 og fylkesnemnda si vurdering, der bvl. § 7-19 framhevar at vurderinga skal visast fram av dokumentasjon. Med bakgrunn i mine resultat kan det sjå ut som at barnets beste i større grad handlar om foreldre si omsorgsevne og forvaltarane sine vurderingar av denne, i dei sakene som omhandlar omsorgsovertaking.

Med bakgrunn i diskusjonen over kan det virke som at omgrepet barnets beste både er eit overordna prinsipp, men også ein forenkla slutningsregel slik Backe-Hansen (1995) hevdar vurderinga burde vere. På den eine sida er det eit overordna prinsipp i den forstand at ein ikkje nyttar det i ei direkte form, men at det er ein løypande prosess som skjer gjennom diskusjon. På den andre sida ser ein at foreldre sin omsorgskompetanse spelar ei viktig rolle, særleg i omsorgsovertakingssaker, og om foreldre avviker med «normale» omsorgsbetingingar fattar

ein vedtak om omsorgsovertaking. Sistnemnte er nettopp slik Backe-Hansen (1995) hevdar barnets beste er, at når ein familie står utanfor normalvariasjonen må ein vurdere å gje barnet eit anna alternativ til omsorg og oppvekst. På den måten handlar det også i stor grad om å vurdere det biologiske prinsipp og mildaste inngreps prinsipp. Ein vurderer då om foreldre sin omsorgskompetanse er tilstrekkeleg, og vurderer deretter kva tiltak som er minst skadeleg. I følgje Backe-Hansen (1995) vurderer ein difor ikkje kva som er «best» for barnet, men heller kva utfall som er minst skadeleg. Sjølv om det er naudsynt å vektleggje vurdering av føresette si manglande omsorgsevne, så er lova tydeleg på at sakshandsamar skal gjere ei vurdering der barnet si stemme er med i vurderingsgrunnlaget, jf. bvl. § 7-19.

### 7.2.0 Barnets stemme

Vidare skal eg diskutere nærare omkring barnets stemme. Som tidlegare vist er det lagt fram resultat om kva som er dokumentert av barnets stemme i eiga sak, korleis det er dokumentert og kven dei har snakka med i forkant av forhandlingsmøte. Dette er resultatet som står i sentrum ved denne diskusjonen, men eg vil forsøke å underbyggje refleksjonane mine med relevant teori og kunnskap. Eg vil fyrst diskutere kva det er som blir dokumentert av barnets stemme, og kva dette har å seie for saka. Vidare drøfter eg om det har noko å seie kven barnet har snakka med, og om det påverkar grad av dokumentasjon i vedtaka. Til slutt tek eg føre meg fylkesnemndas bruk av barnets stemme, og kva det vil seie å vektleggje denne.

#### 7.2.1 Kva er det som dokumenterast av barnets stemme?

Det har i alle sakene blitt dokumentert nokre utsegn frå barnets stemme, men i svært ulik grad. Det som tydelegast kjem fram frå barnet er kvar det ynskjer å bu. I alle 14 vedtaka kjem det fram om barnet vil bu heime eller om barnet vil flytte. Andre moment som i nokre saker kan bli framheva er relasjonar, følelsar tilknytta situasjonar eller relasjonar. Det som kjem dårlegast til syne er barna sine eigne skildringar av situasjonar i heimen, der det kan vere faktorar for kvifor dei vil eller ikkje vil bli flytta ut av heimen. Som til dømes kva som skjer heime, kva dei gjer og korleis dei kommuniserer med kvarandre.

Men, kva har det å seie at barnets stemme blir dokumentert i vedtaka? Både Brottveit (2013) og Martnes (2021) hevdar at ein må nytte barnets perspektiv for å kunne vurdere kva som er det beste for barnet. Barnets eiga stemme skal difor vere eit viktig moment i vurderinga, som også vert framheva i Prop. 133 L. I problemstillinga mi er barnets stemme sentralt, mellom anna i kva grad barnet kan vere med på å påverke vurderinga av barnets beste.

Sidan dokumentasjonen er gjort noko ulikt i dei forskjellige vedtaka, har det vore interessant å sjå på i kor stor grad stemma vert dokumentert. I nokre vedtak har barnets stemme i stor grad blitt dokumentert. I slike dokument er det ofte nytta avsnitt og sitat frå barnet sine ytringar for å tydeleggjere kva dei har sagt. Samstundes har nokre av vedtaka fått fram barnets stemme over tid, slik at ein kan vurdere om barnet har vore tydeleg i sine ynskjer lenge eller om dei har vore ambivalente. I andre vedtak har det vore mindre dokumentasjon, der berre spørsmålet om bustad er framheva. Likevel har barnets stemme i samanlikning med andre moment i vurderinga liten plass, og det er sett meir søkelys på omfattande diskusjonar omkring andre høve enn barnets stemme. Det er også nytta forskjellige metodar for å dokumentere barnets stemme. På den eine sida er utsegna presentert som ein eigen del, mens på den andre sida kjem barnets utsegn til uttrykk gjennom ulike setningar i vedtaket. Det som likevel er likskapen i dokumentasjon er at barnets stemme ofte er dokumentert som noko eige, utan at det blir vekta opp mot andre element i vurderinga.

Etter barnevernloven § 7-19 skal fylkesnemndas vedtak innehalde kva som er barnets synspunkt og kva vekt barnets meining er tillagt. Hensikta med ei slik lov er at den skal sikre at nemnda har tilstrekkelege grunnjevadar for dei avgjerdene dei tek. Men med bakgrunn i funna mine, kan det sjå ut til at nemndas dokumentasjon av barnets stemme berre er ein dokumentasjon av barnets stemme. Samanlikna med andre moment så tar barnets stemme mindre del i den faktiske vurderinga, men står heller for seg sjølv for å synleggjere kva barnet har meint i si sak. På den måten tek ikkje sakshandsamar stilling til korleis barnet si meining er handsama i vurderingsprosessen, og eventuelt kvifor andre moment er vekta høgare.

Ein kan difor problematisere bruken av barnets stemme i vedtaka. Metoden som vert nytta for dokumentasjon er på eine sida å dokumentere barnets stemme som eit eige avsnitt, og på den andre sida å presentere barnets stemme gjennom tilfeldige delar i vedtaket. Ved å dokumentere barnets stemme som ein eigen del, kan ein kanskje løfte fram fleire delar av barnets meiningar, men metoden gjer at barnets stemme i stor grad kan stå for seg sjølv og på den måten ikkje blir inkorporert i sjølve vurderinga. Nemnda kan i nokre tilfelle tilføre vurderingsgrunnlag under det som er presentert, men ofte skjer dette gjennom kortfatta setningar. I andre høve ser ein på barnet si stemme gjennom presentasjon av enkelte setningar i vedtaket, er det ofte svært lite av barnets stemme som kjem fram. Dette fordi presentasjonen gjerne er i form av ei setning, eller ein liten del av kva barnet har sagt. Her har ein kanskje større moglegheit til å inkludere barnets stemme i vurderinga. Likevel er det i desse sakene oftare andre aktørar enn fylkesnemnda som presenterer barnets stemme, og dei bruker stemma for å underbyggje sine eigne meiningar.

Derfor er barnets stemme i liten grad dokumentert under den faktiske vurderinga som skjer, der dei løftar fram ulike moment som skal underbyggje vurderinga deira for tiltak.

Det som også er manglande av dokumentasjon er barnet sine egne meiningar om kva behov dei har. I Stang (2007) si forskning viser ho at berre 4 av 30 vedtak har fokus på barnet sine behov, og at det som dokumenterast av barnet si stemme fortel oss lite om kva behov barnet har. I dei vedtaka eg har nytta i mi analyse, er det fokus på barnet sitt behov. Det har sidan Stang si forskning vore ei endring politiske føringar og behandling av slike saker, og ved å samanlikne mine resultat til Stang kan ein underbyggje ei forbetring. Det som likevel er manglande er barnet si eiga meining om kva behov dei har for å betre situasjonen. I nokre saker kan spørsmålet om kvar barnet vil bu handle om kva som kan betre situasjonen, men ut over dette fortel det oss ikkje mykje om kva kvardagslege behov barnet har. Å vurdere barnet sitt behov blir derfor ei vurdering nemnda tek aleine, i alle fall slik det kjem fram av vedtaka. Det viser til at nemnda primært nyttar eit barneperspektiv, slik også Halse mfl. (2021) viser i sin studie. Barnet får difor ikkje høve til å påverke vurderinga av deira behov.

Når ein skal dokumentere barnet si stemme, må ein også heve spørsmål om barnet sitt vern. I studien til Studsrød, Hovland og Bie (2018) fortel nemndleiarane som er informantar i saka, at dei opplever det som problematisk å finne ein god balanse mellom deltaking og vern. Dei heva framheva samstundes at dei må bli flinkare til å vurdere det barnet har sagt, og særleg bli flinkare til å vise til barnet sin medverknad og vurderinga av denne. At nemnda vel å ikkje inkludere alt barnet har sagt i dokumenta, med bakgrunn i ei frykt for barnets vern kan difor vere ein reell situasjon. Ein slik tanke er ikkje noko ein kan avklare med mine funn, men er ein tanke som kan bevisstgjere vår tilnærming til barn der ein både prøvar å inkludere og verne dei.

### 7.2.2 Påverkar kven barnet har snakka med grad av dokumentasjon?

Som vist tidlegare i resultatdelen var det seks barn som har snakka med *talsperson*, tre barn som har snakka med *nemndleiar* og fem barn som har snakka med «*andre*». Eg vil vidare diskutere om det har noko å seie for barna kven dei har snakka med, og om det har påverka kva som er dokumentert av barnets stemme.

Det som er overraskande er at i dei vedtaka barnet har snakka med *andre* og *nemndleiar* gjev vedtaka grundigast skildring av barnets stemme og ynskjer. Majoriteten av vedtaka under gjeldande kategoriar har dokumentert fleire element ved barnets utsegn, men det er sjølv sagt nokre vedtak som avviker, der det er mindre som er dokumentert. Dei fleste vedtaka under gjeldande kategori har nytta eige kapittel og avsnitt for å få fram barnets stemme, og halvparten

av dei har også sitert barnet frå dei samtalan som er gjort. For dei barna som har snakka med talsperson kjem ikkje barnets stemme like godt til syne, om ein samanliknar kategorien med dei to andre. Det er få tilfelle der barnets stemme kjem fram gjennom referanse til talsperson, og barnets stemme blir i større grad vekta gjennom tilfeldige delar av vedtaket. Også her er det nokre vedtak som har større dokumentasjonsgrad, men i majoriteten av vedtaka er det hovudsakleg spørsmålet om bustad som blir omtalt.

Ei grunngeving for kvifor barnets stemme blir mindre synleg når dei har snakka med talsperson, kan vere fordi talspersonane har eige dokument som blir vedlagt i forhandlingsmøta (Statens helsetilsyn, 2019). Det kan difor gjere at nemnda ikkje ser det som naudsynt å inkludere barnets stemme i vedtaka om omsorgsovertaking.

Eit anna argument for kvifor det føreligg mindre dokumentasjon, kan underbyggjast i kritikken mot talspersonordninga. For det fyrste kan det vere krevjande for eit barn å snakke om sensitiv informasjon til nokon ein ikkje kjenner, og for det andre er det reist kritikk om talspersonane har tilstrekkeleg med informasjon om barnets sak (Prop. 133 L). Når talspersonen ikkje har tilstrekkeleg med informasjon om saka, kan det vere utfordrande å stille dei rette spørsmåla for å innhente den informasjonen som er relevant. Konsekvensen er at ein vil sitje igjen med informasjon frå barnets perspektiv som ikkje er relevant for saka, og barnets stemme får difor mindre moglegheit til å påverke. Samstundes er det i forarbeidet til ny barnevernslov blitt heva kritikk mot at talspersonar har manglande relasjon til barnet, som gjer det krevjande for barnet å dele sensitiv informasjon (Prop. 133 L). Ein tanke er at nemndleiarar og andre sakskyndige vil ha meir innsyn i saka, og difor moglegheit til å innhente riktig informasjon. På den eine sida vil dei i større grad vere involvert i saka, og på den andre sida vil dei i større grad ha moglegheit til å byggje relasjon til barnet fordi dei i fleire høve vil ha kontakt med barnet. Samstundes kan det ha ein effekt av maktfølelse for barnet, der dei får moglegheit til å snakke direkte til nemnda som skal bestemme, i staden for å snakke med nokon som skal føre informasjonen vidare.

Kvifor det er relevant å drøfte kven barnet har snakka med, er fordi det i stor grad handlar om barnets moglegheit til å medverke i eiga sak. Sjølv om det er ulik grad av dokumentasjon ut i frå kven barnet har snakka med, fortel det oss ingenting om samtalen dei har hatt på førehand eller i kva grad barnet har medverka i saka. Gerds-Andersen og Hansen (2020) hevda at sjølv om barnet har blitt gitt moglegheit til å tale, betyr ikkje det at barnet faktisk er høyrd. Om barnet i tilstrekkeleg grad faktisk har blitt høyrd, kan ein ikkje seie noko om ved mine resultat. Likevel kan grad og metode for dokumentasjon gje oss ein indikator på kvar nemndas fokusområde er.



Magnussen og Skivenes (2015) konkluderte i sin studie med at barnet si stemme kom lite fram i avgjerslene, som dei meiner betyr at barnet ikkje er i sentrum av sakene. Med bakgrunn i mine resultat kan ein nok seie det same. Sjølv om nokre vedtak har ei høgare dokumentasjonsgrad av barnets stemme enn andre, førekjem ikkje barnets stemme i noko stor grad som vurderingsgrunnlag eller som moment for avgjerd. Det er andre moment som vert vekta som meir avgjerande, og barnets stemme er difor i større grad på sidelinja i vurderinga.

### 7.2.2 Nemndas bruk av barnets stemme i vurderinga

Ein anna metode som nemnda nyttar for å vise korleis barnets stemme kan vere nytta i vurderinga, er deira vektig av stemma, blant anna korleis dei forklarar at barnets stemme er vektlagt.

I resultatdelen om korleis nemnda vektlegg barnets stemme kjem det fram at i dei fleste sakene har nemnda tillagt barnets stemme vekt til ei viss grad, anten direkte eller indirekte. I tre saker har ikkje nemnda tillagt barnets stemme noko vekt, og har grunngjeve dette. I dei tre sakene har barnet ynskja seg eit anna utfall enn det nemnda hevdar er rett avgjerd. Det som er positivt med dette resultatet er at nemnda faktisk har grunngjeve for kvifor dei ikkje kan vektleggje barnets stemme. Kristen Sandberg (2010) hevda at for at barna skal oppleve at dei blir tekne på alvor, er det viktig at ein grunngjev for kvifor ein ikkje følgjer barnets stemme (Sandberg, 2010). Det er interessant å merke seg at i desse sakene så er nemndas grunngjeving at barnet ikkje har innsyn eller forståing av eiga sak. Kan spørsmålet i denne grunngjevinga vere at barnet ikkje har fått nok informasjon på førehand til å få nok forståing av eigen situasjon? I Paulsens (2016) studie viser det seg at barna opplever møte med barnevernet i størst grad som ei informasjonsoverføring. På ei side kan det bety at barnet har fått tilstrekkeleg med informasjon om saka, men problemet er at barnets stemme og meiningar om eiga sak får lite fokus. Når barnets stemme ikkje får kome fram gjennom samtale, kan ein tanke vere at det blir vanskeleg for barnet å reflektere over eigen situasjon når møtet berre handlar om informasjon om saka. Å få tilstrekkeleg med informasjon om eiga sak er noko barnet har rett på, etter forskrift om medvirkning og tillitsperson § 4 og barnevernloven § 6-3 fyste ledd.. Denne rettigheita må ein likevel sjå i samsvar med barnets rett til å ytre meininga si, og praktisere lova slik at barnet opplever å bli høyrd og mogleggjere refleksjonar omkring eigen situasjon.

Det er også tre vedtak der det ikkje er nemnt om nemnda har tatt omsyn til barnets synspunkt eller om dei har blitt vurdert i det heile. Det kan likevel vere ei moglegheit at nemnda har tatt dette med i vurderinga, sjølv om det ikkje eksplisitt er nemnt. Likevel er det, til tross for at nemnda seier at barnets utsegn er blitt tillagt vekt, vanskeleg å lese av vedtaka korleis vektlegginga er gjennomført. Vedtaka si formulering kan gje grunn for å stille spørsmål om det er manglar ved nemnda sin argumentasjon for kvifor eller kvifor ikkje barnets stemme er tillagt vekt. At vedtaka har manglar ved grunngjevinga av vektlegging, kan på ei side bety at barnets utsegn ikkje var tilstrekkeleg vurdert opp mot dei andre momenta i vedtaka, eller at det var gjort ei vurdering som ikkje var tilstrekkeleg framstilt i nemnda si avgjerd i lys av andre moment.

At nemnda legg ved at barnets stemme er tillagt vekt, opplevast difor meir som ein symbolsk prinsipp sak, der dei fortel at barnets stemme er tillagt vekt for å vise til at dei respekterer barnets stemme utan å faktisk grunngje kvifor eller korleis barnets stemme er tillagt vekt. På den måten kan nemnda vise til rettslege utgangspunkt om at barnets stemme skal bli tillagt vekt, jf. barnelova § 31. Slik som studien til Gerdts-Andersen og Hansen (2020) viser, er det at barnet har fått talt si sak ikkje det same som at barnet faktisk er blitt høyrd. Dei framhevar at nemnda sine dokumenterte grunngjevingar må styrkast, og at grunngjevingane deira for kvifor barnets stemme er vekta er utydelege (Gerdts-Andersen og Hansen, 2020). Halse, mfl (2021) viser i sin studie at dei profesjonelle er villige til å høyre barna, men er mindre villige til å legge noko særleg vekt på barnet sine synspunkt. Dette fordi dei primært nyttar eit barneperspektiv der profesjonsutøvarane veit «best» kva avgjerd som bør bli tatt (Halse, mfl., 2021).

Med bakgrunn i mi eiga undersøking, kan eg seie meg eining. Det at nemnda har direkte eller indirekte sagt at barnets stemme er tillagt vekt, er ikkje det same som å vise til ei grunngjeving der barnets stemme tydeleg er inkorporert i vurderinga. I dei sakene der barnets stemme er tillagt vekt, har også barnet ynskja det same utfallet som nemnda hevdar er rett. Om det er ein samanheng kan eg ikkje konkludere med, fordi eg har eit for lite utval til å avgjere om det er slik. Likevel kan ein diskutere om barnets mening har hatt ein påverknad eller om nemnda hadde bestemt seg på førehand, og tilfeldigvis er barnet einig. I studien til Vis (2014) kjem det også fram at barnets stemme blir i størst grad vektlagt i dei sakene der barnet ikkje ynskja noko endring i omsorgssituasjonen sin. Sjølv om eg har eit mindre utval ser ein også dette her, ved at barnet i sakene ynskjer å bu på den plassen dei gjer ved forhandlingsmøta. Nokre av barna ynskjer å bu i den fosterheimen eller beredskapsheimen dei er plassert, og andre ynskjer å bu heime.

Om ein ser på resultatet om kva som er dokumentert av barnets stemme, og resultatet om kva grad nemnda tillegg barnets stemme vekt, kan ein spørje spørsmålet; Når barnets egne synspunkt i variert grad er dokumentert, korleis kan då nemnda leggje vekt på barnets stemme? Det som kjem fram av resultatene er at det ikkje er ein samanheng mellom grad av kva som er dokumentert og vektlegging av barnets stemme, verken ved ei indirekte eller direkte vektlegging av utsegna til barnet.

Når ein diskuterer nemnda si vektlegging av barnets stemme er det viktig å ha i minnet den etiske refleksjonen som presentert i del om metode, at det kan ha føregått praksisar i forhandlingsmøta som ikkje vert dokumentert. Sidan talspersonen har eige dokument der dei fremjar barnets stemme, kan det vere at nemnda ikkje føler behovet for å dokumentere dette ytterlegare. Det er difor ei moglegheit for at barnets eiga meining i større grad har blitt inkludert i praksisen i forhandlingsmøta, sjølv om nemnda ikkje har dokumentert det. Likevel handlar mi oppgåve om korleis nemnda har dokumentert slike praksisar, og gjennom presenterte resultat og diskusjon verkar det til at nemnda treng ei styrking av dokumentasjonspraksisen knytt til barnets stemme i slike saker. Å vektlegge barnets stemme og vise til ein slik prosess kan bli sett på som ei form for deltaking, der barnet får moglegheit til å uttrykke sine synspunkt, bli høyrd og teken på alvor. Det at det faktisk blir dokumentert handlar også om barnets rettssikkerheit (Prop. 133 L).

### 7.3.0 Om barnet

Eg vil i neste del av diskusjonen drøfte om skildringa av barnets stemme påverkar bruken av meiningane deira i noko grad. Som fortalt innleiingsvis, ynskjer eg å sjå om det er nokre andre faktorar som kan vere med på å påverke. Denne delen om diskusjon vil ha fokus på eit barneperspektiv, og i denne kontekst meir spesifikt retta mot å sjå på barnet som moden, umoden og/eller sårbar.

#### 7.3.1 Påverkar skildringa av barnet, barnet si stemme?

Som vist i resultatdelen nyttar nemnda ulike omgrep for å skildre barna, blant anna blir barna skildra som modne, umodne og/eller sårbare. I den anledning vil eg fyrst løfte fram nokre drøftingar knytt til mitt resultat, før eg djupare går inn i kva det kan bety for barnet si rolle.

I analysen min av sårbare barn ser ein at det er fleire barn i vedtaka som blir skildra som sårbare eller med ei sårbarheit. Barna får ofte slik skildring ved å referere til tidlegare opplevingar i livet og heimen som har påverka deira psykiske, emosjonelle, kognitive og sosiale helse over ein lengre periode. Det er viktig å merke seg at omgrepet «sårbare barn» ikkje berre referera til spesifikke diagnosar eller hendingar, men snarare eit samla omgrep som inkluderer fleire aspekt som har spelt inn over tid. Dette kan inkludere utfordrande åtferd, vanskar med sosial fungering, ikkje-adekvat utvikling og andre psykiske helseproblem.

I nokre tilfelle tar nemnda opp omgrepet «sårbare barn» i vurderinga og drøftinga av saka der det er moment i sjølve saka som skapar skildringa, mens i andre tilfelle er det berre ein diagnose eller eit spesifikt moment i barnets liv som gjer at dei passar under «sårbare barn». Det er også viktig å merke seg at vurderinga av barnet sine utfordringar varierer frå sak til sak, og nokre gongar har barnet ein tyngre individuell problematikk enn dei som er omtalt som «sårbare». Med utgangspunkt i at barn er små, avhengige av vaksne og samfunnets institusjonar kan ein påstå at alle barn er sårbare (Nordvik, 2021). Men for utan om det, kvifor er barnet sårbart? Og kvifor er det slik at nokre barn blir omtalt som sårbare og andre ikkje?

Viktigheita av å forstå barnas sårbarheit og utfordringar kan ikkje undervurderast. For å gje desse barna dei rette ressursane og støtta dei treng, må deira individuelle behov og situasjon bli forstått. Det er viktig at nemnda tar omsyn til dette når dei skal fatte slutningar som påverkar barna og deira framtid. Men når nemnda omtalar eit barn som sårbart, kan det ha ein påverknad på korleis nemnda vurderer barnet sine ytringar og posisjon i saka. Det kan underbyggjast i Halse mfl. (2021) sin studie som viser til at profesjonar nyttar eit dominerande barneperspektiv

ved avgjerder som omhandlar barn. Informantane i studia ville oppretthalde barns rett til å bli høyrd, men tilla ikkje barnet si stemme noko særleg vekt. Samstundes kan vår oppfatning av barna påverke korleis ein nyttar barnet som samtalepartner. Vedler (1996) har argumentert for at dei vaksne sitt syn på barnet kan påverke kommunikasjonen mellom dei, der barnets egne meiningar kan bli neglisjert (Vedler, 1996, referert i Ruud, 2021). Gjennom eit slikt argument kan skildringa av barn som sårbare og umodne føre til eit hinder i å inkludere barnet sine meiningar. Brottveit (2013) hevdar at barnet sitt perspektiv må vere ein del av barnets beste-vurderinga, og at det kan vere krevjande om ein ikkje ser på barnet som ein sosialt kompetent aktør (Brottveit, 2013).

Ved å bli skildra som sårbar kan barnet bli tillagt eigenskapar som følgjer med skildringa og oppfatninga av barn. Med å bli skildra som sårbar, kan nemnda sjå på barnet som mindre stand til å vareta sine egne interesser, og på den måten kan det føre til at barnets synspunkt og meiningar blir neglisjert eller undertrykt. Eller på ei anna side kan det føre til at barnet ikkje blir høyrd i det heile, som var tilfelle i HR-2019-2301-A (Haugli, 2020). Det er jo slik som informantane i studien til Studsrød, Hovland og Bie (2017) fortel, at dei vaksne veit jo kva barnets beste er, og difor tar dei ikkje i betraktning alt barnet ynskjer seg. Heilt tilbake til NOU 2000:12 blir det lagt fram at vi har hatt eit paradigmeskifte der vi ser på barn som meir autonome. Men har vi egentleg hatt det, eller er vi framleis styrt av psykodynamiske forståingar av barn? Teoriar som byggjer på psykodynamiske forståingar byggjer på at det er dei vaksne sitt ansvar at barnet få ei adekvat utvikling. Thrana (2008) har problematisert at ein slike tankegangar legg lite vekt på barnet si evne til eigenvern og styrkeområdet, eller slik eg også forstår det barnet si resiliens. Så kan paradigmeskifte handle om at vi tydelegare fremjar barnet sine rettigheter gjennom det juridiske språket?

I følgje Grunnlova § 104, Barnevernloven § 6-3 og Barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. skal barnets beste vere det grunnleggjande omsynet i alle saker som angår barn. Det inneber også at barnets synspunkt skal takast i betraktning i saker som angår dei. Det å omtale eit barn som sårbart kan difor føre til at nemnda ikkje tek omsyn til barnets synspunkt og meiningar i like stor grad som dei ville ha gjort om dei ikkje skildra barnet som sårbart. Nordvik (2021) hevdar at å omtale barn som sårbare og mindre kapable til å vere autonome, kan svekke moglegheita til å ivareta barnet sin rett til medverknad. Om ein ikkje ser på barnet som ein kompetent aktør som er i stand til å ytre sine meiningar, vil ein heller ikkje ta barnet si stemme seriøst.

Om ein ser på den andre sida, så kan det tenkjast at om barnet er skildra som moden skulle barnets stemme ha bli lagt særleg vekt på. Dette fordi ein då nyttar ein diskurs om barn som aktive og kompetente, og som derfor bør ha større innflyting på slutningsprosessen. Men om ein ser på sak FNV-2021-171-FTF, er ikkje dette tilfelle, fordi barnet blir skildra som moden men stemma blir ikkje vekta i noko grad. I mine funn er det difor ingenting som indikerer at desse skildringane har noko tydeleg påverknad på utfallet i saka. Omgrepsforklaringane av barna, som sårbare, umodne eller modne, framstår difor berre som ei symbolsk skildring for å få fram barnet. Det er heller ingen faste bestemmingar for kvifor barnet blir omtalt på den måten, og det er difor vanskeleg å setje seg inn i kva nemnda eigentleg har meint og korleis dei har vurdert at barnet passar inn i den kategorien den har fått. Det ein likevel kan sjå ut i frå desse resultatane, er at skildringa av barnet er ei individuell vurdering. Sjølv om to saker kan opplevast som like, kan det vere moment eller faktorar i den enkelte sak som avgjer at barnet er sårbar eller står i ein sårbar situasjon.

At barnet blir skildra gjennom desse omgrepa kan gå under nemnda si definisjonsmakt, der ein ser at dei ulike nemndene kan vurdere noko ulikt. Det kan diskuterast om nemnda si definisjonsmakt mellom anna kan påverke barnets deltaking i slutningsprosessen, ved at det kan vere vanskeleg for barnet å påverke diskursen rundt si eiga sak. Om nemnda har ein diskurs som fokuserer på risikofaktorar og vern av barn, kan det vere vanskeleg for barnet å få fram ønska og meiningane sine sjølv om desse kan vere svært viktige for å sikre at den slutninga som blir tatt, faktisk er til barnets beste. Det er truleg utfordrande å finne ein balanse mellom vern og deltaking i arbeid med barn, men det kan vere interessant å vere merksam på at slike diskursar kan ha ein effekt i barnets deltaking. Dette kan vere ein faktor som påverkar barnets evne til å delta.

Det er samstundes interessant å merke seg at nemnda ordlegg seg annleis ved å omtale eit barn som sårbart, der dei på eine sida skildrar barnet som sårbar og på andre sida hevdar at barnet har ei sårbarheit. Forskjellen her er at ved å seie at barnet har ei sårbarheit definerer ein ikkje heile barnet som eit sårbart barn. Ein ser på utfordringar, erfaringar og livsløp som faktorar for kvifor barnet kan bere med seg ein sårbarheit. Enten fordi dei står i ein sårbar situasjon eller fordi slike faktorar kan ha påverka barnets utvikling. Ved å leggje fram at barnet er sårbart, tillegger ein barnet ein eigenskap eller ei skildring som fortel oss kven barnet er.



*Figur 1: Viser ulikskapen ved å omtale barn som har ei sårbarheit eller barn som sårbare. Ved å seie at barnet har ei sårbarheit, kan ein sjå sårbarheita som ein konsekvens av opplevingar, hendingar og utfordringar. Ved å seie at barnet er sårbart tillegger ein barnet ein eigenskap, der ein seier at barnet er slik.*

Det som til slutt er viktig å trekkje fram er at ei omsorgsovertaking ofte handlar om foreldre på den eine sida og barnet på den andre. Når ein då skal fatte vedtak om omsorgsovertaking kan det handle om korleis ein skal regulere barnet og foreldre, til å betre situasjonen. Dette er to parameter som seier noko om korleis saka blir, og spørsmålet då blir kvar ein set grenser for barn og foreldre. Ved å omtale barn som sårbare, kan det føre til ei paternalistisk tenking der «samfunnet må inn å redde dei sårbare barna frå dei dårlege foreldra» (mi utheving). Ein ser gjennom mine resultat at det er ulikskapar i kvar barnet vil bu. Men kan det tenkjast om barnet og nemnda er ueinige, så er det større sannsyn for å hamne under kategorien om å vere sårbar? Ein ser gjennom studien til Vis (2014) at om barna ikkje ynskjer å endre på sin omsorgssituasjon, er det større sannsyn for at nemnda følgjer barnet si stemme. Det er ingenting i mine resultat som tilseier at det er slik, men eg ynskjer likevel å framheve det for å vise til at det kan vere eit mangfald av utanforståande faktorar for kvifor barnet kan bli skildra som sårbar.

#### 7.4.0 Fylkesnemnda som ein maktutøvande instans

I denne delen av diskusjonen ynskjer eg å sjå nærare på fylkesnemnda som eit maktorgan. Tidlegare har det blitt presentert ein teori om makt, med særleg fokus på Foucault sin teori. Fylkesnemnd har eit stort ansvar i å fatte riktige slutningar som er til det beste for barnet, og gjennom deira makt har dei store moglegheiter til å styre nokre av prosessane ved ei omsorgsovertaking. Sjølv om det er fastsette rettigheter og lovverk, er det likevel nokon som må stå bak og ta ansvar for at dette blir følgt opp. Barn er sårbare fordi dei er avhengig av at samfunnets institusjonar vernar om dei, og barn sine rettigheter blir difor eit vaksenansvar slik Nordvik (2021) hevdar. Men korleis kan nemnda med si makt verne om barn og andre partars rettigheter, og er det berre deira makt som avgjer kva som er riktig slutning?

Fylkesnemnda har gjennom lovverket mynde til å ta avgjerder om omsorgsovertaking, og lovverket gjev også føringar for korleis dei skal vurdere og behandle ei sak. Samstundes er dei ein del av eit maktorgan som kan vurdere og definere ulike fenomen gjennom sine ideologiar, kunnskap, erfaringar og meiningar (Bjørge, 2009). Gjennom mi forståing av Foucault sitt maktomgrep er nemnda ein maktutøvande instans som på eine sida har mynde til å fatte vedtak, og på andre sida kan påverke definisjonane av kva som er «rett» og «galt». Slike definisjonar kan omhandle oppdraging av barn, kva som er god foreldreomsorg, korleis ein kan skildre eit barn og særleg kva som er til barnet sitt beste. Definisjonen gjeld då ikkje berre innanfor fylkesnemnda sine prosessar, men definisjonsmakta kan påverke andre aktørar i samfunnet sine tenkjemåtar. Ved nemnda sine definisjonar om kva som er riktig, kan dette leggje føringar for kva tiltak som setjast i verk, og kan på den måten også påverke barnet sine rettigheter. Det er tidlegare blitt nemnt at barnet sin rett til medverknad er eit vaksenansvar (Nordvik, 2021), det sit difor blant anna i nemnda si makt å følgje opp dette.

Det er i eit forhandlingsmøte fylkesnemnda kjem fram til kva som er riktig avgjerd å ta, men møte inkluderer fleire aktørar som fremjar sine meiningar om saka. I Voll (1995) og Oterholm (1998) sine studiar undersøkte dei barnevernets oppleving av nemnda. Det kom fram at nemnda opplevast som ein framand juridisk arena, der partane forskyv juridisk argumentasjon (Voll, 1995; Oterholm, 1998, referert i Oterholm, 2003). Forskyvinga av argumentasjon kan bidra til ei utveljing av kva argument som er «best», og nemnda kan då fatte slutningar ut i frå kva partane har lagt fram og vel retning ut i frå sine eigne interesser. Gjennom mi forståing av Foucault kan slik argumentasjon bli forstått som diskursar, der ein fremjar den tenkjemåten som er «riktig». Men det er nødvendigvis ikkje slik at ein enkel diskurs er riktig, men det blir for



den institusjonen den riktige diskursen med bakgrunn i deira verkelegheit. På den måten kan det bli ein «diskurskamp» der ein fremjar si meining, og der nemnda vel diskursen som er mest «rett» i si verkelegheit. Sjølv om dei andre aktørane får moglegheit til å fremje si tanke, er det likevel nemnda som sit med makta om å fatte det vedtaket dei hevdar er det beste. Eriksen og Skivenes (1998) hevdar at makta blir fordelt, gjennom at alle får kome til ordet i forhandlingsmøta. Også ved hjelp av advokatar, som gjennom sosiale konstruksjonar kan bli sett på som meir mektige, kan bidra til at makta blir fordelt mellom partane (Eriksen og Skivenes, 1998, referert i Oterholm, 2003). Det er eit viktig argument, for truleg blir nemnda påverka av andre aktørars meiningar, både internt i forhandlingsmøta men også av eksterne påverknadar som til dømes EMD, proposisjonar, politiske tenkjemåtar og miljømessige faktorar.

På den måten er ikkje nemnda si definisjonsmakt uavgrensa, og andre instansar og aktørar i samfunnet kan påverke kva som definerer barnets beste og set avgrensingar for nemnda si makt. Men kven er det som i eit forhandlingsmøte kan påverke nemnda si tenkjemåte? Når saker om omsorgsovertaking vert teken opp til forhandlingsmøte er det i dei aller fleste tilfelle barnevernet som har meldt saka. Dei har i slike tilfelle ei oppfatning av at det ikkje er til barnets beste å bu heime. Barnevernet sine utsegn byggjer då på ei tidlegare utreiing av situasjonen. På den måten har også barnevernet ei definisjonsmakt, som byggjer på etablert kunnskap om kva som er barnets beste gjennom lover, retningslinjer og forskning. Når nemnda skal vurdere kva som er barnets beste i ei sak, må dei ofte forhalde seg til barnevernets definisjonar og meiningar om saka, og på den måten kan nemnda bli påverka av kva som er «riktig» vurdering gjennom fleire mekanismar. Med det meiner eg at barnevernet kan leie drøftinga, der dei gjennom si saksframlegging kan sette nokre standardar for korleis andre aktørar opplever saka. For det fyrste kan barnevernet argumentere for ei bestemt løysing og leggje fram kunnskapsbaserte argument for kvifor dette er det beste for barnet. På den andre sida er store delar av utreiinga utført av barnevernet, og på den måten kan barnevernet overføre sine diskursar til nemnda. På den måten kan det bli vanskeleg for nemnda å motstå dei bevisa som barnevernet fremjar. Begge retningane kan påverke nemnda si vurderinga av saka og føre til at dei støttar barnevernets tilrådingar. Denne tanken kan bli underbygd i Vis (2014) sine studiar, som viser at fylkesnemnda si slutning samsvarer med barnevernet sine tilrådingar i 90.3% av sakene.

Ein slik tanke understrekar kor viktig det er å gje barn og foreldre moglegheit til å presentere sine diskursar om si verkelegheit. Altså at dei får moglegheit til å fortelje sine erfaringar, opplevingar og meiningar vedrørande saka. Barnet og familien har truleg egne oppfatningar og erfaringar om sin eigen situasjon. Det kan føre til ein større balanse i maktforholda i ei omsorgsovertakingssak. Ved å la alle partane kome til ordet, skapast det ein situasjon der nemnda kan vurdere argumenta og diskursane opp mot kvarandre, og slik kome fram til eit vedtak som tar omsyn til alle relevante faktorar. Det kan føre til ei meir nyansert og heilskapleg vurdering, der fleire ulike perspektiv kan bidra til ei forståing av kva som vil vere til barnets beste. Dei føresette har allereie krav på advokat, og deira meining kjem til syne i vedtaket gjennom eit eige kapittel der dei fremjar deira meining og argumenterer for denne. Difor er det igjen barnet som står som den sårbare parten, som er avhengig av at dei vaksne aktørane tek omsyn til barnet si meining og fremjar denne. Igjen vil det her vere under nemnda si makt å fremje barna si stemme i vedtaka, samstundes som det ligg under deira makt i kva grad deira meining skal bli vektlagt.

Sjølv om fylkesnemnda er eit maktutøvande organ, er det nødvendig at dei står i ein slik posisjon. Om forhandlingsmøta berre skulle handle om at partane skal kome til einigheit, kan ein risikere å ta avgjerder som ikkje er til det beste for barnet. Oterholm (2003) meiner at det må vere moglegheiter til å utøve tvang, slik at det er moglegheiter til å setje inn drastiske tiltak der det er behov for det. Så sjølv om vi gir fylkesnemnda rettslege føringar, og eventuelt ein vegleiande momentliste for å vurdere barnet sitt beste, må nemnda uansett bruke sitt skjønn for å vurdere den enkelte saka. Det er difor kritisk at dei er reflekterte og forstår omfanget av rolla si, samstundes som dei har tilstrekkeleg med kunnskap slik Kvilhaug (2007) skriv om i sin artikkel.

#### 7.4.0 Er barnet si stemme det beste for barnet?

Avslutningsvis i del om diskusjon ynskjer eg avklare problemstillinga mi nærmare; *Korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er barnets beste i saker om omsorgsovertakingar?* For å kunne svare på dette, må ein ha eit heilskapleg blikk på resultatata og det dei viser. I analysen min har det vore fokus på to hovudaspekt; *barnet si stemme og vurderinga av barnets beste*. Grunnen til at desse to aspekta er analysert separert, er fordi ein må forstå og avklare kva aspekta betyr for å seinare kunne sjå dei i samspel med kvarandre. Barnet si stemme skal i utgangspunktet vere eit sentralt moment i vurderinga av barnets beste, slik blant anna barnekommisjonen hevdar (NOU 2020:14). Men visast det i praksis? Korleis det framstår av praksis skal eg forsøke å vise i dette kapittelet. For å tydeleg gjere det vil eg difor gjenta kort kva resultat eg har funne, og på den måten vise korleis barnet si stemme tar plass i vurderinga av barnets beste.

Som nemnt kjem ofte ikkje vurdering av barnet sitt beste til syne direkte i vedtaka. Ofte manglar det ei konkret vurdering av dette, der ein synleggjer kva moment ein har vekta i vurderinga. I få saker blir vurdering av barnets beste nytta som eit prinsipp i vurderinga, men heller som ein sluttkommentar eller for å viste til rettslege utgangspunkt. For å konkludere med kva barnets beste-vurderinga er i praksis, kan ein tolke det som eit overordna prinsipp slik også Bunkholm (2010) hevdar. Barnets beste vurderingar er på den måten noko dynamisk og ikkje absolutt, og ein kan difor seie at vurderinga er ein diskusjon der ein arbeider seg fram til ein konklusjon eller avgjerd.

Om ein tek utgangspunkt i at vurderinga av barets beste er ein løypande diskusjon, må ein difor sjå på korleis barnet si stemme kjem til syne gjennom diskusjonen. Som vist kjem barnet si stemme til syne i alle vedtaka, enten som eit eige avsnitt eller som enkle setningar i ulike delar av vedtaket. Det er stor variasjon i kva som vert dokumentert av barnet si stemme, men alle 14 vedtaka får fram barnet si meining på kvar den vil bu. Men innhaldet i det som vert dokumentert av barnet si stemme, fortel oss lite om kva rolle slike ytringar har hatt i vurderinga. Noko som er veldig tydeleg i dokumentasjonen av barnet si stemme, er at den ofte står for seg sjølv og difor har mindre plass i den diskusjonen som går føre seg. Det vil altså seie at barnet si stemme i lita grad blir brukt som middel for drøfting, der ein skal vurdere barnet si meining opp mot andre moment i saka. Dette er også den tanken Nordvik (2021) hadde i sin studie. At ved vurderinga si rekkefølge kjem vurderinga av barnet si stemme til slutt, og barnet sin medverknad er difor ikkje så sterk (Nordvik, 2021).

Likevel har eg forsøkt å sjå om vektlegginga av barnet si stemme kan fortelje oss noko om slike ytringar har hatt ein påverknad i vurderinga. I dei fleste saker fortel nemnda direkte eller indirekte at dei har lagt vekt på barnet si stemme, enten om dei har sagt det i diskusjonen eller som eit rettsleg utgangspunkt. Sjølv om nemnda fortel i vedtaket at dei har lagt vekt på barnet si stemme, kjem det ikkje fram kvifor eller korleis dei har gjort det. Altså, om dei har vurdert og vektlagt barnet si stemme opp mot andre moment, eller om barnet si stemme er så sterk i seg sjølv at den trumfar som moment i vurderinga. Berre i dei sakene der nemnda ikkje har lagt vekt på barnet si stemme, har dei grunngeva for kvifor. Her har dei trekt inn andre moment som trumfar i vurderinga, og fortalt kvifor dei ikkje kan leggje vekt på barnet si stemme. Nemndas utsegn om å vekte barnet si stemme blir som oftast presentert som enkeltutsegn, for å presisere at dei har gjort det, men utan å prøve det opp mot vurderingsgrunnlaga i saka. Når Brottveit (2013) forska på barn og vurderinga av barnets beste, kom det fram frå informantane at dei vaksne vurderer situasjonen ut i frå deira eigen oppfatning. Dei nyttar altså eit perspektiv på barn, utan å i tilstrekkeleg grad inkludere barnets eige perspektiv. At dei vaksne tek avgjerder utan at barnets stemme i tilstrekkeleg grad blir fremja kjem også fram i studien til Siem (2007), Magnussen og Skivenes (2015), Paulsen (2016), Gerds-Andersen og Hansen (2020), og Halse mfl. (2021).

Men om ikkje barnet si stemme har ei stor rolle i vurderinga av barnets beste i omsorgsovertakingar, kva moment er det som blir vektlagt? For å svare på det må ein tenkje over kva ei omsorgsovertaking eigentleg handlar om. Som juridisk handlar ei omsorgsovertaking om foreldre er i stand til å ivareta omsorga for barnet, etter barnevernloven § 4-12, som trekkjer fram fire vilkår som seier noko om foreldre si omsorgsevne, og som må vurderast. Om nokre av desse vilkåra er oppfylte vil det vere større sannsyn for ei omsorgsovertaking. Etter lovverket handlar det difor om foreldre si omsorgsevne og barnet sitt omsorgsbehov, og desse momenta må i ei barnets beste vurdering prøvast og vurderast opp mot kvarandre. Om ein ser tilbake på mitt resultat om kva nøkkelord som blir diskutert i vurderinga av barnets beste, handlar dei fleste nøkkelorda også om desse to momenta. Altså nøkkelord som; *vilkår oppfylt/ikkje oppfylt, omsorg og sikkerheit*. Desse tre nøkkelorda fortel oss noko om foreldre er i stand til å møte barna på deira omsorgsbehov, som til dømes deira emosjonelle eller fysiske omsorgsbehov, eller barna sine behov for tryggleik og sikkerheit. Samstundes fortel nøkkelorda noko om vilkåra etter barnevernloven § 4-12 er oppfylte, som igjen kan fortelje oss noko om foreldra sin omsorgskompetanse.

Om ein primært nyttar eit slikt resultat for å seie noko om barnet si rolle i vurderinga av barnets beste, handlar det lite om kva barnet har sagt men heller dei profesjonelle si meining om kva barnet har behov for og ei vurdering av foreldre opp mot dette behovet. Det kan ein trekkje tilbake til at profesjonelle primært nyttar eit barneperspektiv i sine vurderingar, som også er resultatet i studiane til blant anna Stang (2007), Brottveit (2013) og Halse mfl. (2021). Ein kan også supplere med Tillers (2000) sine påstandar, om at sjølv om dei vaksne prøvar å nytte barnet sitt perspektiv vil perspektivet likevel bli farga av den vaksne si tolkingar av barnet. Så satt på spissen handlar ei barnets beste vurdering i saker om omsorgsovertaking om ei vurdering av foreldre sin omsorgskompetanse og barnet sitt omsorgsbehov. Det er i berre to av vedtaka vist til at barnet si meining er vurdert til å vere til barnet sitt beste.

At foreldre si omsorgsevne og barnet sitt omsorgsbehov er dei momenta som kjem tydelegast til syne i saker om omsorgsovertaking, er nok ikkje eit overraskande resultat. Dette fordi ein i slike saker må vurdere om bustaden til barnet er god nok, eller om omsorgssituasjonen ikkje er tilstrekkeleg for å vareta barnet. Så kvifor har det noko å seie at barnet si stemme skal kome til syne i slike saker? Å lytte til barna betyr ikkje at ein overfører ansvaret for eigen lagnad til barna. Det betyr heller ikkje at ein skal ta avgjerder primært på barnet sine ynskjer, der barnet si meining er avgjerande for val av tiltak. Målet med å inkludere barnet si stemme må vere at sakshandsamar får betre føresetnader til å ta avgjersler som er til det beste for barna. Stang (2007) hevdar at ein ikkje kan ha eit fullstendig barneperspektiv utan å inkludere barnet sitt eige perspektiv. Om der er slik, er det absolutt naudsynt å inkludere barnet si stemme slik at dei som skal ta avgjersler har ei fullstendig forståing av situasjonen.

Samstundes kan ei auke av inkludering av barnet sine meiningar i vedtaket, auke barnet si oppleving av medverknad i prosessen. I følgje undersøkinga til Seim (2007) veit barna lite om deira rettigheter, korleis slutningar blir tatt og korleis. Når barna ikkje ein gong har kjennskap til sine retter, blir barnet då påverka av kva som er dokumenter i vedtaka? Sandberg (2010) hevdar at for at barnet skal føle på ein medverknad i saka, må ein fremje og tydeleggjere stemma deira i vurderinga og avgjersla. Det handlar på ei side om barnas rettssikkerheit, der ein varetar deira rettar om å bli høyrd og samstundes nyttar deira meining for å skape eit fullstendig barneperspektiv. På andre sida handlar det om barna si oppleving av posisjon i eiga sak. Barnevernet og fylkesnemnda er instansar som arbeider for å vareta barnet. Eg meiner at å inkludere barnet sine meiningar, gje barnet tilstrekkeleg med informasjon og la barnet reflektere rundt eigen situasjon er moment som er med på å vareta barnet.

Når ein då skal gje ein konklusjon i forhold til problemstillinga, er mi vurdering at det at barnet sine utsegn ikkje har ei stor rolle når det kjem til å vurdere kva som er det beste for barnet. I mange av sakene er det ein god del som er presentert av barna sine utsegner, og i majoriteten fortel nemnda at dei legg vekt på desse utsegna. Men det fortel oss ikkje noko om barnet si stemme er vurdert som eit moment på lik linje som andre moment i vurderinga.

Ein må også ha i minnet at det som har skjedd i samtalen med barnet er eg uvita om. Ein kan argumentere om det alltid er for barnet sitt beste å tale si sak. Ruud (2021) legg fram at nokre barn har behov for å tale si sak, mens andre treng respekt for at dei ikkje ynskjer å tale. Vår rolle som vaksne blir difor å finne ut kva barnet treng i slike situasjonar. På andre sida kan ein nytte Haugli (2020) sine argument. Er det betre for barnet å sjå på at dei vaksne tek avgjerder på vegne av dei, og la barna leve av konsekvensane av dei avgjerdene som andre tar? Det er eit komplekst og vanskeleg spørsmål, fordi ein må i ei kvar enkelt sak vurdere situasjonen og på den måten også gjere ei vurdering på balansen mellom barnet si deltaking og vern om barnet. Men det lagar likevel ikkje ein unnskyldning for at ein ikkje skal inkludere barnet si stemme i vurderinga, i dei sakene der barnet faktisk har ytra sine ynskjer og meiningar.

Eg vil seie meg eining i Nordvik (2021) sin tanke om at vurderinga av saka allereie er gjennomført når ein skal løfte fram barnet si stemme. Når ein allereie har skapt ein konklusjon om kva som er til det beste for barnet, kan det svekke barnet sin rett til medverknad. Dette fordi barnet si stemme i slike tilfelle eigentleg ikkje vil ha noko betydning. Etter mi meining har ikkje vedtaka god nok kvalitet i korleis barnet si stemme blir brukt i nemnda sine drøftingar. For som nemnt er det denne diskusjonen som fører til ei vurdering av barnets beste.

## Kapittel 8: Avslutning

I denne oppgåva har eg forsøkt å undersøke korleis fylkesnemnda vektlegg barnet si stemme i deira vurdering av barnets beste. Det har blitt heva nasjonal og internasjonal kritikk mot korleis ein skal gjennomføre ei barnets beste-vurdering, og mykje er retta mot at prinsippet i for stor grad er lite spesifisert (Schiratzki, 2003; Bunkholm, 2010). Med ein lite spesifisert metode for å vurdere barnets beste, må profesjonelle yte mykje skjønn i vurderingane. Dette kan igjen føre til store ulikskapar i korleis ein vurderer. Å opprette ei momentliste for å spesifisere kva som ligg i ei barnets beste-vurdering har blitt tatt opp til diskusjon, seinast i NOU 2023:7. Det er sparsamt med informasjon om korleis ei barnets beste-vurdering blir gjennomført, korleis slutningstakarar nyttar prinsippet og kva som blir vektlagt i ei slik vurdering. Det kan skuldast at det tidlegare har vore lite forskning på kva ei slik vurdering inneber, og enda mindre kvar barnet si stemme kjem inn i ei slik vurdering. Dette er nokre av momenta som fanga mi interesse for området, og kvifor eg har sett det som samfunnsnyttig å løfte fleire spørsmål knytt til barnet si deltaking i ei vurdering av barnets beste.

Som forskingsmateriale har eg nytta fylkesnemnda sine vedtak om omsorgsovertakingar, der eg henta ut 14 vedtak med barn i alderen 12-14 år. Dei 14 vedtaka hadde ulike utfall, der sju vart teke til følge og sju vart ikkje teke til følge. Vedtaka var ikkje meint til å samanliknast med kvarandre, men barnets rett til å bli høyrd skal vere absolutt, og utfallet i vedtaket skal difor ikkje ha noko å seie. Det er eit lite utval for ei stor problemstilling, men vedtaka har likevel synleggjort nokre viktige punkt som kan diskuteras.

Gjennom ei grundig analyse har eg satt mitt hovudfokus på områda barnet si stemme og vurderinga av barnet sitt beste. Desse to områda har vore avgjerande å analysere for å svare på mi problemstilling. Det som kjem fram av resultat er at ei vurdering av barnets beste ikkje er noko absolutt, men synast meir til å vere ei løypande diskusjon der nemnda trekk fram ulike moment til vurdering. Barnets beste er eit overordna prinsipp, ei ledestjerne, og kva som ligg i omgrepet har eg forsøkt å avklare. Sidan barnets beste ikkje er eit definert omgrep har nemnda mykje makt og skjønn til å definere det sjølv. Men gjennom både mine resultat og eit fokus på lovgjevningar, viser det seg at foreldre si omsorgskompetanse opp mot barnets omsorgsbehov er dei momenta som står i hovudfokus.

For å seie noko om barnet si stemme har påverknad i ei vurdering av barnets beste, må ein difor sjå på kvar barnets stemme kjem til syne. Barnet si stemme kjem til syne i alle vedtaka. Det som er interessant å merke seg er at i dei sakene der barnet har snakka med talsperson, føreligg det mindre dokumentasjon av barnet si stemme enn om dei snakka med nemndleiar eller andre sakkunnige. Men uavhengig av kven dei har hatt samtale med, framkjem barnet si stemme i lita grad som ein del av diskusjonen. Deira meiningar står ofte for seg sjølve, enten som eit avsnitt eller som enkle setningar i ulike delar av vedtaket. Dei blir lite inkorporert i den diskusjonen som skjer, og blir i lita grad vekta opp mot andre moment. Fylkesnemnda har i dei fleste høva vektlagt barnet si stemme, men berre i dei vedtaka der nemnda ikkje følgjer barnets uttalte ynskjer grunngjev nemnda for kvifor dei ikkje følgjer barnet si stemme.

Så til spørsmålet; *korleis blir barnet si stemme vekta i fylkesnemnda sine vurderingar om kva som er det beste for barnet i saker om omsorgsovertaking?* Om ein ser på korleis barnet si stemme bli vekta, skjer det gjennom at nemnda direkte eller indirekte fortel at dei vektar den. Enten ved å uttale det direkte, eller ved å vise til rettslege utgangspunkt. Det som er manglande ved vektinga i samtlege av sakene, er ei forklaring på kvifor den blir vekta der ein også får ei framstilling av barnet sine utsegn opp mot andre moment. Om ein ser på delen om vurderinga av barnet sitt beste, er det i berre to vedtak framheva at barnet sine utsegn er til det beste for barnet. Så blir barnet si stemme direkte inkludert i vurderinga av barnets beste? Nei i svært lita grad. Det skuldast også at barnets beste-vurderinga ikkje er noko direkte. Men bli då barnet si stemme indirekte inkludert i vurderinga av baretts beste? Sidan vi kan avklare at vurderinga av barnet sitt beste er ein diskusjon, viser resultata at barnet si stemme i lita grad er inkludert. Dette fordi barnet si stemme i lita grad blir nytta som argument i diskusjonen som skjer, og barnet si stemme er difor eit moment som står litt for seg sjølv.

Som ei sideinnvending har eg forsøkt å undersøkje om skildringane av barnet har påverka barnet si stemme i vedtaka. Det er ingen samanheng om barnet er skildra som moden, umoden eller sårbar og nemnda si vektlegging og synleggjering av barnet si stemme. Er det difor mogleg å seie at barnet si stemme ikkje blir vektlagt etter mognad, men etter om barnet si stemme er rimeleg å følge? Barn har ein rett til medverknad, og ei slik rettigheit skal vere absolutt. Men, er dette berre retorikk? Om vi ikkje gjev barna moglegheit til medverknad, skal vi ha slike rettigheiter nedskrivne berre fordi det ser bra ut? Spørsmåla er satt litt på spissen, men det er viktig at vi er reflekterte og kritiske til om systemet er godt nok til å vareta slike rettigheiter.



Når vurderinga av barnet sitt beste primært visast å vere ei vurdering av foreldre sin omsorgskompetanse opp mot barnet sitt omsorgsbehov, vil barnet si meining eigentleg ha nokon betydning? Og har det då noko å seie at vi dokumenterer kva som er barnet sine ynskjer? Eit problem med at barnet si stemme ikkje blir vurdert på lik linje med andre moment, er at sakshandsamarane kan lage seg ei oppfatning av kva som er riktig avgjersle å ta primært på eit perspektiv på barn. Når ein då skal vurdere barnet si stemme i saka, vil vurderinga handle om barnet si stemme avviker eller samsvarar med den avgjersla ein allereie har tatt. Om ein då fortel at ein har vektlagt barnet si stemme, kan det difor bety at barnet si stemme samsvarar med den avgjersla ein ynskjer å fatte og hevdar at ein vektlegg barnet si stemme for å fremje eit punkt.

Barnets rett til å bli høyrd er absolutt, og ein kan ikkje gå utom den slik som dei forsøkte i HR-2019-2301-A. Å lytte til barna betyr ikkje at ein overfører ansvaret til barna, men å inkludere barnet si stemme kan føre til betre føresetnadar til å ta avgjersler som er til det beste for barna. Samstundes skal ikkje sakshandsamar inkludere formuleringar i vedtaket om barnet si stemme for å stette lovkravet. Barnet si stemme skal vere ein viktig del av prosessen mot ein konklusjon i saka, og det er dette som skal kome fram i vedtaka. Ein må sjølv sagt finne ein balanse mellom deltaking og vern. Likevel må vi eigne å sjå på barnet som i stand til å tale og reflektere rundt eiga sak, i staden for å nytte eit paternalistisk perspektiv der vi skal verne barna mot dei «grufulle» vaksne. Men kven sitt ansvar er det å inkludere barnet sine meiningar? Det er dei vaksne sitt ansvar, og i denne oppgåva særleg fylkesnemnda sitt ansvar å vise til korleis dei har inkludert barnet sine meiningar i deira vurdering av barnet sitt beste. Fylkesnemnda har ei makt til å gjere det, samstundes som dei har ei makt til å definere kva ei barnets beste vurdering skal inkludere.

Som ein samanfatta konklusjon i denne oppgåva, visast det av analysen at fylkesnemnda treng ei betre kvalitetssikring av korleis ein nyttar barnet si stemme som ein del av vurderingsgrunnlaget i ei barnets beste-vurdering. Vi har ein veg å gå for å realisere barnet sin rett til medverknad, og NOU 2023:7 framhevar at vi har mykje å ta tak i for å operasjonalisere ei slik rettighet. Vi har behov for meir rettsvitenskapleg forskning, som kan setje søkelys på lovverket og korleis det blir nytta. Både når det kjem til kva barn sin medverknad eigentleg skal bety, og praktiseringa av ei barnets beste-vurdering.

Eg trur likevel at vi er i starten av ei riktig retning. I den perioden eg skriv masteroppgåve er det mykje endringar på agendaen. Vi har fram mot 2023 hatt eit høgare fokus mot barn og familie sin rettssikkerheit, og blitt meir medvitne om barnet sin rett til å tale i si sak. I den nye barnevernsloven er også barnet si stemme blitt tydeleggjort som eit viktig moment i barnets beste vurderingar, jf. barnevernsloven 2021 § 1-3. Samanlikna med fleire av studiane eg har nytta for å underbygge mine diskusjonar, verkar det til at vi allereie er på veg mot ei positiv endring. I Stang (2007) si studie er det i berre 4 av 30 saker dokumentert barnet sitt behov, og i studien til Magnussen og Skivenes (2015) kjem barnet si meining fram i berre 3 av 10 tilfelle. I dei vedtaka eg har nytta, har barnet si stemme i ulik grad kome til syne. Barnet sitt behov og egne meiningar er på agendaen, sjølv om dei ikkje blir nytta i diskusjonen i like stor grad. Eg har positive forventingar til vårt framtidige barnevern, og til dei andre instansane som skal ta hand om barn og familiar. Eg trur vi er på riktig veg med det fokuset vi har no, og at vi i framtida vil sjå ei positiv utvikling av barnet sin posisjon i egne saker.

Eg håpar at denne oppgåva har løfta fram viktigheita av å dokumentere barnet si stemme, og setje søkelyset på korleis ein nyttar den i vurderinga. Dei vedtaka er har nytta er utforma av fylkesnemnda, og vedtaka skal bli lest og forstått av mange partar. Ein må ikkje gløyme dei private partane som saka faktisk handlar om. Det er deira sak, og korleis nemnda har dokumentert møta er truleg viktig for dei involverte partane. Det handlar litt om å kjenne seg igjen, men også få det godt forklart kvifor ein har eller ikkje har vedtatt eit slikt vedtak. Omsorgsovertaking er eit av dei tyngste vedtaka ein kan fatte for ein familie, og at nemnda nyttar si evne og makt til å dokumentere saka godt tenkjer eg er eit minimumskrav. Særleg må ein ikkje gløyme barnet i saka.

## **Avgrensingar og behov for vidare forskning:**

Innhaldet i masteroppgåva mi er svært avgrensa, og ein må ha i betraktning at det kan vere andre moment som er med på å påverke vurderingar av barnet sitt beste og høyring av barn. Fylkesnemnda har i Prop. 133 L (2020-2021) heva ynskje om å utreie om ordninga om å høyre barn er gode nok, og i samråd med det ynskje om å samanlikne internasjonale ordningar. I mi oppgåve har eg avgrensa til å fokusere på nasjonal forskning og kunnskap, men det hadde vore interessant å samanlikne mine funn med ordningar i andre land som har liknande ordningar for å fatte vedtak om omsorgsovertakingar.

Det synast å vere eit behov for meir kunnskap om grunngjevinga for dei inngripande vedtaka om omsorgsovertaking som nemndene fastset. Å gå i djupna for å undersøke kva som ligg til grunn for vurderingane av barnets beste, og kva som vert vektlagt når dei skal fatte vedtak hadde vore interessant å vite meir om. Eg har i korte trekk nemnt at det er fleire faktorar som spelar inn ved vurderinga av barnets beste, og i kva grad desse momenta spelar inn hadde vore interessant å forske vidare på. For å kunne gjennomføre dette krev det nok ein grundig og massiv kvantitativ analyse, som tek føre seg eit mangfald av vedtak innan omsorgsovertakingar.

Dette temaet er blant anna noko som framover skal bli forska på ved Universitetet i Bergen, på det juridiske fakultet. Dei skal opprette ein database der dei hentar inn vedtak frå inngripande barnevernssaker frå dei siste 25 åra. Forskningsprosjektet blir leia av Camilla Bernt, og dei skal arbeide for å få meir systematisk kunnskap om kva som ligg bak grunngjevingar for omsorgsovertakingar. Blant anna skal dei sjå på i kva grad grunngjevingane skuldast vald, psykiske lidingar, rusmiddelavhengigheit eller andre forhold, og om det her har vore endringar over tid. Samstundes vil dei undersøkje om det har blitt prøvd ut hjelpetiltak over tid i familien, kor lenge familien har vore kjend med barnevernet og i kva grad barns rettigheter blir sikra. (Andersland, 2022, s.187). Det kan vere interessant å sjå om prosessane og synet på barn har utvikla seg, og med mitt interesseområde knytt til barnets beste-vurderingar og barnet si stemme håpar eg dette er element som vert løfta fram i forskningsprosjektet.

Samstundes hadde det vore interessant å sjå på andre instansar si påverknadskraft i fylkesnemnda. I saker om omsorgsovertaking er det mange involverte partar som til dømes foreldre, barnevern, skulen, barnehagen, BUP, PPT eller andre relasjonar barnet har. Dei ulike partane vil truleg ha si oppfatning av saka, og vil i forhandlingsmøta fremje deira meining. Det hadde vore interessant å sjå på andre partars posisjon i forhandlingsmøta, og korleis nemnda vektar meiningane til dei ulike partane i deira vurdering.

## Litteraturliste:

Andersland, G.K. (2022). *Barneverns- og helsenemnda. En lærebok*. Bergen: Fagbokforlaget.

Backe-Hansen, E. (1995). *Til barnets beste – Beslutninger og beslutningsprosesser i barnevernet*. TANO.

Barne- og familiedepartementet (2016). Retningslinjer om hjelpetiltak, jf. barnevernloven § 4-4. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-om-hjelpetiltak-jf.-barnevernloven--4-4/id2482116/> [Henta: 17.04.2023]

Barnelova. (1981). Lov om barn og foreldre (LOV-1981-04-08-7). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Barnevernloven. (1992). Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1992-07-17-100>

Barnevernloven. (2021). Lov om barnevern (LOV-2021-06.18.97). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97>

Bjørge, E. (2009). Michel Foucaults bidrag til forståelsen av «makt». *Jussens venner*. 44(5). 302-314. [https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3126-2009-05-03open\\_in\\_new](https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3126-2009-05-03open_in_new)

Brottveit, G. (2013). Barnets beste – en fortolkende tilnærming til begrepets betydning i en barnevernfaglig kontekst. *Fontene Forskning*, 1(13). s. 18-31. Tilgjengeleg frå: <https://fonteneforskning.no/pdf-15.19405.0.3.6fbfd13461> [Henta: 07.03.2023]

Bunkholdt, V. (2010). Statens helsetilsyn: Et kritisk blikk – til «barnets beste». *Norges barnevern*. 87(2). 110-124. <https://doi.org/10.18261/ISSN1891-1838-2010-02-05> [Henta 11.04.2023]

Engelstad, F. og Thorsen, D.E. (2022). Makt. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/makt> [Henta 10.04.2023]

European Convention on Human Rights Act. number 15 of 2021. Convention of the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms. Council of Europe: [https://www.echr.coe.int/documents/convention\\_eng.pdf](https://www.echr.coe.int/documents/convention_eng.pdf) [Henta: 10.04.2023]

Forandringsfabrikken (2021). *Det handler om oss*. Forandringsfabrikken Kunnskapscenter. [https://forandringsfabrikken.no/wp-content/uploads/2023/01/Det-handler-om-oss\\_web.pdf](https://forandringsfabrikken.no/wp-content/uploads/2023/01/Det-handler-om-oss_web.pdf)

Forente nasjoner. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter: Vedtatt av De Forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8. januar 1991* (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokollar). Barne- og familiedepartementet. [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)

Forskrift om barnets talsperson i barneverns- og helsenemnda (2013). Forskrift om barnets talsperson i saker som skal behandles i barneverns- og helsenemnda, hefte 3. (FOR-2013-02-18-203). Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-02-18-203>

Forskrift om medvirkning og tillitsperson (2014). Forskrift om medvirkning og tillitsperson, hefte 7. (FOR-2014-06-01-097). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-06-01-697>

Gaarde, M.B. og Langleite. M. (2022). Ledelse og kravet om forsvarlige beslutninger til barnets beste. *Norges barnevern*, 99(4). s. 202-219. Tilgjengeleg frå: <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/tnb.99.4.4> [Henta 07.03.2023]

Gerds-Andersen, T. og Hansen, H.A. (2020). Barnets rett til å bli hørt. En analyse av hvordan barnets uttalelser blir vektet av fylkesnemnda når det skal fattes vedtak om omsorgsovertakelse. *Norges Barnevern*, 97(4), 250-265. Tilgjengeleg frå: <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN.1891-1838-2020-04-03> [Henta: 18.11.2022]

Grunnlova (1814). Kongeriket Noregs grunnlov. (LOV-1814-05-17). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>

Halsa, A. (2020). Familieverdier i spill: Ungdoms erfaringer med barneverntjenesten når mor eller far har rusproblemer eller alvorlig psykiske helseproblemer. I H. Nordby og A. Halså (red), *Verdier i barnevern* (Kap. 8, s. 153-172). Oslo: Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.103.ch8>

Halse, B., Olson, B.H., Høiseth, J.R. og Kildal C. (2021). Profesjonelles barnesyn – en utfordring for barnets medvirkning? *Fontene forskning*, 14(1). s. 4-17. Tilgjengeleg frå: <https://fontene.no/forskning/profesjonelles-barnesyn--en-utfordring-for-barnets-medvirkning-6.584.876467.0982dbb42e> [Henta: 07.03.2023]

Haugli, T. (2021). § 104. Grunnloven: Historisk kommentarutgave. s.1167-1177. DOI: <https://doi.org/10.18261/9788215054179-2021-129>

Haugli, T. (2020). Kommentar til Høyesteretts kjennelse om hensynet til barnets beste og barns rett til å bli hørt. Juridika. Tilgjengeleg frå: <https://juridika.no/innsikt/kommentar-til-h%C3%B8yesteretts-kjennelse-om-hensynet-til-barnets-beste-og-barns-rett-til-%C3%A5-bli-h%C3%B8rt> [Henta: 10.04.2023]

Jenssen, D., Kjørstad, M., Seim, S. og Tufte, P.A. (2020). *Vitenskapsteori for sosial- og helsefag*. Oslo: Gyldendal.

Kjørholdt, A.T. (2010). *Barn som samfunnsborgere – til barnets beste?*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kvilhaug, S. (2007). Hensynet til barnets beste i barnevernssaker i lys av forskningsbasert kunnskap. *Kritisk Juss* 33(03). s. 111-132. Tilgjengeleg frå: [http://www.barnasrett.no/sverre\\_kvilhaug/hensynet\\_til\\_barnets\\_beste.pdf](http://www.barnasrett.no/sverre_kvilhaug/hensynet_til_barnets_beste.pdf) [Henta: 07.03.2023]

Larsen, A.K. (2017). *En enklere metode: veiledning i samfunnsvitenskaplig forskningsmetode*. 2.utg. Bergen: Fagbokforlaget.

Lassen, R. Karnov lovkommentar: Barnevernloven 1992 - bvl 1992, note 2-8 til § 4-12, [Lovdata.no](http://lovdata.no) [Henta 29.03.2023]

Magnussen, A-M. og Skivenes, M (2015). The Child's Opinion and Position in Care Order Proceedings. An Analysis of Judicial Discretion in the County Boards' Decision-Making. *International Journal of Children's Rights*, 23(4), s. 705-723. Tilgjengeleg frå: [https://brill.com/view/journals/chil/23/4/article-p705\\_3.xml?ebody=citedby-63170](https://brill.com/view/journals/chil/23/4/article-p705_3.xml?ebody=citedby-63170) [Henta: 09.03.2023]

Martnes, M. (2021). *Barnets beste. Rettighetens innhold i saker om opphold på humanitært grunnlag og utvisning*. Bergen: Universitetsforlaget.

Nordvik, M.L. (2021). *Barnets rett til medbestemmelse ved omsorgsovertakelse: rettighetens betydning i et komplekst landskap av rettslige normer*. [Doktorgradsavhandling, Umeå universitet]. Digitala Vitenskapliga Arkivet. <https://www.diva-portal.org/smash/record.jsf?pid=diva2%3A1604410&dswid=-785>

NOU 2000:12 (2000). Barnevernet i Norge – Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer. *Barne- og familiedepartementet*.

NOU 2012:5 (2012). Bedre beskyttelse av barns utvikling – Ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet. *Barne- og familiedepartementet*.

NOU 2020:14 (2020). Ny barnelov – Til barnets beste. *Barne- og familiedepartementet*.

NOU 2023:7 (2023). Trygg barndom, sikker fremtid – Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet. *Barne- og familiedepartementet*.

Oterholm, I. (2003). Deltakelse og beslutninger i barnevernet. *Nordisk sosialt arbeid*. 23(4). 217-223. <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/ISSN1504-3037-2003-04-04>

Paulsen, V. (2016). Ungdommers erfaringer med medvirkning i barnevernet. *Fontene forskning*, 2016/9(1). s. 4-15. Tilgjengeleg frå: <https://fonteneforskning.no/pdf-15.44730.0.3.addb44a4fe> [Henta: 07.03.2023]

Prop. 133 L (2020-2021). Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven. *Det kongelige barne- og familiedepartementet*.

Ruud, A.K. (2021) *Hvorfor spurte ingen meg? Kommunikasjon med barn og ungdom i utfordrende livssituasjoner*. 2.utg. Oslo: Gyldendal

Sandberg, K. (2016) *Barnets beste i skolen*. I: Andenæs, K. og Møller, J. (red.) *Retten i skolen*. Universitetsforlaget: Oslo.

Schiratzki, J. (2003). Barnkonventionen och barnets bästa: globalisering med reservation. I Sandin, B og Halldén G. (red.). *Barnets bästa: en antologi om barndomens innebörder och välfärdens organisering* (s. 25-52). Eslöv: Symposion Brutus Östlings bokförlag.

Seim, S. (2007). Brukermedvirkning – et fremmedord for barn og ungdom i barnevernet. I Seim, S. og Slettebø, T. (Red). *Brukermedvirkning i barnevernet* (Kap. 4, s. 68-88). Oslo: Universitetsforlaget.

Skilbrei, M.L. (2019). *Kvalitative metoder. Planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon*. Bergen: Fagbokforlaget.

Stang, E.G. (2007). Barns rett til deltakelse i barnevernssaker. *Kritisk juss*. 33 (1-2). 36-56. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN2387-4546-2007-01-02-05>

Stang, E.G. Karnov lovkommentar: Barnevernloven 1992 - bvl 1992, note 1 til § 6-3, [Lovdata.no](https://lovdata.no) [Henta 11.04.2023]

Statens Helsetilsyn (2019). *Det å reise vasker øynene: Gjennomgang av 106 barnevernssaker*. Tilgjengeleg frå: [https://www.helsetilsynet.no/globalassets/opplastinger/publikasjoner/rapporter2019/helsetilsynet\\_rapport\\_unummerert\\_gjennomgang\\_106\\_barnevernssaker.pdf](https://www.helsetilsynet.no/globalassets/opplastinger/publikasjoner/rapporter2019/helsetilsynet_rapport_unummerert_gjennomgang_106_barnevernssaker.pdf) [Henta: 09.03.2023]

Strandbu, A. (2011). *Barns deltakelse. Hverdagslige og vanskelige beslutninger*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stub, M. (2021). Karnov lovkommentar: Forvaltningsloven - fvl 1967, note 1-14 til § 2 bokstav a.-c., [Lovdata.no](https://lovdata.no) (hentet 17. april 2023).

Studsrød, I., Hovland, W. og Bie, T. (2017). Den gode vilje er ikke nok: Fylkesnemndas høring av barn. I Studsrød, I. og Tuastad, S. (Red.), *Barneomsorg på norsk. I samspill og spenning mellom hjem og stat* (Kap. 4, s. 62-79). Oslo: Universitetsforlaget.

Søvig, K. H. (2009). Barnets rettigheter på barnets premisser – utfordringer i møtet mellom FNs barnekonvensjon og norsk rett. Barne- og likestillingsdepartementet. Tilgjengeleg frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnets-rettigheter/utredning\\_sovig\\_end\\_versj.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnets-rettigheter/utredning_sovig_end_versj.pdf) [Henta: 18.10.2022]

Tetzchner, S.V. (2018). *Utviklingspsykologi*. 2.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. 4. utg. Fagbokforlaget.

Thrana, H.M. (2008). *Vil jeg bestemme? Om barn og ungdoms medvirkning*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Utdanningsdirektoratet. (2017) *Barnekonvensjonen i saksbehandlingen. Støtte til fylkesmennene og Utdanningsdirektoratet – høring av barn og barns beste-vurderingen*. <https://www.udir.no/globalassets/filer/regelverk/rundskriv/veiledning-til-bruk-av-barnekonvensjonen.pdf> [Henta 06.02.2023]



Vis, S.A. (2014). *Factors that determine children's participation in child welfare decision making: From consultation to collaboration*. [Doktorgradsavhandling, The Arctic University of Norway]. Munin åpent vitnearkiv. <https://munin.uit.no/handle/10037/7042>

### **Brukte vedtak:**

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Oslo – vedtak – FNV-2021-208-FOA.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Troms og Finnmark – vedtak – FNV-2020-215-FTF

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Moss – vedtak – FNV-2021-139-FOS.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Moss – vedtak – FNV-2021-138-FOS.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Vestland – vedtak – FNV-2020-165-FHS.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Oslo – vedtak – FNV-2021-101-FOA.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Troms og Finnmark – vedtak – FNV-2021-171-FTF.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Agder – vedtak – FNV-2022-26-FAG.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Oslo – vedtak – FNV-2021-207-FOA.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Møre og Romsdal – vedtak – FNV-2021-199-FMR.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Moss – vedtak – FNV-2021-287-FOS.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Oslo – vedtak – FNV-2021-299-FOA.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Moss – vedtak – FNV-2021-247-FOS.

Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Oslo og Viken, Oslo – vedtak – FNV-2021-126-FOA.

